



Universitetet  
i Stavanger

DET HUMANISTISKE FAKULTET

MASTEROPPGÅVE

Studieprogram: MHIMAS	Vårsemesteret, 2014 Åpen
Forfatter: Gunnar Dyrseth	..... (signatur forfatter)
Rettleiar: Jan Bjarne Bøe	
Tittel: Lagnaden til politiinspektør Hans Jakob Skaar Pedersen – Ei drøfting av historiebruk under kunnskapsløftet Engelsk tittel: The fate of policeinnspector Hans Jakob Skaar Pedersen- a discussion of the history of use under the norwegian Curriculum	
Emneord: Historiedidaktikk, historiemedvit, historiebruk, forteljing, Hans Jacob Skaar Pedersen, landssvik, rettsoppgjer	Sidetal: ..... + vedlegg/anna: ..... Stavanger, Ullandhaug 16.05/2014

## Forord

Å arbeide med ei masteroppgåve er som min rettleiar Jan Bjarne tidleg i studiet sa: ”å gå inn i dei mørkaste dalar og klatre dei høgaste fjell.” Det er det verkeleg.

Takk til Marie Smith Solbakken og Nils Rune Langeland som fekk meg på sporet av Skaar Pedersen-saka. Den største takk til min rettleiar Jan Bjarne Bøe, som den tålmodige sjela du er, takk for gode og naudsynte kommentarar og moralsk støtte.

Den eg likevel har mest å takka er Trude. Du er den akademiske og sjelelege klippa mi. Ei jente som alltid backar meg, og gir dei rette råda.

Ullandhaug, mai 2014

Gunnar Dyrseth

## Innhald

Forord.....	2
Innhald .....	3
Del 1: Innleiing .....	5
1.1 Presentasjon av oppgåva .....	5
1.2 Val av tema.....	6
1.3 Arbeidet med oppgåva.....	7
1.4 Problemformulering:.....	7
1.5 Disposisjon.....	8
1.6 Kvifor skal ein arbeide med historiebruk i handsamning av emne innføre den andre verdskrigen? .....	9
1.7 Sentrale omgrep for oppgåva.....	12
1.7.2 Forteljing .....	14
1.7.3 Historiefaget og kunnskapsløftet.....	15
1.8 Historiografi og landsvikoppgeret. ....	17
Del 2. Lagnaden til politifullmektig Hans Jakob Skaar Pedersen.....	21
2.1 Kva er Hans Jakob Skaar Pedersen saka? .....	22
2.2 Kva for samfunn skjer denne saka i? .....	29
2.2.1 Stavanger - Noregs München? .....	30
2.2.2 Stavanger under krigen – illegale radiosendarar, drap og sabotasjeaksjonar. 30	
2.2.3 Kva er statspolitiet? .....	32
2.3 Det juridiske grunnlaget i eit nasjonalt og internasjonalt perspektiv .....	36
Del 3: Ulike forteljingar om SP - Historiebruken.....	39
3.1 Erling Ueland (1976) – Eit forssvarskrift til inga nytte. ....	43
Hovudsyn. ....	48
3.2 Sven Egil Omdal (2003) – Ein av dei tre stavangermennene.....	49
Hovudsyn .....	54
3.3 Asbjørn Jaklin (2011) – Ein av dei 25 dødsdømde.....	54

Hovudsyn .....	62
3.4 Erik Veum (2012) – Den ansvarlige(?).....	63
Hovudsyn .....	68
Del 4. Historiedidaktisk drøfting. ....	69
4.1 Læreplanen, kva for mål og kvifor?.....	70
4.1.2 Grunnleggjande ferdigheiter .....	71
4.1.3 Kompetansemål.....	72
4.1.4 innhaldet i undervisning om Skaar Pedersen .....	73
4.2 Å lese historia om Skaar Pedersen. ....	74
4.3 Å skrive historia om Skaar Pedersen som forteljing.....	75
4.4 Forteljinga til bruk i undervisning.....	76
4.5 Teoretiske omgrep og korleis kan ein lese forteljinga om Skaar Pedersen? .....	77
4.5.1 Korleis kan ein lese Skaar Pedersen som forteljing? .....	81
4.6 Den alternative forteljinga.....	83
4.7 Kjedeforteljinga.....	84
4.8 Eit forslag til korleis kan ein arbeide med historiebruk i klasserommet .....	86
4.8.1 Å arbeide med Skaar Pedersen som prosjektarbeid og den alternative forteljinga.....	88
Konklusjon og vidare perspektiv. ....	90
Litteratur.....	93

## **Del 1: Innleiing.**

### **1.1 Presentasjon av oppgåva**

Eg skal i denne masteroppgåva sjå nærare på historia til og historiebruken om Hans Jacob Skaar Pedersen (1903-1946), politifullmektig i Statspolitiet i Stavanger (1943-45), som etter at den andre verdskrigen tok slutt vart arrestert, dømd og avretta for tortur og landssvik. Det teoretiske ramma for oppgåva er henta frå historiedidaktikk og er sentrert om omgrepa historiebruk og historiemedvit. Den normative ramma er gjeldande læreplan kunnskapsløftet for historie VG3 studieforbereidende utdanningsprogram<sup>1</sup>(heretter KL06). Saka om Skaar Pedersen er tidligare presentert i ulike historiske framstillingar. I denne masteroppgåva ønsker eg å drøfta korleis ein kan nytte denne saka, slik den er og slik den er framstilt, på ein konstruktiv måte i undervisning. Målsettinga er å vise korleis fortida er ein konstruksjon, framstilt i ei samtid, lest i ei notid. Oppgåva har tre problemfelt. 1. Gje ei framstilling av historia til Skaar Pedersen. 2. Skildre historiebruken i historiske framstillingar. 3. Skildre korleis ein praktisk kan arbeide med denne casen i undervisningssamanheng. For det er ein skilnad mellom å forstå kva det er som skapte den historiske personen Hans Jacob Skaar Pedersen og kvifor han vart dømd, og korleis han er fortolka og brukt i språklege samanhengar i dag. Eg vil i denne oppgåva vise til saka sine normative verdiar - korleis den er framstilt (historiebruk), og kan brukast som forteljing. Målet med er ikkje å gje ei juridisk reinvasking eller lage ei djup deskriptiv analyse. Ved å vise til historia og historiebruken i forteljinga(ne) om Skaar Pedersen ønsker eg å syne ulike måtar å forstå forteljingar om fortida som konstruksjonar. Ved å ta utgangspunkt den historiebruken som ligg til og i dei ulike framstillingane, vil ein kunne nytte denne historiske casen til å øve elevar i vidaregåande i å utøve ein metakunnskap om historiefaget.

---

<sup>1</sup> Utdanningsdirektoratet 2014: <http://www.udir.no/kl06/HIS1-02/Hele/>

## 1.2 Val av tema

”Snakk med besteforeldre om korleis dei opplevde krigen...”, stod det ein gong på ei lekse eg fekk på ungdomsskulen. Det kunne eg ikkje. To av mine besteforeldre er døde, to andre er fødd under og etter krigen og hugsar han ikkje. Det er difor ingen eg kunne freiste å spør om kva som hende under krigen. I mangel på intime fang, der eg kunne sitte å høyre om historier frå dei dramatiske åra, møtte eg den gjennom bøker og film. Interesse har vore vekslende. Frå å vere fasinert over det militære Tyskland som gutunge, til ein interesse over soldaten sin skjebne som vaksen. Som student trudde eg at eg var ferdig med krigen, men eg fann ei historie om ein skjebne frå krigen, ei historie som fanga meg. Historia om politiinspektør Hans Jacob Skaar Pedersen. Han vart dømd og skoten, for handlingar han tilsynelatande gjorde for å redde andre frå å dø. Det er noko med denne brutaliteten, at det er så lett å dømme andre. Eg byrja å grave.

Eg hadde aldri vore den einaste som hadde vore merksam på Skaar Pedersen saka. Sven Egil Omdal hadde i Stavanger Aftenblad ei framstilling i 2003. Ei historie framstilt i ei avis kunne eg leve med, og er til nytte for å få ein oversikt over saka då eg starta, men det kom to andre framstillingar av Skaar Pedersen personen på under eit år medan eg arbeidde med denne oppgåva. Den første *De dødsdømte* av Asbjørn Jaklin, hausten 2011. Den andre, *Nådeløyse Nordmenn: Statspolitiet* av Eirik Veum, hausten 2012. Kanskje burde eg ha forstått at krigen sel godt i bokform, særleg rett før jul. Det som eg då fann som interessant er korleis desse framstillingane, som i stor grad er bygd på dei same kjeldene, er med på å gje den same fortida forskjellig meining. Brått handla det som er eit spørsmål om kva som hendte i fortida ikkje lenger om kva som er sant eller ikkje, men om korleis ein skal forstå fortidige tilhøve.

Mangfaldet i krigshistoria er tufta på ei fleirstemt historieskriving, som mi sak er eit døme på. Det er eit sunnheitsteikn i den norske offentlegheita at det er rom for og nye og forskjellige historiske framstillingar og narrativ - forteljingar. Det held historia levande og verker førebyggjande på mytedanning, men tida går. Attende står narrativ som ein aleine eller som samfunn må lære seg å leve med. Same kor feil dei måtte ta eller kor (u)nyanserte framstillingar er i form og innhald, må ein navigere i eit tilvere kor fortida er løynd og røynd på same tid, i høve til det som ein gong skjedde. I den fleirstemte historia ligg det ei reel historiedidaktisk problemstilling, som går rett inn i det postmoderne historiefaget. Elevar treng ikkje berre kunnskap om kva som hendte i

fortida – faktakunnskap, dei treng óg å forstå korleis ny kunnskap kjem til, kva denne kunnskapen er bygd på og er nytta til i (ulike) historiske framstillingar. Elevane må kunne, ikkje berre å forstå, men og å kunne lese historie. Sett slik er det eit samanfall mellom det mitt mastergradsprosjekt utvikla seg til å vere og kjernen i det moderne historiefaget – utviklinga av eit *historiemedvit*.

### **1.3 Arbeidet med oppgåva.**

Arbeidet med denne oppgåva har vore ein noko lang prosess. Opphavleg var ikkje oppgåva tenkt som ei historiedidaktisk oppgåve i det heile, men ei historiebruksoppgåve retta mot familien og deira bruk av historia til Skaar Pedersen, eller ei mikrohistorisk forteljing. Deira forteljing skulle eg binde saman med arkiverte kjelder slik eg fann dei i Statsarkivet i Stavanger og Landssvikarkivet i Riksarkivet i Oslo. Det ville seg altså annleis.

Eg har gjennomført to intervju i samband med denne oppgåva. Intervjua er av etiske omsyn ikkje tatt inn i denne endelege oppgåva. Oppgåva er meldt og avmeldt til Norsk Samfunnsvitskapleg database (NSD), og alle intervju i samband med denne oppgåva er transkribert, arkivert i høve til deira krav. Innsamla data som er henta inn gjennomførde, er sletta ved innlevering av denne oppgåva.

I samband med denne oppgåva har eg fått innsyn, besøkt og tatt ut rettsdokument frå Landsvikarkivet i Riksarkivet i Oslo. Alle skriftlege kjelder er handsama i høve til Statsarkivet sine krav om kjeldesikring. Alle kopiar av dokument vedrørende landsvikarkivet Rogaland og Stavanger Politikammer dom 717 – Hans Jakob Skaar Pedersen er makulert ved innlevering av denne oppgåva.

### **1.4 Problemformulering:**

Temaet for oppgåva er overordna knytt til formidlinga av den andre verdskrigen i norsk vidaregåande skule. Det fins fleire døme frå krigen som kunne vore aktuelle å drøfta opp imot den andre verdskrigen, men her held eg meg til ei lokal sak frå Stavanger, som eg meiner får fram viktige perspektiv om historiefaget, både realhistorisk, men og om historieskriving og lesing og tolking av historie. Saka representerer eit tema i norsk historie som er vanskeleg. I oppgåva bygg eg opp ei historiebruksanalyse knytt til ein enkelt case knytt til rettsoppgjeret etter den andre verdskrigen. Fire framstillingar av Hans Jacob Skaar Pedersen underlagt ei litterær

analyse for å syne korleis ulike historiebruk kan gje ulike framstillingar av det same historiske objektet.

I denne oppgåva gjer eg reie for, analyserer og drøftar ei historie frå krigen og det norske rettsoppgjeret etter den andre verdskrigen, historia om Hans Jacob Skaar Pedersen. Eg ønsker å drøfte korleis ein kan nytte denne saka i eit undervisningsopplegg under den gjeldande norske læreplanen. Oppgåva har følgjande problemformulering;

*Korleis kan ein, med utgangspunkt i saka om politifullmektig Hans Jakob Skaar Pedersen, arbeide med historiebruk om den andre verdskrigen under kunnskapsløftet i den vidaregåande skulen, for å fremme historiemedvit?*

### **1.5 Disposisjon**

For å løyse problemstillinga er oppgåva delt inn i fire deler. I denne første delen presenterer eg oppgåva og det teoretiske utgangspunktet for oppgåva, ein historisk bakgrunn for Skaar Pedersen, og ei kort presentasjon av utvalde læreplanmål i kunnskapsløftet. Del to er ein kort biografi om Skaar Pedersen saka basert på tilgjengelege kjelder frå krigsåra, Riksadvokatens meddelelsesblad og Stavanger Aftenblad. Del to fungerer óg som bakgrunnsinformasjon til del tre, då eg definerer kva saka går ut på og gjer reie for dei rammene ein kan forstå personen Skaar Pedersen og saka utifrå, juridiske perspektiv, krigssamfunnet i Rogaland, miljøet i politiet. Del tre er ei historiebruksanalyse om dei fire framstillingane som er gitt av Skaar Pedersen. Del to og del tre er meint som hjelp og støtte til undervisninga, og kan lesast som ein fasit for læraren som ønsker eit undervisningsopplegg i historiebruk, som er fokuset for oppgåva sin fjerde del. Del fire er ei didaktisk drøfting om korleis ein teoretisk kan gjennomføre undervisning om og i historiebruk, med utgangspunkt i dei ulike framstillingane av Hans Jacob Skaar Pedersen. Med ei meir detaljert drøfting av kompetansemåla og eit forslag til korleis ein kan arbeide med denne casen i undervisningssamanheng, som etter tur, teoretisk historiebruk og forteljing. Til sist kjem ein konkluderande del basert på det eg har drøfta i denne oppgåva.



## 1.6 Kvifor skal ein arbeide med historiebruk i handsamning av emne innføre den andre verdskrigen?

”Vi befinner oss i en situasjon hvor historisk læring innebærer en større grad av bevissthet og refleksjon over hvordan den brukes – og har blitt brukt på forskjellige tidspunkter” - Claudia Linz og Trond Risto Nilsen (2011) i *Fortiden i nåtiden* - om det å lære om den andre verdskrigen i Noreg.

Det postmoderne historiefaget, som ein kan kalle historiefaget slik det kjem fram i gjeldande læreplanar (les KL06), står fram som eit fag som skal stimulere kvardagens historiebruk, og skal fungere som ein lærestad for produsentar av og brukarar av historiemedvit. Utgangspunktet for undervisning i historiebruk er at alle produserer og gjer seg nytte av historiemedvitet for å orientere seg i kvardagen. Denne postmoderne undervisninga skal fremme eit kunnskap om at elevane er historieskapte og er historieskapande – og ber med seg sin eigen historisitet. Det gjer elevane mellom anna gjennom at dei samanliknar sitt eige liv og sin tid med andre menneske i andre tider og samfunn, for å slik få perspektiv på sitt eige tilvere. Undervisninga bør difor vere lagt opp slik at historiefaget er ein stad der elevane óg kan reflektere om ulike kulturar og tradisjonar som har forma deira eigen tenke-, handle-, og veremåtar og der elevane får forstå andre ved å sette seg inn deira kultur og historie. Slik er ikkje skulefaget historie ikkje berre eit kunnskap og ferdigheitsfag, det er òg eit danningsfag.

Skulen har ei sær s viktig rolle i oppsedinga av menneske. Menneske som for å vere kritiske må ha innsikt i å ikkje kjenne til kva som hende i fortida. Dette målet finn ein uttalt i omgrepet *kritiske borgarar*, uttalt i KL06. Undervisninga i historie bør difor vere lagd opp slik, at det er rom for at elevane får tid til refleksjon over kva historie er nytta til; med kva for formål er nytta, og korleis historie er og kva potensial som ligg i ei historie, anten som livs-, familie- eller lokal- historie, eller som ledd i ein kamp om polititikk og identitet, eller som underhaldning. Viktige spørsmål kan då dreie seg om bruk og missbruk av historie, som to ytterpunkt på eit kontinuum. Faget bør bidra til at barn og unge vert meir innsiktsfulle, kreative, kritiske, ettertenksame og ansvarsfulle i sin eigen omgang med og bruk av historie.<sup>2</sup> Historiefaget er i dag ein stad der ein stimulerer til utviklinga av eit historiemedvit, der elevane (eller andre) lærer at dei óg er historie, ved at dei kan skape framstillingar, og er eit produkt av det

---

<sup>2</sup> Jensen 2002, s. 93

som hendte i fortida. Historiemedvit er slik ein naudsynt kompetanse borgarar bør ha i eit demokratisk samfunn, som krev forandring og omfortolkning for å kunne eksistere.

Skulefaget historie er eit gammalt fag, og har i seg tradisjonar om allmenndanning, men kva det er som er dannande har forandra seg. Tradisjonelt er faget nytta til å danne ei kollektiv erindring om ein felles identitet. På 1990-talet endrar dette biletet seg. Krav om ei meir moderne undervisning og samtidige migrasjon og globaliseringsprosesar skapar ein situasjon kor den tradisjonelle nasjonalkjensla ikkje held stand, der den einskilde har ei anna forståing av kven den er i høve til eit samfunn. Historiefaget då vert og sterkt influert av historie som vitenskapsfag. Kjeldekritikk og bruk av vitenskaplege metodar hadde prega faget. Innblikk i vitenskaplege metodar og kjeldekritikk skulle fremje kritiske tenking og sjølvstende. I røynda pressa det skulefaget lenger vekk i frå elevane sitt interessefelt.<sup>3</sup>

Eit viktig teoretisk angrepspunkt for denne oppgåva er kva for rolle krigen skal ha i eit postmoderne samfunn. Eit samfunn som er prega av ein mangfaldig og mangetydig minne og historiekultur. Det er ikkje sjølvstend at alle (elevar) har eit forhold til krigen, i den tydinga foreldra og besteforeldra deira held seg til omgrepet. Med utgangspunkt i Aleida Assmann (2011) sin definisjon av minneomgrepet drøftar Lenz og Nilsen (2011) i *Fortiden i nåtiden Nye veier i formidlingen av andre verdenskrigs historie*, skulen sin framtidige undervisning om den andre verdskrigen. Boka tener god som eit didaktisk-teoretisk utgangspunkt for denne oppgåva. Hovudpåstanden er at den andre verdskrigen er på veg ut or det kommunikative, og inn i det kulturelle minnet. Det kommunikative minnet er dei fortidige tilhøva som er kommunisert direkte frå dei som har førstehandskunnskap om eit emne, og kan berre eksistere i ein generasjon. Det kulturelle minnet er dei minna som er gjort større enn individuelle minne og som vert aktivt mediert og kommunisert i eit samfunn. Forfattarane av boka ønsker å etablere ei refleksiv vending, bygd på eit utvida leseomgrep der:

*[s]kolen kan likevel spille en avgjørende rolle i å utstyre dem [elevene] med redskaper som setter dem i stand til å forholde seg opplyst og kritisk til alle slags historiske fremstillinger, og alle typer bruk av fortiden.<sup>4</sup>*

---

<sup>3</sup> Jensen 2006, s. 84-86.

<sup>4</sup> Lenz og Nilssen 2011, s. 13.

Grunnen til at ein må tenke nytt om korleis ein underviser i den andre verdskrigen er at den vaksande avstanden til dei historiske hendingane, eit større mangfald og nye teoretisk perspektiv, tillèt og fordrar refleksjon over korleis forteljingar og fortolkingar om fortida kjem til.

Den andre verdskrigen, med sine emosjonelle og kontroversielle emne som holocaust og landsvikkoppgjæret, kan ein formidle på ein måte som aukar elevane sin evne til å orientere seg innafor ein mangetydig minne- og historiekultur, om ein fokuserer på korleis fortolkinga og formidlinga av krigen har vore, og ikkje berre fokuserer på det reint realhistoriske. Slik som at under den kalde krigen bidrog til ein ”taushet” i historieskrivinga. Idealet er no å opprettholde ein pluralistisk kultur, der fleire stemmer slepp til, men er gjenstand for debatt og kritisk vurdering.

At ein søker å undervise i noko som ikkje lenger er ein aktiv del av, og som heller er på veg ut av eit kommunikativt minne byr på utfordringar. Denne oppgåva søker å svare på dei problemstillingane forfattarane legg fram. Krigen er eit tema, som om handsama på ein konstruktiv måte, vil vere med på å utvikle elevane sitt historiemedvit. Undervisning om den andre verdskrigen er godt etablert i den norske skulekulturen, og er eit emne som er vel kjent og godt forska på i Noreg, det er og kjem stadig nye historier med nye perspektiv til. Krigen er gjenstand for ein naturleg og stadig omfortolkingsprosess. Mangfaldet av krigshistorie, både av skriftlege og verbale, er fleirstemd og mangetydig. Saman med at ”det krigen er” vert forandra, forandrar og samfunnet seg, det skuldast naturlege tilhøve, som avstand i tid, det er 70 år sidan krigen vart avslutta, og endingar i den demografiske samansetninga, gjer befolkninga er meir kompleks. Det er ikkje gitt at dei som veks opp vil ha det same forholdet til krigen som generasjonen føre. Og når det er ikkje nokon som kan ”etablere og opprettholde en fortidig hendelse som meningsbærer trengs det medier, ritualer og andre former for sosial praksis” for å bære fortida.<sup>5</sup>

Historisk læring om den andre verdskrigen må difor ha ein større grad av medviten refleksjon over korleis den har vore nytta og er nytta på forskjellige tidspunkt. Den veksande avstanden til dei historiske hendingane og nye perspektiv medfører, tillet og utfordrar eit aukande omfang av refleksjon over korleis forteljingar og fortolkingar av fortida vert til. Å lære av fortida kan difor få ein annan og utvida tyding der ein ikkje

---

<sup>5</sup> Assmann, s11.

berre nøyer seg med å svare på kva det var som skjedde, men og på kompetansen på å forstå korleis fortida er fortolka og formidla.<sup>6</sup> Auka medvit om korleis dei fem okkupasjonsåra er fortalt om og fortolka etter 1945 og fram til i dag vil lære oss mykje om etterkrigstidas kontekst og mekanismar for korleis historia er tatt i bruk. Dette kan skjerpa merksemda mot om fortida sine sosiale relasjonar og politiske mekanismar, og bidra til å auke kompetansen om å delta aktivt i dei fortolking og forhandlingsprosessane som bidrar til omforming av fortid til historie.

### 1.7 Sentrale omgrep for oppgåva.

I dette delkapitlet skal eg kort gjere greie for sentrale teoretiske omgrep for denne oppgåva. Dei er historie, historiedidaktikk, historiebruk, narratologi narrativ kompetanse. Andre omgrep knytt til historieskriving og rettsoppgjering vert drøfta i eigne delkapittel under.

*Historie* er i denne oppgåva ikkje oppfatta som det som hende i fortida, men er alle framstillingane (ritar og ritual) med referanse til fortida. *Historiedidaktikk* er læra om korleis ein kan legge til rette for eit møte mellom fortida og brukarane av den.<sup>7</sup> Sentralt i den moderne historiedidaktikken, og eit viktig mål for historiefaget i den norske skulen, er utviklinga av eit historiemedvit. Det gjer ein mellom anna gjennom fagretninga historiebruksdidaktikk, som er forståinga av møtet mellom fortida, den/dei som gjer seg nytte av fortida – brukarane, og korleis ein kan legge til rette for dette møtet.<sup>8</sup>

Historiebruksdidaktikken byggjer på tanken om at historie er ikkje berre eit fag der ein studerer fortidige hendingar, då det ikkje er ei bestemd fortid, det er fleire. Avhengig kven som ser attende, vert det fortidige tolka forskjellig, og satt in i andre samanhengane. Sett slik er ikkje omdreiingspunktet for faget ikkje kunnskapen om fortida, men korleis denne kunnskapen vert brukt av noko i ei samtid. I historiebruksdidaktikken søkjer ein å møte og arbeide med utanomfaglege forståingar, fortolkingar og forteljingar, slik dei er forma utføre klasserommet.<sup>9</sup> Forståingane, fortolkingane og forteljingane er framstillingar, kunstige då dei er strukturerte samanhengar i noko som det i utgangspunktet ikkje er struktur i, men og eit uttrykk

---

<sup>6</sup> Lenz & Nilssen 2011, s. 12.

<sup>7</sup> Bøe 2006, s. 10

<sup>8</sup> Bøe 2006, s. 43

<sup>9</sup> Bøe 2006, s. 41

for ein søken etter meining.<sup>10</sup> For å ordne i det fortidige kaoset gjer menneske knytt brukarar hendingar i fortida saman, anten det er skildringar av utiklinga av moderne institusjonar, utarbeidinga av periodar, mennesketypar (arketypar) osv. Historiske framstillingar gjer oss meining, orden. Dei treng ikkje vere sanne, men dei kan, om dei er framlagde på ein truverdig måte, vere opplev som sanne. Ordna og systematiserte framstillingar vert lagd fram som anten faghistorie eller populærhistorie. Faghistorie er den historia som søker å finne ut kva som er sant i fortida. Kva skjedde, kvifor og kva er konsekvensane. Populærhistoria er den forma som har som siktemål å underhalde og er lagt fram som songar, bilete, reklame, skjønnlitteratur, og lærebøker for lågare trinn.<sup>11</sup> Ofte bygg populærhistorie på faghistorie. Introduksjonen av historiebruksdidaktikken på 1990-talet, orienterer seg om omgrepet historiemedvit og historiebruk.<sup>12</sup>

*Historiemedvit* (Geschichtsbewusstsein) er fyrste gong nytta i den tyske historiedidaktikken i 1960 og 70 åra, som eit svar på ei historieundervisning som er for autoritær og med omsyn til at historielaget ikkje lenger kunne vere verdinøytralt. Historiemedvit er ein kompetanse, ein reiskap alle individ har og nyttar i det dei orienterer seg i, og ser samanhengen mellom dei tre tidsdimensjonane; fortid, samtid og framtid. Vi gjer oss alle nytte av historiemedvitet vi orienterer oss i tilveret ved å referere fortida, når vi lagar førestillingar om korleis noko er, og er blitt slik det er blitt. Historiemedvitet er bygd opp av historiske kunnskapar og erfaringane ein har om kva fortida er, og er:

er vissheten om at mennesket er et historisk vesen, at dets tolking av fortida, forståelse av fortida og dens oppfatning av framtida har avgjørende betydning for kven det er, og hva det gjør.”<sup>13</sup>

Historiemedvit er første gong nytta i den nordiske skulen i Danmark på 1990-talet, og vart då eit nytt omdreingspunkt for faget. I Noreg er omgrepet introdusert som svar på ein kritikk mot eit fag som er for fokusert på reproduksjon av fakta frå læreboka. Medan lærarane venta reproduksjon og refleksjon om historiske fakta, hadde elevane si subjektive interesse. Elevane er interessert i å forstå historiske personar sine situasjonar, periodane dei levde under og gjere seg opp vurderingar av situasjonar dei opplevde. Lærarane ville at elevane skulle sjå historiske tilhøve ovanfrå og ned, låg

---

<sup>10</sup> Bøe 2002, s. 14-15

<sup>11</sup> Bøe & Knutsen, 2012, s. 11-12

<sup>12</sup> Bøe 2006, s. 40

<sup>13</sup> Bøe 2006, s. 41-42

elevane si interesse for faget i å sjå historia nedanfrå og opp.<sup>14</sup> Forklaringa på situasjonen skyldast, for det første i endringar i erindringsfellesskapet, og for det andre i forholdet mellom historie som skulefag og som vitenskapsfag.

### 1.7.2 Forteljning

Eg argumenterer for at forteljninga er ein (av fleire) god måte å fremme historiemedvit på. Den *historiske forteljninga* er kort, ei forteljning om fortidige tilhøve med eit startpunkt ein midte og ein slutt. I forteljninga er hendingar satt saman og ordna slik at dei er ordna etter kvarandre i tid. Sekvensane eller dei ulike elementa dannar mening etter deira innbyrdes relasjon. Den som fortel, forteljaren, koplar sekvensane og fakta med påstandar, formulerte i setningar.<sup>15</sup> Ei god historie skaper rørsle, kjensler og viser til kunnskap. Gjennom å fortelje ei historie er ein naudsynt å strukturere og foredle fortida, ordne i dei fortidige erfaringane og legge fram ein eigen konstruksjon om korleis noko heng saman.<sup>16</sup> Forteljninga er slik den viktigaste enkeltfaktoren i utviklinga av eit historiemedvit. ”Gjennom forteljninga møter individet kulturen og blir ein del av fellesskapet, først i de nære omgivelser, senere i et eller annet storsamfunn”.<sup>17</sup> Den historiske forteljninga er faktabasert og truverdig.<sup>18</sup> Den historiske forteljninga kan ein dele inn i to grupper, den narrative og den logisk verkande forteljninga, og kalla den paradigmatiske. Den logiske forteljninga er ein vitenskapleg tilnærming og er fakta som kan belyst gjennom verifikasjon og falsifikasjon. Den står ofte i kontrast til den narrative, som heller ønsker å fokusere på menneskeleg handling. I narrative framstillingar treng ein ikkje forklare, men ein er heller oppteken av å skape forståing og sjå forskjellige tolkingar av mening.

Forteljarkompetanse, el. narrativ kompetanse, kjem opphavleg frå engelsk og tysk historiedidaktikk. Den engelske retninga er retta om læraren sin kompetanse til å gje liv til fortida, med vekt på korleis ein skal formidle og kva for forteljingar ein bør fortelje. Etter den andre verdskrigen, som av openbare årsaker fekk følgjer for historieundervisninga i den tyske skulen, vart forteljninga nytta som eit middel for å kunne øve elevane i å sjå kritisk attende på fortidige tilhøve. I den tyske historiedidaktikken, som krinsa om omgrepet historiemedvit, fekk forteljninga ein

---

<sup>14</sup> Jensen 2006, s. 84-86.

<sup>15</sup> Bøe 2002, s. 110

<sup>16</sup> Jamissen & Dahlseveen 2012, s. 45-46

<sup>17</sup> Bøe 2002, s. 104.

<sup>18</sup> Bøe 2002, s. 111.

sentral rolle.<sup>19</sup> Det er gjennom forteljinga at ein verkeleg kunne sette seg inn i fortidige tilhøve, då ein må tvinge seg inn ei subjektiv rolle. Sidan 1970-åra er forteljinga vigd ein stadig større interesse i historiedidaktikken, både som ei øving praktisk skriving, og som ein måte å analysere fortidige tilhøve. Debatten om den narrative framstillingsforma går framleis. Jensen (2002) drøftar i sin gjennomgang av forteljinga som framstillingsform, to ytterpunkt av denne debatten er den kjente historieteoretikaren Hayden White og filosofen David Carr.<sup>20</sup> Deira polemikk er ikkje om det forteljartekniske, at ei historie har eit startpunkt, ein midte og ein slutt, men korleis ein skal forstå forholdet mellom historieforteljinga (lat. *Historia rerum gestarum* – det er fortald om det som har hendt i) og det forteljinga dreier seg om (*res gestae* – det som har hendt). White meiner at det ikkje er noko forhold mellom den levde historia, slik det var, og den fortalte, slik den er framlagd i ettertid som forteljing. Carr meiner på si side at det er slik at ein som fortel eller skapar historie godt kan tenkast å kunne gjenskape fortida slik den ein gong var.<sup>21</sup>

### 1.7.3 Historiefaget og kunnskapsløftet

Skulen har ei sær s viktig rolle i oppsedinga av menneske. Menneske som for å vere kritiske må ha innsikt i å ikkje kjenne til kva som hende i fortida. Dette målet finn ein uttalt i omgrepet *kritiske borgarar*, uttalt i KL06. Undervisninga i historie bør difor vere lagd opp slik, at det er rom for at elevane får tid til refleksjon over kva historie er nytta til; med kva for formål er nytta, og korleis historie er og kva potensial som ligg i ei historie, anten som livs-, familie- eller lokal- historie, eller som ledd i ein kamp om politikk og identitet, eller som underhaldning. Viktige spørsmål kan då dreie seg om bruk og missbruk av historie, som to ytterpunkt på eit kontinuum. Faget bør bidra til at barn og unge vert meir innsiktsfulle, kreative, kritiske, ettertenksame og ansvarsfulle i sin eigen omgang med og bruk av historie.<sup>22</sup> Historiefaget er i dag ein stad der ein stimulerer til utviklinga av eit historiemedvit, der elevane (eller andre) lærer at de og er historie, ved at de skaper og er eit produkt av det som hendte i fortida. Historiemedvit er slik ein naudsynt kompetanse borgarar bør ha i eit demokratisk samfunn, som krev forandring og omfortolking for å kunne eksistere.

---

<sup>19</sup> Bøe 2002, s.114.

<sup>20</sup> sjå mellom anna White, Hayden, (1973). *Metahistory: The historical imagination in nineteenth-century europe* (Baltimore: The Johns Hopkins University press) & White, Hayden (2003) *Historie og fortelling: utvalgte essay*. Oversatt av Kari og Kjell Risvik (Oslo: Pax) & Carr, David (1986) *Time narrative and history* (Bloomington: Indiana University press)

<sup>21</sup> Jensen 2006, s. 270.

<sup>22</sup> Jensen 2006, s. 93.

Historiefaget er i dagens vidaregåande skule styrt av læreplanen. Gjeldande læreplan for den norske skulen er *Kunnskapsløftet* frå 2006 (LK06). Læreplanen vart revidert i 2013 og er gjeldande frå og med skuleåret 2013/2014. Læreplanen legg dei ytre faglege rammene for undervisninga i den norske skulen. Omlegginga frå gamal læreplan frå 1997 syner ei omlegging frå kunnskapsmål til *kompetansemål*. Kunnskapsløftet freistar ikkje å sette konkrete krav til innhaldet i skulen, men søker å definere kva kompetanse elevane skal sitte igjen med etter slutførd vidaregåande utdanning. Kompetansen er definert for dei enkelte skuletrinna, og for dei ulike studieretningane. Kravet til innhald i undervisninga er ikkje borte, men det er i større grad lagt opp til at læraren på (og) den enkelte skule å definere det, og å legge til rette for utviklinga av den kompetansen elevane er venta sitte igjen med. Innhaldet i undervisninga vil difor variere. Ein treng ikkje sjå seg blind på formuleringane av kompetansemåla. Dei er fleksible, og det er opp til den enkelte skule og lærar å tilpasse innhaldet i undervisninga. Casen som er framsett i denne oppgåva vil vere eit forslag til korleis ein kan undervisa i historiebruk.

Kunnskapsløftet er strukturert etter *formål, hovudområde, grunnleggjande ferdigheiter og kompetansemål*. I planlegginga og gjennomføringa av eit undervisningsopplegg er det naudsynt å sjå desse i samanheng. Til temaet for denne oppgåva, historia om ein einskild person, har eg valt ut fem kompetansemål. Eg vil kort gå gjennom dei her, då dei ligg til grunn for mi analyse og bruk av Skaar Pedersen saka i ein historiedidaktisk samanheng. Måla gjeld for elevane i tredje klasse på vidaregåande (Vg3) og *studieforberedande utdanningsprogram*. Valet er tufta på at det er på dette nivået elevane er tilstrekkeleg modne til å kunne utøve praktisk og teoretisk historiebruk. I det avsluttande kapittelet i denne oppgåva kjem eg attende til måla og gjer ei inngåande drøfting av kunnskapsløftet og dei fem kompetansemåla.

Under hovudområdet *historieforståing og metodar*, har eg vald ut følgjande kompetansemål. Nummereringa av kompetansemåla er mi nummerering.

1. Identifisere og vurdere historisk materiale av ulik art og opphav som kilder, og bruke det i egne historiske framstillingar.
2. presentere en historisk person og drøfte hvordan samtidige ideer og samfunnsforhold påvirket denne personens tenkemåter og handlinger.
3. utforske ulike korte historiske framstillingar av en og samme hendelse, og diskutere forfatternes valg av innfallsvinkel og spørsmålsstilling.
4. undersøke hvordan egne forestillinger om fortiden er blitt formet og diskutere hvilke faktorer som gjør at mennesker kan ha forskjellige oppfatninger om fortiden.



Og under hovudområdet *samfunn og menneske i tid*:

5. vurdere ulike ideologiers betydning for mennesker, politiske bevegelser og statsutvikling på 1900-tallet.

Til grunn for eit arbeid med saka om Skaar Pedersen viser eg eit metodisk arbeid tufta på historiebruk og narrativ kompetanse. Målet er å nytte denne saka som éin case som gir innsikt i den historiske konstruksjonen. Først og fremst treng ein elev kunnskap om krigen. Truleg kan den elevgruppa eg rettar denne oppgåva mot, ein heil del frå før. Som forkunnskap treng ein elev innsikt om den historiske tida han levde i og det rommet han bevegde seg i (jf. nr 4 overfor) Dernest er det naudsynt å ha kjennskap til den historiske handsaminga av krigen, då det er å betrakte denne som eit kulturelt (historisk) utviklingstrekk i Noreg (jf. nr 5 overfor). Ein hovudtanke er at elevane skal få lov til å utfalde seg i ein utvald del av det historiske materialet om Skaar Pedersen, og skape sine eigne narrativ. Korleis dei skal gjere det vert tatt opp i del fire. Oppgåva gir slik svar og gir eit døme på *korleis elevar kan arbeide med historiebruk i den vidaregåande skulen*. Ulike framstillingar er gitt, dei held fram ulike versjonar av Skaar Pedersen. Kjeldegrunnlaget er i stor grad kjent og tilgjengelig. Spørsmålet er korleis ulike forteljingar skaper ulik meining om fortida, og korleis ein kan nytte desse i undervisning.

### **1.8 Historiografi og landsvikoppgjæret.**

Temaet frå den andre verdskrigen, som saka om Hans Jakob Skaar Pedersen inngår i er Landsvikoppgjæret. Landssvikoppgjæret, slik det er handsama historiografisk er meir enn juridiske dommar, sjølv om det er det ein som oftast forbinder med omgrepet. I dette delkapittelet vert det reiegjort for landsvikoppgjæret som omgrep og historisk tema. Delen fungere som ein klargjerande del for kva det er framstillingane i del fire inngår i, der Ueland (1976) sin tekst vender seg imot ei nasjonal konsensushistorie, medan dei øvrige inngår i ein meir mangefalsettert historieskriving som kjenneteiknar dei siste tiåra si historieskriving.

Historikarar skil mellom *politiske, det sosiale, det offisielle, det usynlige, og det offentlige oppgjæret*. Eg stør meg her på de Figueiredos (2004a) framstilling av det norske etterkrigsoppgjæret, og korleis det er handsama av historikarar.<sup>23</sup> Oppgjæret starta umiddelbart etter at krigen slutta, mai 1945 og vart avslutta på 1950-talet. Landssvik som eit juridisk omgrep som vart definert i 1941, i dei juridiske

---

<sup>23</sup> De Figueiredo, 2004a. *Kampen om nasjonen* tilgjengeleg på <http://www.ivodefigueiredo.no/>

førebuingane dei norske eksilstyresmaktene gjorde om ei eventuell frigjering av Noreg, og er eit samleomgrep om dei som samarbeida med den tyske okkupasjonsmakta under krigen. Omtrent 90 000 nordmenn vart klaga inn for landssvik Noreg etter 1945. De kan ein dele inn i: *Det rettslige og det historiske oppgjeret*. Det rettslige knyt seg til det som etter lov vart gjenstand for strafferettslige prosessar, frå lovgjevar (regjering/Storting) via Politi og påtalemyndigheiter til domstolane, og inkluderer nesten 49 000 nordmenn som anten vart dømd eller som vedtok økonomiske førelegg. Det juridiske oppgjeret som gjekk føre frå 1945 til 1951 er i antal personar, det største oppgjøret. Det historiske oppgjeret refererer til det oppgjeret som samfunnsmaktene gjorde for å legitimere seg sjølv politisk etter krigen. *Det usynlige oppgjøret* refererer til dei sosiale sanksjonane/den sosiale straffa som vart innførde på arbeidsplassar, skule, fagforeiningar osv, med dei sosiale konsekvensane det førde med seg. For denne gruppa kan ein snakke om ei sosial straff, som ikkje berre er knyt til om dei som vart dømde. Misstanken om landssvik er i enkelte tilfelle nok til at ein mista arbeidet eller vart utestengt frå det sosiale liv, t. d kunstnarar eller kulturpersonlegdomar. *Til det offentlige oppgjøret*, er den delen av oppgjeret som aviser og andre media inngår i, og er den offentlige debatten om oppgjøret. Det er og relevant å sjå krigsoppgjeret som *eit politisk oppgjer*, ein ideologiske kamp som starta før krigen og som fortsette ut i etterkrigstida. Det er ein overgangsfase i eit politisk oppgjer, kor heimefronten og Arbeidarpartiet kom ut som vinnarane. Krigen, der ulike aktørar kjempa om ”folkets gunst”; Administrasjonsrådet, NS, Stortinget, kommunistar og heimefronten, ville alle, på kvar sin måte kjempe om legitimitet og viste til ”folket” og ”nasjonen” sine interesser under krigen.

Rettsoppgjeret (og den andre verdskrigen som eit heile) har i store delar av etterkrigstida vore eit underkommunisert og konsesnusprega emne.<sup>24</sup> Etter krigen etablerte det seg raskt ein diktomi om ”oss” og ”dei andre”, der oss er dei som handla og sympatiserte med fleirtalet i befolkninga. Dei andre er mindretalet som hadde samarbeida eller vart klaga for kollabarajon med tyskarane og medlemskap i NS. Den politiske haldninga umiddelbart etter krigen er at ein skulle straffe ”dei andre” hurtig, breidt og hardt, for å hindre ein hevnsøkende opinion som kunne utføre selvtukt og

---

<sup>24</sup> Grimnes 1990.

lynsjing på eige initiativ.<sup>25</sup> Om aviser og vekepresse er eit uttrykk for opinionen, er den store tendensen der at ein måtte dømme ”hardt og fort”.<sup>26</sup> Omgrepa ”isfront” og ”silkefront” er uttrykk som karakteriserer ei anna konfliktline etter krigen, der ”isfronten” ønskte eit hardt og bredt oppgjær medan ”silkefronten” ønskte å straffe dei leiande politiske skikkelsane i.<sup>27</sup> Som ein del av det politiske oppgjeret ønskte ein å etablere ei forteljing om krigen, og i 1962 etter fleire års arbeid kom ein stortingsrapport om landsvikoppgjøret.<sup>28</sup> Denne stod seg lenge som det offisielle synet på rettsoppgjeret og etablerte en historisk konsensus og en sigerherres justis, om kva som er rett og galt under krigen. Først etter 1979, og Johs. Andenæs *Det vanskelige oppgjøret*, kan en snakke om en eigentlig vilje og openheit til å sjå attende på oppgjeret med eit kritisk blikk. Dette betyr ikkje at det ikkje er retta kritiske merknader til oppgjeret, men dei kritikken er i ettertid berre merknader til konsensushistoria, og utfordra eigentleg aldri den allmenne opptaninga. Konsekvensen av konsensushistoria er at ”desse andre” er stempla som forrædarar, framandgjort og eksisterer som nokre andre i det kollektive vi-et som vann krigen. Konsekvensane av den kollektive historieforteljinga av krigen er i følge Anne Eriksen (1999) førte til heilt andre forteljingar med ein annan struktur, som ikkje berre må formidle fortidige tilhøve når dei er fortalde, dei må samstundes bryte ned den kollektive erindringa om krigen.<sup>29</sup>

For NS medlemmer finnes ingen overdimensjonell konsensus om hva som skjedde, ingen enighet er trygg nok og bred nok til at den enkelte kan leve fredelig i skyggen av den. Fortelingen må foldes ut i sin helhet hver gang, i det stadige håp om at noen en gang vil høre.<sup>30</sup>

Frå 1970-talet går tendensen i krigslitteraturen mot at det er meir vilje og interesse i å utforske dei sidene som ikkje vart drøfta under perioden med nasjonal konsensushistorie. Og ein ser, meir enn før eit auka fokus på dei gruppene av som falt utanfor diktomien ”oss”. I denne perioden får mellom anna NS-medlemmer, frontkjemparar, kommunistar, jødar og jødeforfølgning meir plass i offentlegheita og

---

<sup>25</sup> Dahl 2004, s. 12-13 & Vaale 2004, s. 58-60.

<sup>26</sup> Hagen 2009, s. 62.

<sup>27</sup> Brandal 2004, s. 71-75.

<sup>28</sup> Stortinget (1946) *Innstilling fra Undersøkelseskommissjonen av 1945* (Oslo:Aschehoug) & Justis- og politidepartementet (1962) *Om landssvikoppgjøret. Innstilling fra et utvalg nedsatt for å skaffe tilveie materiale til en innberetning fra Justisdepartementet til Stortinget* (Gjøvik: Mariendals Boktrykker)

<sup>29</sup> Eriksen 1999, s. 108-109.

<sup>30</sup> Eriksen 1999, s. 110.

ein opnar for at krigen sitt kollektive ”vi” er noko meir enn berre dei som vann, og ein får eit stadig større variert innslag av individuelle historier. Dette er uløseleg knytt til endringar i demografi og sosial kontekst, der avstand i tid, ein ny generasjon av nye historikarar, som sjølv ikkje hadde delteke i krigen, og nye måtar å tilnærme seg fortida på er avgjerande for korleis ein ser attende på krigen og rettsoppgjeret.<sup>31</sup> At ein legger i eit historiesyn der ein kan sjå historia nedanfrå og opp, sosialhistorie, synes særleg avgjerande. Det opnar for revisjonistiske tilnærmingar til krigen, og opnar for alternative tilnærmingar, enn dei store overordna analysane ein tidligare hadde og som kjenneteiknar konsensushistoria. I denne samanhengen er Hans Fredrik Dahl ein sentral historikar.<sup>32</sup>

I dag er krigshistoria som magefalsk og kritisk. Og ein ser attende på rettsoppgjeret med eit kritisk blikk. Det mest sentrale bidraget til korleis ein skal erindre rettsoppgjeret i dag er gjort gjennom forskingsprosjektet å overkomme fortiden<sup>33</sup>, der ei rekke sentrale norske historikarar frå eit breitt spekter av fagtradisjonar har gjort sine bidrag. Den siste boka *Et rettferdig oppgjør? Rettsoppgjøret i Noreg etter 1945* (2004), redigert av Hans Fredrik Dahl og Øystein Sørensen, står det fremste bidrag til forskning på rettsoppgjeret pr. i dag. Svaret på spørsmålet som de stiller, er at oppgjøret er strengt, med tanke på omfang og de sosiale konsekvensane det fikk, men rettferdig i den forstand at de som vart tiltalt fikk sine saker handsama av ein domstol, og sjølv om straffene vart mildare og etter kvart som oppgjeret drygde. Eit hovudpoeng frå denne boka er at ein ikkje ser som eit særnorsk fenomen. Rettsoppgjeret er prega av ein rask rettargong, men er demokratisk forankra, i lov og i opinion. Individuell rettstryggleik og likskap for lova kjenneteiknar det juridiske oppgjeret.<sup>34</sup> Ivo de Figuerirido gjer ei historisk-juridisk analyse av rettsoppgjeret i sitt. Han legg vekt på ein *tidsutstrakt variasjon*.<sup>35</sup> I tillegg til dei typane oppgjer ein kan skilje etterkrigsoppgjeret inn i, kan ein og forklare oppgjeret gjennom tre modellar: *det statuerande oppgjeret, det opinionsstyrte oppgjeret og det sjølvkorrigerande*. Etter tur er dei defilererte som at oppgjeret skulle virke allmennpreventivt og vise befolkninga kva som er rett og galt. Opinionen kravde at det vart eit strengt og hardt oppgjer, men når dette kravet mildna, mildna og

<sup>31</sup> Lenz og Nilssen 2011, s. 19-22.

<sup>32</sup> Uglevik Larsen, Stein (1999) *I krigens kjølvann. Nye sider ved norsk krigshistorie og etterkrigstid*.

<sup>33</sup> Dei andre bøkene i serien er:

<sup>34</sup> Dahl 2004, s. 9-29.

<sup>35</sup> Figuerirido 2004, s. 41-49.

straffereaksjonane. Lempingar vart og gjennomførte på grunn av at ein gjorde korrigeringar i straff pga. at enkelte straffe bestemningar vart sett på som for strenge, og manglande tid, merksemd, tilgjengeleg personell og manglande informasjon førte til manglar i sakene.

## **Del 2. Lagnaden til politifullmektig Hans Jakob Skaar Pedersen.**

Dette delkapitlet bygger på dei opplysningane som kjem fram av dei offentlege rettspapira som høyrer til ankesaka til Hans Jakob Skaar Pedersen i høgsterett og lagmannsretten. Formålet med denne framstillinga er å gje ei oversikt over dommen, domsgrunnlaget og perspektiv på det miljøet og det samfunnet Skaar Pedersen agerer i under krigen. I teksten refererer eg til dokument trykt i Riksadvokatens meddelelseblad nr. 16 frå april 1946 (heretter RA), lagmannsretten og høgsterett sine domspapir. Dette er offentlege dokument og er allment tilgjengeleg gjennom bibliotekstenesta. Rettsdokumenta gjer ikkje eit heilt bilete av Skaar Pedersen og saka hans. Det er derfor og referert til Stavanger Aftenblad sine aviser (heretter SA). Avisene er etter at SA digitaliserte arkivet sitt og opna det for digitale brukarar, enkelt tilgjengeleg på nett.<sup>36</sup> Rettsreferata i Stavanger Aftenblad frå 1945-46 er særst eintydige, og gir ikkje ei særst skeiv bilete av Skaar Pedersen. Mellom anna er ikkje omstanda rundt arrestasjonane nemnde.

Ei fullstendig, vitenskapelig analyse av stavangerpolitiet, det ordinære eller Statspolitiet, er ikkje gjennomført. Det nærmaste ein kjem er Nils Johan Ringdals framstilling *Mellom barken og veden* (1987).<sup>37</sup> Ellers må ein indirekte lese seg til korleis politiet er bygd opp og virket under krigen gjennom politiets ”egne” skildringar i jubileumbøker<sup>38</sup>, biografiar<sup>39</sup>, eller generell litteratur om krigen samt skildringar av motstandsørsla<sup>40</sup>. Eit komparativt blick på det tyske og det norske politiet er ikkje gjennomført. Berit Nøkleby (2003) *Gestapo*,<sup>41</sup> er eit utgangspunkt med ein god og

---

<sup>36</sup> Sjå [www.aftenbladet.no](http://www.aftenbladet.no). Får å tilgong til arkivet treng ein å vere brukar/abbonnent på aftenbladet.

<sup>37</sup> Ringdal 1987.

<sup>38</sup> Jor 1980.

<sup>39</sup> Sjå t. d. justisminister Sverre Riisnæs i Ringdal, Nils Johan. (1991) *Gal mann til rett tid – NS minister Sverre Riisnæs – en psykobiografi*. (Oslo: Aschehoug) & Roughthvedt, Bernt, (2010). *Med penn og pistol. En biografi om politiminister Jonas Lie* (Oslo: Cappelen Damm)

<sup>40</sup> t. d. Schancke 1979.

<sup>41</sup> Nøkleby, Berit 2003.

overordna analyse av det tyske politiets oppbygning nasjonalt og lokalt og dreg nokre parallellar til det norske politiet. Jan A. Arnli sin hovudfagsoppgåve frå 1976<sup>42</sup> er ei sentral referanse for Ringdal. Ei anna god framstilling, men som ikkje vert lagd til grunn i denne gjennomgangen er Veum (2013) si framstilling i Statspolitiet. Dei innleiande kapitla der gir ein god og gjennomgang av korleis ein bør sjå på Stapo. Andenæs, skodvin, johnsen, scanke,

Eg kunne ha valt å anonymisere alle namn i saka, men saka er, som me skal sjå, omtalt fleire gonger utan anonymisering. Underteikna argumenterer som Veum (2012) for full openheit fordi det skal vere lettare å kunne gjendrive feilaktige og legge til opplysningar. Det ein skal merke seg med kjeldene er dei aleine gir er svært einssidig bilete av saka. Forsvaret av den tiltalte kjem ikkje tydeleg fram og det er vanskeleg å ikkje vere einig i det faktiske. Dette er som me skal sjå, eit av utgangspunkta for fleire av framstillingane som er gitt, og som vert analysert i del 3. Opplysningane i rettsdokumenta og i Stavanger Aftenblad er i gjennomgangen av dokument frå Landsvikarkivet skjekka så godt det lar seg gjere. Arkivet framstår som komplett, og utan manglar. Det er ikkje referert til saka i landsvikarkivet då dokumenta i utgangspunktet er klausulerte.

## 2.1 Kva er Hans Jakob Skaar Pedersen saka?

Hans Jakob Skaar Pedersen, fødd 30.12.1908 i Time i Rogaland.<sup>43</sup> Han er utdanna jurist med embetseksamen frå Universitetet i Oslo i 1941, og står til eksamen med karakteren måteleg haud, med karakteren 2,76.<sup>44</sup> Han meldte seg inn i Nasjonal samling i 1934, men meldte seg seinare ut. Han meldte seg inn igjen då medlemskapen er fornya 9. oktober. 1940. Fram til han tek over stillinga som politifullmektig i Stavanger 14. mai 1943, ei stilling han frivillig søker seg til, arbeider han som dommarfullmektig i Torridal Sorenskriveri. Han er kombinert lensmann og gruppefører for NS i Kopervik og Stangeland kommunar frå 1. januar 1941. Han enda karrieren si i 1945 som politiinspektør og øvste leiar for Statspolitiet (heretter Stapo) si Stavangeravdeling. Ei avdeling som bestod av 47 tenestemenn. Skaar Pedersen skriv sjølv at dei viktigaste sakene Stapo arbeidde med i Stavanger er skule og kirkesaker, demonstrasjonar, sabotasje, våpensaker og illegal verksemd. Og

---

<sup>42</sup> Arnli 1976.

<sup>43</sup> Stavanger Aftenblad (heretter SA) 1945, 6. juni. Nr 8. År 53.

<sup>44</sup> Riksadvokatens meddelelsesblad 2 årgang April 1946 nr 16. s. 13. (heretter RM) Norsk rettstidende 1941 s 219-223 (heretter RT)

alle ordrar om arbeid med desse sakene vart gitt etter ordre frå tysk sikkerhetspoliti (heretter Sipo), og i samarbeid med alle offentlige etater styrt av Nasjonal Samling (heretter NS). Han kom etter krigen under tiltale for sitt virke i Stapo, der han mellom anna vart skulda for grov misshandling og turtur.<sup>45</sup>

Skaar Pedersen erklærte seg sjølv, ikkje på nokon måte skuldig mot den tiltala som er retta mot han etter krigen. Han erklærer at det er gjennomført ”eit slags 3. grads forhør”, og at han sjølv deltok på det. Til forhørsretten i juni 1945 seier han at han gjorde det ”for å spare norske fanger”. Som øvste ansvarlig for Staspolitiet ber han eit ansvar for tenestemenne sine handlingar, men han meiner ikkje å ha sett at nokon av dei gjennomførte misshandling.<sup>46</sup> Tiltala mot Skaar Pedersen er ferdig utarbeidd 19. September, ei veke på overtid.<sup>47</sup> Rettssaka kom ikkje i gong før i oktober. ”En uhyggelig sak av veldige dimensjonar”, skreiv Aftenbladet på forsida då ho kom igong 25. Oktober 1945.

27. oktober kunne Stavanger Aftenblad (heretter SA), som hadde fulgt rettssaka tett, melde at det er lagt ned påstand om dødsstraff for Skaar Pedersen.<sup>48</sup> SA, refererte lite av kva han sjølv forsvara seg med, men det er referert til at han i november 1944 hadde fått trusselbrev, og etter at kollegaen Wickstrøm vart likvidert i desember 1944 alltid gikk med pistol, og slutta å gå ut om kvelden. Aktoratet som ikkje ser ut til å ta omsyn til kvifor han agerte som han gjorde, og argumenterte sterk for dødsstraff. Aktor prosesserer avslutningsvis i tiltala si med at:

Den provisoriske anordning ble gitt under krigen og en har gjerne trodd at dette bare var en skrekk og advarsel paragraf. Det er det imidlertid ikke. Det er rettens plikt å anvende lovens strengeste staff ved særlig graverende landsvik. Det er et slikt tilfelle vi her står overfor. I det vesentligste må tiltale ha forstått at her har han brutt med sitt eget folk. Han viste at det var en avgjørende livskamp som ble fort. Det norske folk kjempet på liv og død for sin eksistens. Tiltale mener framleis i dag at det ikke var riktig de han gjorde. Han har ikke på noe vist at han angrer. Han har nedverdiget seg til å bruke de mest avskyelige midler, så avskyelig at hårene kan reise seg. Når det gjelder mishandlingene da er streken oversteget.<sup>49</sup>

Dommen falt 30 oktober 1945. Ein bleik Skaar Pedersen vart dømd etter § 86 i straffelova, landsvikanordninga, og etter paragrafar i den ordinære straffelova. Retten fann det bevist at han (A) hadde vore medlem av NS, (B) gruppefører i NS i Koparvik

<sup>45</sup> SA 1945, 18. september. Nr 91 År 53, s. 1, & SA 1945, 6. juni. Nr 8. År 53, s. 1, & SA 1945 25. oktober. Nr 122 År 53.

<sup>46</sup> SA, 1945, 6. Juni. Nr. 8 År 53, s. 1.

<sup>47</sup> SA 1945, 18. september. Nr 91 År 53, s. 1.

SA 1945, 27. oktober. Nr. 124 År. 53.

<sup>48</sup> SA 1945, 27. oktober. Nr. 124 År. 53.

<sup>49</sup> SA 1945, 27. oktober. Nr. 124 År. 53.

og Stangaland, ordfører i same kommunar frå etter tur 1. januar til oktober 1942 og januar 1943. Der han óg hadde sagt opp Fritjof Oftedal som kinobestyrar fordi han motarbeidde NS. (C) Han hadde ytt eit bidrag på 100 kroner til frontkjemparkontoret i november 1944. (D) 14. mai 1943 hadde han vore tilsett i stilling som politifullmektig i Stavangeravdeling Stapo, som omfatta Agderfylka og delar av Hordaland.<sup>50</sup>

Retten fann det bevist at han som leiar i Stapo ”med hele sin kraft og stor nidkjærhet bekjemet den nasjonale motstand mot Nasjonal samling og den tyske okkupasjonsmakt”. Han arresterte og leia forhør mot "norske patrioter” og han er kjent med at hans underordna i Statspolitiet gjorde det same. Retten fann det bevist at han ”i alle fall 5 ganger” har støtta Sipo under forhør av norske fridomskjemparar ”hvor disse under tortur” vart pressa for opplysningar om seg sjølve og andre sin ”patriotiske” verksemd.<sup>51</sup> Til si rolle i Statspolitiet vart han dømd for å ha forbrote seg mot straffelovens §86 jfr. Provisorisk anordning av 3 oktober 1941: for å i ”råd og dåd” ha ytt fienden bistand under ein ”krig hvori Norge deltar”. Han er funnen skuldig til straff etter straffelovens § 98 jfr. Provisorisk anordning av 3. oktober 1941 ”i det han søkte å berike eller medvirke til at rikets statsforvaltning ved ulovlige midler forandres”, og skuldig etter strl § 233, første og andre ledd, ”ved ulovlig å ha berøvet en annen friheten eller medvirket til sådan frihetsberøvelse (...)”.<sup>52</sup>

Lagmannsretten finn fem tilhøve er avgjerande: (1) Fengsling av skolebestyrer Hans Christian Havring, 27. Juni 1944. Etter at sonen hadde unndrege seg arbeidstjeneste (2) Fengsling av Høgsterettsadvokatene Jakob Hidle i juni 1943 og Tjalve Gjøstein i november 1944, og overrettsakførarane Tengs Pedersen, Harald Sund og Hermann Roland. November 1944. Dei fekk alle kortare fengselsstraffer, frå nokre dagar til eit halvt år. (3) 6. oktober 1944 vart Peder Mogens Pedersen arrestert då han ikkje ville gje oppgåvene til sine klientar til ”nazistiske myndigheiter”. Mogens vart satt fri 9 oktober 1944. (4) I januar 1945 medvirka Skaar Pedersen til at sokneprest på Rennesøy Nicolai Loftus vart sendt til Helgøya i Mjøsa i 3 månader, etter at han hadde ytra seg negativt om NS under ei gudsteneste. (5) 4. april deltok Skaar Pedersen til at tannlege Einar S. Årstad, ”som var ettersøkt for patriotisk virksomhet”.

---

<sup>50</sup> RM 1946, *Av gulating lagmannsretts dom 30. oktober 1945*, s. 13-14.

<sup>51</sup> RM 1946, *Av gulating lagmannsretts dom 30. oktober 1945*, s. 14.

<sup>52</sup> RM 1946, *Av gulating lagmannsretts dom 30. oktober 1945*, s. 14.



Han sit i gengsel til 7. mai 1945.<sup>53</sup> Dette tilfella er likevel ikkje nok for å ilegge Skaar Pedersen dødsstraff.

Avgjerande for dødsstraffa er at lagmannsretten finn Skaar Pedersen skuldig etter strl. § 229 for å ha ”skadet en annen på legeme eller helbred eller hensatt noen i avmakt, bevisstløshet eller lignende tilstand, eller medviket her til”. Lagmannsretten viser til fire forhold dei fann bevist: (1) Saman med Hölscher har Skaar Pedersen misshandla Sverre Vesterhus under forhør i Eiganesveien 17, 13. april. Kor tiltalte slår ”en rekke kraftige slag mot begge sider [...] av hodet så ørene hovnet stekt opp” og ”medvirket til at Vesterhus ble pisket under fotsålene på legger og lår og på ryggen”, medan han er bunden. Vesterhus sine ”føtter hovnet opp [...] så han ikkje kunne benytte sitt sedvanlige skotøy [...]”. (2) 4. april er Skaar Pedersen saman med bla. Hölscher med på mishandlinga av Einar S. Årstad under forhøyr. Kor ”Årstad ble slått i ansiktet og på kroppen, samt sparket, så ansiktet ble sterkt skadet og noen ribben [...] ble brukket.” Årstad hugsar berre at Skaar Pedersen i slo ein gong, om det kom fleire slag frå Skaar Pedersen kan ”Årstad ikkje uttale seg om da han var så fortumlet”. Mishandlinga medførde blodutredning på begge sider av nyrepartiet. (3) 16. april deltok Skaar Pedersen saman med Hölscher i mishandling av Udmund Tufte. Han vart knebla og slått med ein trestokk under fotsolane i tre omgangar, “[...] antakeleg 15-20 slag hver gang”. I to omgangar er det Hölscher som slo, medan Skaar Pedersen held han fast. I ein av omgangane er det Skaar Pedersen som slår medan Hölscher held fast. (4) 4. april 1945 deltok Skaar Pedersen saman med Hölscher i mishandling av Tor Kluge, Skaar Pedersen slår Kluge i andletet ”så han blødde fra nese og munn”, og held Kluge da Hölscher slo han med trekølle over baken. Skaar Pedersen held og fast da slaga til Hölscher ”rammet Kluges vestre hånd slik at to ben i denne hånd ble brukket”.<sup>54</sup>

For punkt 1 og 3 fant retten at ein kunne bruke strl. § 232, då ”forbrytelsene forsettelig er utført på en særlig smertevoldende måte”. Både Vesterhus og Tufte er knebla under mishandlinga ved at munnen vart fylt med papir og eit tørkle vart bunden ”stramt om” munnen. Retten finn det ”godgjort at der er voldt sykdom som varer over 2 uker” i alle dei fire tilfella.<sup>55</sup> I straffeutmålinga legg lagmannsretten vekt

---

<sup>53</sup> RM 1946, *Av gulating lagmannsretts dom 30. oktober 1945*, s. 15.

<sup>54</sup> RM 1946, *Av gulating lagmannsretts dom 30. oktober 1945*, s. 15-16.

<sup>55</sup> RM 1946, *Av gulating lagmannsretts dom 30. oktober 1945*, s. 15-16.

på at tiltalte er ein mann i moden alder, og har den høgste utdanning Noreg har å gje. Han bør difor ”ha bedre forutsetninger enn de fleste for å forstå rekkevidden av sine handlinger”. Verksemda som lensmann og ordførar er tilsynelatande uklanderleg. Retten skriv at oppseiinga av kinobestyrar Oftedal i Haugesund er av politisk karakter, men fleire uttalte seg ”rosende” om Skaar Pedersen si verksemd som lensmann og ordførar.<sup>56</sup> Lagmannsretten la ”vesentlig vekt” på tiltalte si verksemd i Stapo, og at han som leiar av Stapo hadde ei ”meget betydningsfull stilling” kor han leia ”Nasjonal Samlings kamp mot den norske motstandbevegelsen” og ”har gitt det tyske statspoliti stor og verdifull hjelp i dets virksomhet mot den norske befolkning”. Tiltalte ”har arbeidet høyst intimt med det tyske sikkerhetspoliti” og ”var og klar over at sikkerhetspolitiet motarbeidet den norske motstandsbevegelse”.<sup>57</sup> Vidare skriv retten at Skaar Pedersen har ”etterkomme enhver anmodning fra sikkerhetspolitets side” og han har ”vedgått at han flere ganger for sikkerhetspolitiet at han har foreslått aksjoner som deretter ble igangsatt” og at han har på statspolitets ”forlangende foretatt politisk bedømmelse av flere tusen nordmenn”.<sup>58</sup> Lagmannsretten la og vekt på at tiltalte under sitt virke i Stapo ”har deltatt i” og ”tolerert at hans underordnede i statspolitiet har anvendt mishandling av fanger under forhør” og ”stillet sine underordnede til disposisjon” for det tyske sikkerhetspoliti. At Skaar Pedersen hadde ”anført at han hadde ordre fra sine overordnede” i Stapo om å stille folk til disposisjon la ikkje retten vekt på: ”Tiltalte har ansvar ikke bare for de handlinger han selv har foretatt, men i stor utstrekning også for de handlinger hans underordnede har foretatt”. Og dette på eit tidspunkt, meiner retten, kor han visste at Tyskland kom til å tape krigen, noko han ”forstod etter sommaren 1944”. Til sist i si kjenninga legg retten vekt på at han har vedkjent og ”fremdeles fastholder berettigelsen av å ta gisler”. Skaar Pedersen forsvarer arrestasjonene og mishandlinga med at det er ”påkrevet å tvinge frem opplysninger for derigjennom å forhindre videregående aksjoner fra sikkerhetspolitets (det tyske) side”.<sup>59</sup>

Dommen til lagmannsretten vart dødsstraff. For tiltalte er det ingen vei tilbake til net norske folk skrev Aftenbladet 30.oktober.<sup>60</sup> Skaar Pedersen vart mot ”forbrytelse mot straffelovens § 86 jfr. Provisorisk anordning av 3 oktober 1941 og lov av 6 juli 1945

<sup>56</sup> RM 1946, *Av gulating lagmannsretts dom 30. oktober 1945*, s. 16-17.

<sup>57</sup> RM 1946, *Av gulating lagmannsretts dom 30. oktober 1945*, s. 16-17.

<sup>58</sup> RM 1946, *Av gulating lagmannsretts dom 30. oktober 1945*, s. 16-17.

<sup>59</sup> RM 1946, *Av gulating lagmannsretts dom 30. oktober 1945*, s. 17.

<sup>60</sup> SA 1945, 30. oktober. Nr 126. År 53.

og mot straffelovens §§ 98, 223, 1 og 2 ledd samt § 229 jfr. §232, alt sammenholdt med straffelovens § 62”.<sup>61</sup> Berre domsmann Knudsen stemte for livsvarig fengsel ”idet han, om han enn er enig i flertallets betraktninger, dog finner at tiltaltes forgåelser ikke er så graverende at de bør medføre dødsstraff”.<sup>62</sup>

Anka vart handsama av Høgsterett 1. mars 1946. Skaar Pedersen anka dommen fordi ”det ikke kan vere rettsstridig å medvirke til et formål, som det er pålagt okkupasjonsmakten ved Haagkonvensjonen art. 43 å søke fremmet, og at det ikkje kan ha vært noen rettsplikt for meg å sette meg opp imot den lovgiving som okkupasjonsmakten eller Quislings regjering hadde gitt [...]”. Lova Skaar Pedersen henviser til er artikkel 43. i Haakonvensjonen av 1907 landkriksloven som hevder:

The authority of the legitimate power having in fact passed into the hands of the occupant, the latter shall take all the measures in his power to restore, and ensure, as far as possible, public order and safety, while respecting, unless absolutely prevented, the laws in force in the country.<sup>63</sup>

Sjølv om Skaar Pedersen sjølv meinte at han hadde handla slik det er venta av han vart han ikkje høyrte.<sup>64</sup>

Førstevoterande, Dommar Scheldrup, støtta konklusjonen til lagmannsretten og merker seg i den rettslege kjenninga at Skaar Pedersen ”juridiske utdanning og hans modne alder” måtte gje han ein grunn til å vurdere kva det ville seie å søke ei stilling i Stapo i Stavanger. Scheldrup viser til to brev som Skaar Pedersen hadde sendt til sjefen for statspolitiet i Kristiansand, om tvangsutending av illojale prestar, for å underbygge sin påstand om ”den pågåenhet og den rettsløshetens ånd som hadde preget” hans to års virke i Stapo.<sup>65</sup> Han finn det bevist av lagmannsretten at Skaar Pedersen hadde arbeidet ”intimt” med det tyske sikkerhetspolitiet og hadde ei innstilling som forklarte at han hadde vært delaktig i og stilt sine menn til disposisjon for det tyske Sipo. Scheldrup meinte at lagmannsrettens dom er rett med det som etter hans oppfatning er ”det bestemmede ved høyesteretts tidlige avgjørelser”. Det ”særlig subjektive som i det enkelte tilfelle skulle kunne føre til en mildere straff [...] foreligger ikkje her”. Slutninga frå Scheldrup er at anka forkastast.<sup>66</sup>

<sup>61</sup> RM 1946, *Høyesteretts dom av 1. mars 1946 mot Hans Jakob Skaar Pedersen*, s. 7.

<sup>62</sup> RM 1946, *Av gulating lagmannsretts dom 30. oktober 1945*, s. 17.

<sup>63</sup> Landkriksreglementet av 1907: [http://avalon.law.yale.edu/20th\\_century/hague04.asp#art43](http://avalon.law.yale.edu/20th_century/hague04.asp#art43)

<sup>64</sup> RM 1946, *Høyesteretts dom av 1. mars 1946 mot Hans Jakob Skaar Pedersen*, s. 7.

<sup>65</sup> RM 1946, *Høyesteretts dom av 1. mars 1946 mot Hans Jakob Skaar Pedersen*, s. 7.

<sup>66</sup> RM 1946, *Høyesteretts dom av 1. mars 1946 mot Hans Jakob Skaar Pedersen*, s. 8.

Andrevoterende, Andenæs hadde ei anna oppfatning av saka: Verksemda i Statspolitiet aleine medfører ”en meget streng straff, men etter mitt skjønn ikkje dødsstraff”. Andenæs meiner at samanhengen torturhandlingane inntreff i som er avgjerande. Lagmannsretten hadde i denne saka høgna ”målestokken” for å anvende dødsstraff, sett opp mot tidlegare saker. Andenæs viser saka mot tyskaren Karl Hans Hermann Klinge, sett opp mot saka mot Per Oppegård. Oppegård, Klinge og Skaar Pedersen hadde alle skuldingar retta mot seg om mishandling av fangar. Oppegård og Klinge er begge etterforskarar i tysk Sipo. Oppegård gjekk fri sjølv om han er klaga for meir alvorlegare tilfelle av tortur enn i sakene mot Klinge og Skaar Pedersen. I Klinge saka, som hadde vore oppe i høgsterett 27. mars, berre nokre dagar før handsaminga av Skaar Pedersen, hadde høgsterett danna seg eit nytt prejudikat for bruk av dødsstraff. Den ”fundamentale forskjellen” i sakene om Oppegård og Klinge, er at Oppegård var at han hadde utført sine handlingar overfor eigne landsmenn for å få fleire i ”fiendens vold”. Klinge handla i ”patriotisk øyemed etter direktiver overfra”, og det på eit tidspunkt der ”den almindelige og gjensidige brutalisering av krigføringen hadde ført til at det overfor hans eget land ble brukt metoder som kostet tusenvis av kvinner og barn livet”, med hendvisning til bombinga av Hamburg, kor Klinge hadde familie. Sidan Høgsterett hadde forkasta denne anka berre eit par dagar før kunne ikkje Høgsterett ta anka til følge meiner Andenæs.<sup>67</sup>

Tredjevoterande, dommar Fougner, stør seg til førstevoterande si betraktning og tilfødde at det i Oppegård-saka er eit formildande element grunna Oppegård sin unge alder.<sup>68</sup> Fjerdevoterande dommar Evensen støtta dei føre, men er ikkje einig i at ein her la seg inn på ei strangare linje enn høgsterett tidlegare hadde gjort.<sup>69</sup> Femtevoterande, dommar Alten tok derimot Skaar Pedersen i forsvar, og gjekk inn for ei mildare straff.<sup>70</sup> Alten legg i si rettskjenning vekt på at ”lagmannsretten har ansett det bevist at han (Skaar Pedersen) er kjent med at hans underordnede i Statspolitiet under forhør mishandlet norske patrioter”, men ein kan ikkje kunne vite korleis og i kor stor utstrekning han viste om mishandling utført av hans underordna. Skaar Pedersen er tilstede under deler av forhøret av Lars Ramndal, men det er derimot ikkje bevis for at Skaar Pedersen ”i noe tilfelle hadde gitt ordre til mishandling eller

---

<sup>67</sup> RM 1946, *Høyesteretts dom av 1. mars 1946 mot Hans Jakob Skaar Pedersen*, s. 9-11.

<sup>68</sup> RM 1946, *Høyesteretts dom av 1. mars 1946 mot Hans Jakob Skaar Pedersen*, s. 11-12.

<sup>69</sup> RM 1946, *Høyesteretts dom av 1. mars 1946 mot Hans Jakob Skaar Pedersen*, s.12

<sup>70</sup> RM 1946, *Høyesteretts dom av 1. mars 1946 mot Hans Jakob Skaar Pedersen*, s. 12-13

selv vært hovedmann ved mishandling av fanger”. Alten lar og tvilen komme Skaar Pedersen til gode, ved å antyde at ”der er da rimelig å anta at han ved disse ledigheter (dei fire mishandlingane) at han ligger under for den brutale tyskers (Hölscher) personlige innflytelse”. Til tross for denne uttalte tvila frå dommar Alten, er fleirtalet i Høgsterett klart: ”Anken forkastes”. Skaar Pedersen søkte om benådning, men fekk avslag frå Kongen i statsråd 22. Mars 1945. 30. mars vart dommen fullbyrda ved skyting.<sup>71</sup>

Det er dei kalde fakta om Skaar Pedersen. Hadde det ikkje vore for at seinare historikarar hadde fatta interesse for denne historia hadde saka sett blitt varande slik, ei historie om ein mann som overbevist tok side med tyskarane og arresterte og misshandla nordmenn på tampen av krigen, ein krig som han viste gjekk mot slutten. At han sjølv gjorde det for å spare norske fangar og redde befolkninga frå represaliar vart ikkje høyrte, han vart stempla som landssvikar og torturist, dømd og avretta. Utan at ein fortolkar denne saka vil den ikkje vere anna ein ei sak om ein manns om fekk ein dødsdom. For å få ei djupare forståing av denne saka må ein danne seg eit bilete av kva det er ein studerer. Resten av denne delen av oppgåva er meint for å klargjere ulike aspekt ved saka. Det for å gje opplysningar ein treng å skrive ei fortidsforteljing, og for å kunne gje eit perspektiv på dei framstillingane som vert analysert neste del av oppgåva. Det er tre perspektiv ein må ha på denne saka; det første ein bør spør seg om er kva for samfunn Skaar Pedersen er og virker i, den neste er korleis den næraste miljøet om han er, det tredje er eit juridisk perspektiv. Dei er alle med på å kunne gje ei forklaring på kvifor Skaar Pedersen vert den han er i rettsdokumenta. I del 4. Kjem eg attende til attende til denne til gjennomgangen i det eg då drøftar som handlingsrommet til Skaar Pedersen. I lys av det ein veit om den tida han levde i.

## 2.2 Kva for samfunn skjer denne saka i?

I denne delen er samfunnet og den kulturen som omgikk Skaar Pedersen drøfta. Samfunnet er forstått som den glidande overgangen frå mellomkrigstid til krigsamfunn. Jaklin (2011) omtalar det kort som ”polariseringen mellom et radikalt Arbeiderparti og et sterkt nasjonalparti”.<sup>72</sup> Overgangen må ein sjå i samband med den situasjonen Rogaland er i under krigen. På kvar sin måte dannar skapar dei ei forståing om kvifor SP går inn i NS og kvifor han tek valet om å delta i brutale forhør.

---

<sup>71</sup> SA 1946, 1. april. Nr. 77 År. 54.

<sup>72</sup> Jaklin 2011, s. 99.

### 2.2.1 Stavanger - Noregs München?

Stavanger er av Ringdal (1987) omtala som Noreg sitt svar på München, med referanse til den politiske og sosiale stoda sør i Tyskland, byen som skapte grobotn for nazismen og Hitler si maktreising.<sup>73</sup> Stavanger er på 1930-tallet i ei økonomisk nedgangsperiode. Byen hadde ei arbeidsløyse på 20,3% i 1930 for gutar over 15 år, mot nasjonalt 14,6% i storbyane.<sup>74</sup> Den politiske misnøya er stor. Ved kommunevalet i 1934 fekk Nasjonal Samling (heretter NS) 12,1% av stemmene i Stavanger, mot nasjonalt 3%. Heile åtte representantar fekk innpass i bystyret det året.<sup>75</sup> NS fekk gjennomslag på grunn av stor misnøye med Høyre sin økonomiske politikk lokalt, og at den ikkje demma opp mot ”kommunisttrusselen” frå Arbeidarpartiet som hadde ein uttalt sovjetvennlig politikk. Det førte til ei veljarflukt frå Høyre til NS i 1934. Høyre mista 10 (ned til 13) mandat, i bystyret i Stavanger og NS fikk 8 (opp frå 0).<sup>76</sup> Stortingsvala i 1933 og 1937 syner at oppslutninga er lokal. I stortingsvalet i 1937 fekk NS 3,5% av stemmene, mot eit nasjonalt snitt på omlag 3%. NS vart oppløyst i Stavanger i 1937.<sup>77</sup> NS sin politikk appellerte. Oppslutninga i 1934 kom før NS fikk ein klarere nazistisk profil, med innførselen av Hird og meir aktiv bruk av symbolikk. Det vil difor vere feil å karakterisere NS som eit nazistisk parti i 1934. Noko historikar Magne Skodvin (1979) poengterer i sin gjennomgang av den politiske orienteringa til NS.<sup>78</sup> Ein stemme til NS er ikkje ei stemme til nazismen. NS er ”et livssynsparti med en sterk nasjonal –religiøs profil”.<sup>79</sup> Hovudkarakteristikken på eit NS-medlem, ein ung arbeidsledig mann frå borgarklassen.<sup>80</sup>

### 2.2.2 Stavanger under krigen – illegale radiosendarar, drap og sabotasjeaksjonar.

Stavanger er ein motstandsby under krigen. Der det er både militær og sivil motstand, englandsflukt, skipsspionasje og sabotasjeverksemd. Militært er området ein mogleg landingsstad for ein eventuell alliert invasjon fram til 1942.<sup>81</sup> Stavangerdistriktet er med sin geografiske plassering, og Sola-flypass, eit sjølvsgt militært mål under

---

<sup>73</sup> Ringdal 1987, s. 61.

<sup>74</sup> Johnsen 1981b.

<sup>75</sup> Johnsen 1981a.

<sup>76</sup> Johnsen 1981a.

<sup>77</sup> Johnsen 1972, s. 142.

<sup>78</sup> Skodvin 1979.

<sup>79</sup> Johnsen 1981a

<sup>80</sup> Johnsen W, 1981b & Ugelvik 1980.

<sup>81</sup> Nøkleby 2003, s. 112.

operasjon Weserübung 9. april 1945. Etter den tyske invasjonen, og etter at dei siste lokale militære styrkane i Rogaland overgav seg i Bjerkreim i 1940, fortsette motstandarbeidet mot den tyske militærmakta militært og sivilt, med englandsflukt, skipsspionasje og sabotasjeverksemd.<sup>82</sup> Det toppa seg i 1944 med drap av tyske sipo-offiserar og sabotasjeaksjonar.<sup>83</sup>

Etter krigsstillstanden i 1940 er det, fram til den allierte invasjonen i Nord-Afrika sommaren 1942 rykte om ein alliert invasjon i Noreg, og Rogaland.<sup>84</sup> Frå januar 1941 arbeidde medlemmer av Kompani Linge og Milorg med etterretning og planlegning ulike sabotasjeoperasjonar.<sup>85</sup> Frå januar 1942 får Milorg ein meir fastlagt rolle i regionen, med eigen samband og pionergruppe for å stø ein eventuell alliert invasjon.<sup>86</sup> Etter Telavågaffæren i april 1942 vart deler av motstandsnettverket rulla opp på heile Sørlandet, og det vart satt ein midlertidig stopp i arbeidet.<sup>87</sup> Frå midtsommaren 1943 vart operasjon "Akvarius" oppretta, eit samarbeidsprosjekt mellom Milorg og det engelske Secret Intelligence Service (SIS).<sup>88</sup> Målet er å gje dei allierte informasjon om tyskarane sin aktivitet i regionen. I 1943 gir nettverket opp deler av dette arbeidet. Det ga grobottn for ei ny motstandsgruppe; SABOR (Sabotasjeorganisasjonen). SABOR er i utgangspunktet knytt til NKP, men kommunistar og ikkje-kommunistar er ein del av organisasjonen. SABOR ønsker ei meir aktiv motstandslinje, med meir fokus på sabotasje og propagandaverksemd. Ein openbar fare med denne lina er at det og kunne virke og negativt, det kunne føre til represaliar frå tyskarane. For å sikre dette inngår SABOR ein avtale med Milorg at dei "ikkje skal aksjonere utan godkjenning derifrå."<sup>89</sup>

Med eller utan godkjenning frå Milorg, vart det aktive motstandsarbeidet trappa opp av SABOR i det siste krigsåret. Den første vellykka operasjonen er sprenginga av knottfabrikken i Hillevåg november 1944.<sup>90</sup> Deretter følgjer to likvidasjonar: 1. desember 1944 vart Gestapo-offiseren Herbert Geicke misshanda og drepen på ei hytte i Ryfylke. 5 desember vart statspolitimannen Leonard Wickstrøm skoten og

---

<sup>82</sup> Nøkleby 2003, s. 112

<sup>83</sup> Schanche 1979.

<sup>84</sup> Nøkleby 2003, s. 112.

<sup>85</sup> Schanche, 1979, s. 134.

<sup>86</sup> Schanche 1979, s. 140-143.

<sup>87</sup> Schanche 1979, s. 143, 146, 154.

<sup>88</sup> Schanche 1979, s. 191.

<sup>89</sup> Schanche 1979, s. 221. Sitat fra s. 228.

<sup>90</sup> Schanche 1979, s. 236-240.

drepen på open gate i Stavanger.<sup>91</sup> Som eit resultat vert tyskarane meir valdelege, og fleire familiemedlem til antatte gjerningsmenn vart arresterte av Sipo.<sup>92</sup>

Hausten og vinteren 1944/45 har operasjon Akvarius fått nytt liv, frigjeringa nærmar seg, og det er etablert ein ny radiostasjon. Denne gangen i Lutsivatnet i Sandnes. Sipo peilar radiosendaren og går til aksjon 4. april 1944.<sup>93</sup> To motstandsmenn frå SIS, Ernst Askildsen og Magne Bakka, vert arresterte under dramatiske omstende. I skotvekslinga som oppstod vart Politikommandøren i det tyske Sipo Frederich Wilkens skoten og drepen. Etter arrestasjonen vart Askildsen skoten og drepen, etter at han tok seg etter eit skotsår på beinet.<sup>94</sup>

### 2.2.3 Kva er statspolitiet?

Etter okkupasjonen av Noreg, er det viktig for tyskarane å få oppretta kontroll og samarbeid politiet, for slik å motarbeide motstandsørsla og trygge okkupasjonen. Politiet hadde inntil 1941 vært organisert under Justisdepartementet. Frå januar 1941 er Jonas Lie politiminister leiar for det nye politidepartementet. Nyordninga skapte ein sterk statlig kontroll. I det nye systemet er det i ordinære politiet skild mellom ordensoppgåver og kriminalsaker. Lokalt vil ein ikkje i alle distrikt finne denne delinga, med omsyn til talet på tilsette.<sup>95</sup> Det er ikkje slik at det er stor motvilje til denne prosessen hjå norske politimyndigheiter, derimot er det stor vilje til samarbeid. Både frå administrasjon og dei tilsette i politiet. Berre unntaksvis at tilsette gjekk frå arbeidet sitt. Det er naturleg å sjå reformeringa av politiet, *nyordninga* etter 25. september 1940, i samanheng med omorganiseringsprosessane før krigen.<sup>96</sup>

Under politiminister Lie er politiet organisert, som det tyske politiet,<sup>97</sup> i ordenspoliti (OPO) og sikkerhetspoliti (n. Sipo). Sikkerhetspolitiet, først leia av Oliver Møystad og seinare Karl A. Marthinsen<sup>98</sup>, er inndelt i kriminalpolitiet (Kripo) og grensepoliti (Grepo) til sist Statspolitiet.<sup>99</sup> Oslo, Stavanger, Bergen, Trondheim Tromsø og Kirkenes er *presidiebyar*, med eigne politipresidentar med ansvar for

---

<sup>91</sup> Schanche 1979, s. 241-242.

<sup>92</sup> Schanche 1979, s. 241-242.

<sup>93</sup> Schanche 1979, s. 271.

<sup>94</sup> Schanche 1979, s. 275.

<sup>95</sup> Ringdal 1987, s. 69.

<sup>96</sup> Ringdal 1987, s. 65.

<sup>97</sup> Tysk Sicherheitspolitizei – Sikkerhetspoliti (Sipo) med underavdelingene: Ordnungspolitizei (Orpo), Grenzpolitizei (Grepo), Geheime Statspolitizei (Gestapo) og Grepo

<sup>98</sup> Martinsen vert skoten i februar 1945.

<sup>99</sup> Nøkleby 2003, s. 36-37



omkringliggende område. Tilhøyande område til Stavanger og Rogaland større delar av Hordaland og Agderfylka. Politipresidentane svarte direkte til politiministeren og er øvste leiar for ordens- og sikkerhetspolitiet i sitt område. Orpo hadde ein politimeister ved ulike politikammer, og Sipo hadde ein politikommandør som sin leiar i presidiebyane.<sup>100</sup> Stapo vart ”fullstendig nazifisert”.<sup>101</sup> Alle tilsette, med unntak av nokre få i sentraladministrasjonen, er NS-medlemmer. Stapo er på lik linje med Gestapo eit politisk politi, med ansvar for å overvake og kontrollere den politiske aktiviteten, og det vart eit verktøy for å gjennomføre den politiske nyordninga under krigen. Stapo skulle og vere til hjelp for den norske befolkninga når dei vart utsett for overgrep frå tyskarar.<sup>102</sup> Stapo er oppretta mars 1941 og formelt organisert sommaren 1941, og hadde avdelingar i presidiebyane.<sup>103</sup> Stapo er ein eigen norsk organisasjon, direkte underlagt politiministeren, men fekk ordre frå det tyske Sikkerhetspolitiet. Noko som inneber at Stapo måtte overlevere rapportar og fangar til tysk politi, og i somme tilfelle måtte Stapo låne ut personell til det tyske Sipo. Stapo bestod av delar av det tidligare overvåkingspolitiet (tidlegare statspolitiet og oppretta 1937) og uttrykingspolitiet. I 1945 bestod Stapo av 180 mann nasjonalt.<sup>104</sup> Om lag femti av dei tilstøtte som tidlegare nemnd Stavanger og Skaar Pedersen.

Eit uttrykk som er brukt for å skildre situasjonen norske politifolk står i er ”mellom barken og veden”. På den eine sida er Politiet ein reiskap for den rådande samfunnsmakta og skal trygge samfunnet. På den andre sida er politiet avhengig av ein gjensidig tillit frå befolkninga. Norske politimenn er under krigen i ei knipe, der ein av ulike årsaker ønsker å fortsette arbeidet sitt, men må uttøve det i ein stat som er forandra, og der den same befolkniga opptre som fiende. Politiet hadde ein organisasjonskultur som sa at dei er til for å trygge samfunnet, uansett makthavar. Ei haldning ein finn i litteraturen er at politiet hadde ei pragmatisk haldning til kva rolle politiet skal spele i ein Noreg: Ein rettsstat treng ”ro og orden”, og ein treng politiet for å trygge rettsstaten.<sup>105</sup>

Organiseringa av politiet det første krigsåret er forlenginga av ein pågåande prosess som begynte før krigen. I 1929 er den første politiskolen etablert. Med politiskulen

---

<sup>100</sup> Ringdal 1987, s. 69

<sup>101</sup> Nøkleby 2003, s. 36-37.

<sup>102</sup> Ringdal 1987, s. 101.

<sup>103</sup> Nøkleby 2003, s. 36-37.

<sup>104</sup> Nøkleby 2003, s. 36-37 .

<sup>105</sup> Arnli 1976, s. 170-171.

økte opptakskrav, fysiske og faglige, og dei tilsette i politiet fekk høgare utdanningsnivå, rekrutteringa økte, lønningane steig og etaten fikk betre omdømme.<sup>106</sup> Likevel er ikkje organiseringa fullendt, og etter okkupasjonen fann norske myndigheiter organisasjonen som uegna for å løyse alle dei nasjonale sikringsoppgåvene som låg føre. Det vart det behov for fleire tilsette i politiet, og det igjen nødvendig å skape ei ny organisering.<sup>107</sup> I 1937 vart politiet omorganisert frå kommunal til statlig styring. Det er kulminasjonen av ein lengre prosess som førde til ein stadig meir profesjonalisert stab i politiet, som økte sterkt i anfall tilsette. I 1929 ble den første politiskulen etablert, med økte fysiske og faglege opptakskrav. Utdanningsnivået auka og lønningane steig. Heile etaten fikk betre status.<sup>108</sup> Ideane til omorganiseringa er henta frå Tyskland. Det er naturleg difor naturleg å sjå *nyordninga* etter 25. september 1940, i samanheng med omstruktureringa før krigen, men som ikkje er fullt ut fullført då krigen kom til landet.<sup>109</sup>

Ringdal (1987) viser til Arnlie (1979), og tar frem eit kohort og generasjonsperspektiv på kven som er tilsett i politiet. 9. april 1940 er det 2000 fast tilsette i politietaten, i tillegg er i underkant av 1000 hyra inn på kortidskontraktar for å styrke forsvaret av Noreg i forkant av krigsutbrotet. 8. mai 1945 er det tilsett 4500 personar.<sup>110</sup> Ein kan skilje mellom ut to generasjonar politimenn, tilsatt før og etter 1930.<sup>111</sup> Det er eit organisatorisk skilje mellom betjentar og administrativt tilsette. Kohorttanken kan ein utvide opp til krigen. Ein tredje kohort kan nyttast om dei som er tilsett i månadane før krigen. ein fjerde kohort, som Skaar Pedersen fell inn under, er tilsatt som ein del av nyordninga av politiet. Dei er nyutdanna konstablar og embetsmenn, med fullført jussutdanning eller frå politiskolen på Kongsvinger.<sup>112</sup>

Eit av dei store spørsmåla i politiet krigen er om det er naudsynt å melde seg inn i NS for å vere tilsett i politiet. Arnli forklarar kvifor mange tilsette i etatane til justis og politidepartementet som gikk inn i NS i løpet av 1939-1941. De viktigaste funna er: (1) Innmelding i NS er ein sentralt styrt prosess, men heng saman med fleire ytre organisatoriske faktorar som eksisterte før krigen. Det er eit sterkt skilje,

---

<sup>106</sup> Ringdal 1987, s. 57.

<sup>107</sup> Ringdal 1987, s. 65.

<sup>108</sup> Ringdal 1987, s. 57.

<sup>109</sup> Ringdal 1987, s. 65.

<sup>110</sup> Arnli 1976, s. 55.

<sup>111</sup> Arnli 1976, s. 55-58.

<sup>112</sup> Arnli 1976, s. 57-58

organisatorisk og kulturelt, mellom embets- og tenestemenn, dårlige lønsvilkår og avansementsmoglegheiter for tenestemennene før krigen, og dårlig kommunikasjon mellom dei ulike delane av politiorganisasjonen under krigen<sup>113</sup>. (2) Omorganiseringa<sup>114</sup>, Nyordninga, av politiet frå 1941 løyste og forsterka desse prosessane og gjorde det vanskeleg å skapa ein samla opposisjon mot NS-styret og tyskarane. Jonas Lie initierer ein vervekampanje då han overtok som politiminister i den kommissariske regjering 25. september 1940. Ministrane Lie og Riisnæs agiterer for at medlemskap i NS er det einaste alternativet for ”den nye tid”. Både i offisielle skriv og overfor sentrale personar i politiet vart denne lina presentert.<sup>115</sup> Politiforbundet, paraplyorganisasjonen for ulike fagforeiningar argumenterte og for medlemskap.<sup>116</sup> Sakte kjem innmeldingane. Nokre politikammer, t. d. Kristiansand jula 1940, motsette seg, men det kjem ikkje eit masseopprør. Til det er pressedekninga for liten og kommunikasjonen internt i politiet for dårlig.<sup>117</sup> Ved nokre kammer slutta heile eller store deler av tenestemennene seg til NS. Kor mange og kven som melder seg inn i NS før 1943, og før årsskiftet 1940/1941 vil variere frå distrikt til distrikt, frå eit par til hundre prosent.<sup>118</sup> Ein del av innmeldingane forklarar ein med at det i august 1943 er gjennomført ein aksjon, ein utrenskningsprosess med hjelp frå Stapo, for å tvangsinnmelde dei som då ennå ikkje hadde meldt seg inn. Noko som resulterte i at i overkant av 260 polititenestemenn frå heile landet vart sendt til Oslo og sver lojalitet munnleg framfor politiminister Lie. 16 avstod, nokre av dei hamna i tyske konsentrasjonsleirar. Slik Arnile skildrar det, er det legitimt å vere medlem av NS og samstundes vere eit passivt NS-medlem. De fleste politifolk er medlem av NS, ikkje av di det er naudsynt av politisk overtyding, men av di dei hadde eit pragmatisk forhold til ”den nye tid”.<sup>119</sup> Det er særleg eldre og dei som er tilsett etter 9. april 1940, som melder seg inn, enn dei som er tilsett i 1930 åra.<sup>120</sup> Om dei då ikkje allereie er medlemmer. I mai 1945 er ca 38,5% av de tilsette i politi og justisdepartementet registrert som medlemmer av NS. Dei som er tilsett under krigen ikkje er avgjerande for talet åleine, og dei førkrigstilsette meldte seg inn. 41,7% av

---

<sup>113</sup> Arnli 1976, s. 165-167.

<sup>114</sup> Arnli 1976, s. 169-171.

<sup>115</sup> Arnli 1976, s. 30-31.

<sup>116</sup> Arnli 1976, s. 33.

<sup>117</sup> Arnli 1976, s. 35.

<sup>118</sup> Ringdal 1987, s. 38-39

<sup>119</sup> Arnli 1976, s. 145.

<sup>120</sup> Ringdal 1987, s. 58-59

politietaten meldte seg inn.<sup>121</sup> Ein kan med rette si medlemskap i NS er norma for dei tilsette i politiet. Stavanger skil seg ut. I Stavanger er politileiinga pådrivar for medlemskap i NS, i motsetnad til Bergen og Oslo. Til tross for at politimeister Kvalsund, redaktør for norsk Politiblad, agiterer for å ikkje melde seg inn i NS er det mange som meldte seg.<sup>122</sup> Dei drivande kreftene lokalt er offiserar av lågare rang. Arnlie konkluderar at: Dei som meldte seg inn i Stavanger er unge, medvitne på den nye tids idear, til ”dels også for bruk av vold”, de hadde vært medlemmer av NS lenge før krigsutbrotet og hadde ein usedvanlig rask karrierestige.<sup>123</sup>

### 2.3 Det juridiske grunnlaget i eit nasjonalt og internasjonalt perspektiv

Skaar Pedersen er dømd etter – landssvikanordningane. Landsvik, kollabarasjon eller bistand til fienden, finn ein i den ordinære straffelova fra 1902 i to paragrafar:<sup>124</sup>

§ 86: Med hefte i mindst 3 aar eller med fængsel fra 3aar indtil paa livstid straffes den, som bærer vaaben mot Noreg, eller som under en krigm hvori Noreg deltager, eller med saadan krig for øie yder fienden bistand i raad eller daad eller svækker Noregs eller nogen med Noreg forbunden stats stridsevne. [...]

§98 den som bevirker eller medvirker til at rikets statsforvaltning ved ulovlige midler forandres.

Ein særleg merknad frå dei som vart klaga for å ha ”ytt fienden bistand” i rettsoppgjeret, og som ein merker seg at Skaar Pedersen viser til gjennom ankeerklæringa til høgsterett, er om Noreg er i krig. To forståingar av dette skapar to oppfatningar om kva krigen er. Norske myndigheiter, og høgsterett bygg landsvikanordningane på at Noreg fortsatt er i krig med Tyskland etter sommaren 1940. Det heile botnar i at ein kan tolke den norske og tyske versjonen av Kapitulasjonavtalen 10 juni 1940, ulikt. I §1 i kaputillasjonserklæringa står det i den tyske versjonen: ”Die gesamten norwegischen Streitkräfte legen di waffen nieder (...)”. I den norske versjonen står det: ”De samlede norske stridskrefter legger våpnene ned (...). Det ein ikkje er samd om er tydinga av den tyske frasen ”die gesamten” tyder, ”de samlede norske” eller ”samtlige norske gjenværende styrker i norge.”<sup>125</sup> Norske myndigheter, baserer seg på det siste, noko som og er klargjort i ettertid, men for dei som er klaga for landsvik er ikkje dette utan tyding. Slik det går

---

<sup>121</sup> Ringdal 1987, s. 37.

<sup>122</sup> Arnli 1976, s. 145-146

<sup>123</sup> Arnli 1976, s. 144

<sup>124</sup> Andenæs, s. 127.

<sup>125</sup> Andenæs 1998, s. 124.

fram av saka til Skaar Pedersen, baserer han sitt forsvar på at Noreg ikkje er i krig, men under okkupasjon og at landkrikslova er gjeldande.

Nyggaardsvoldregjeringa i London ser det under krigen at Noreg i krig, og fant at straffelova av 1902 aleine ikkje er passande på omstenda i Noreg, som ein del av førebuingarbeidet til frigjeringa starta dei arbeidet med det som for ettertida er kjent som dei provisoriske anordningane, tilføyingar til straffelova. Anordningane opna for dødsstraff ved alvorlig lekamsskading og drap, og ila straff for NS-medlemskap. Dødsstraffa er tatt inn i provisorisk anordning av 3. oktober 1941, som en som ei mogleg straffereaksjon der straffelova opna for livstidsstraff.<sup>126</sup> Regjeringa vedtok etter forslag frå Hjemmefortens ledelse (HL) landsvikanordninga slik den seinare er tatt inn som lov:

1. Den som etter 8.april 1940 har vært medlem eller søkt om eller samtykket i å bli medlem av:
  - a. Nasjonal samling eller organisasjon tilknyttet til den.
  - b. Annen organisasjon som har virket i strid med noen bestemmelser i straffelovens kap. 8 eller 9 krigsartiklene i den militære straffelov.
2. Den som etter 8. April har støttet en slik organisasjon som nevnt under nr. 1 eller straffbare tiltak som den har satt i verk.
3. Den som etter 8.april 1940 har utført eller deltatt i ervervsmessigt virksomhet for fienden på en slik måte eller under slike omstendigheter at forholdet må ansees utilbørlig.
4. Den som etter 8. April 1940 har foretatt noen handling som, uten å gå inn under nr. 1-3, rammes av noen bestemmelse i straffelovens kap. 8 eller 9 eller krigsartiklene i den militære straffelov.<sup>127</sup>

Anordninga er vedtatt av regjeringa i januar 1942, og står til den er fornya ny 15. desember 1944, utan endringar av tyding for vår sak. I mai 1945 kom det ei eiga anordning om straff for utanlandske krigsforbrytarar. 3. august 1945 kom ei ny provisorisk landssvikanordning og den gjekk inn i landssviklova av 1947.<sup>128</sup> Problemet med lova slik den går fram overfor er fleire og grunnleggjande, for det første er det tvil om moglegheita regjeringa hadde til å laga nye lover, utan at det hadde vore handsama av eit samla Storting. For det andre er formuleringane i anordninga i strid med den norske grunnlova. I tillegg kan ein sette spørsmål ved om det er rett legge ned juryordninga i alvorlege landssviksaker. Det er eit mål for dei norske styresmaktene at rettsoppgjeret akulle gå raskt og effektiv. For å ha moglegheit til å handsame alle rettssakene argumenterte heimefronten for at det vart gjort endringar i straffeprosessreglane; dei mest alvorlege sakene skulle gå rett til handsamning i lagmannsretten, og lagmannsretten skulle ikkje bestå av ein ordinær

---

<sup>126</sup> Andenæs 1998, s. 198.

<sup>127</sup> Andenæs 1998, s. 140-141.

<sup>128</sup> Sandmo 2006, s. 324.

jury, men av tre fagdommarar og fire domsmenn. Ei avgjerd om skyldspørsmål og dødsstraff trengte eit fleirtal på fem.<sup>129</sup> Argumentasjonen for denne ordninga er at det er enklare, krev mindre administrasjon og at bevisføringa ikkje vart halden attende, slik at dommane på tidligast mogleg tidspunkt ville vere klare. Skyldspørsmålet antok ein at i dei fleste sakene ville vere på det reine, om tiltala hadde gjort det personen er skulda for.<sup>130</sup> I tillegg vart fleire saker overført lokalt frå riksadvokaten til statsadvokaten, og det vart ikkje krav om at ein måtte legge fram alle tilgjengelege bevis. Ei rekke kritiske merknader er retta mot denne rettspraksisen, både under og etter rettsoppgjeret. Særlige stridsspørsmål rører ved to forhold. 1. At lover ikkje skal ha tilbakeverkande kraft. 2. At regjeringa ikkje hadde moglegheit til å skrive ut nye lover under krigen. Desse to spørsmåla vart endeleg løyst gjennom to dommar i høgsterett. Den første dødsdommen er dommen mot Stavangermannen Reidar Haaland. Høgsterett gav med si tilråding til denne dommen. Forsvaret argumenterte med at det ikkje er heimel i lov om å utstede ein dødsdom, då G§ 17 skriv at ”Kongen kan give og opphæve Anordningar, der angaa Handel, Told, Næringsveie og Politi; dog maa de ikkje stride mot Konstitutionen og de [...] af Stortinget givne love”<sup>131</sup>. Kritikken mot bruken av denne paragrafen er at denne ikkje er meint for at kongen, her regjeringa, skal kunne skrive ut nye lovar, men gje det som ein i dag betre kjenner som forskrifter. Lovar er det berre stortinget som kan vedta. I høgsterett vart dette drøfta, men ein kom fram til at det er den av ”grunnlovgiverne uforutsette situasjon – Noregs okkupasjon av fiendar under krig”, som tvinga frem Everumsfullmakta. Fullmakta stortinget ga regjeringa 9. april 1945, som opna for at regjeringa kunne handle på vegne av stortinget. Det er verdt å nemne at handsaminga på Elverum ikkje er avgjort formelt ved avstemming, ein vart eins om den i ettertid.<sup>132</sup>

Det er retta kritikk mot at landsvikanordningane er i strid med grunnlova: G§96 slår fast at ingen kan "dømmes uten etter lov", og § 97 i Grunnloven slår fast at ingen lov har tilbakeverkande kraft.<sup>133</sup> Sommaren 1945 hadde Johs. Andenæs og Frede Castberg, begge jussprofessorar, retta ein peikefinger mot den rettspraksis hadde festa seg. Dei ønska ikkje at ein skulle ta anordningane inn som lover i straffelova, då dei

---

<sup>129</sup> Sandmo 2006, s. 325.

<sup>130</sup> Andenæs 1998 i Sandmo 2006, s. 75.

<sup>131</sup> Sandmo 2006, s. 326-327.

<sup>132</sup> Sandmo 2006, s. 328.

<sup>133</sup> Sandmo 2006, s. 326-327.

er i strid med grunnlova og grunnleggjande rettsprinsipp. Her er ein inne på det som er den største kritikken mot, rettsoppgjeret: Er bruken av dødsstraff er ikkje gyldig då den er i strid med G§96, då den ikkje er ein del av den gjeldande straffelova frå 1902, og at ein dømde forbytarar etter ei lov som er satt etter at lovbrota hadde funne stad. I rettssaka mot Karl-Hans Hermann Klinge hausten 1946 er dette drøfta særskilt.<sup>134</sup> Andenæs, som og fungerte som høgsterettsdommar for Skaar Pedersen, er inhabil i denne saka, og måtte forlate sitt embete i forkant av handsaminga i høgsterett. I høgsterett er det avgjort at å dømme lovbrota, og til døden, slik anordningane la opp til, ikkje er i strid med grunnlova då dei ikkje er avleida frå grunnlova, men frå den militære straffelova. Ei lov som er gjeldane før krigen og som hadde opning for bruk av dødsstraff. Klinkesaka danna prejudikat i saker med same problematikk, mellom anna for Skaar Pedersen.

### **Del 3: Ulike forteljingar om SP - Historiebruken**

Å arbeide med *historiebruk* er å ha eit metaperspektiv på historiske framstillingar: å analysere, ikkje historia sitt innhald, men å analysere bruken av innhaldet i lys av samtida.<sup>135</sup> Å analysere bruken er å stille spørsmål om fortida; kven gjer seg nytte av fortida, kva er formålet og kva for virkemiddel er brukt.<sup>136</sup> Det som er hovudspørsmålet i denne delen av fortida er, kva skjer Ikkje minst spør ein etter kva det er som skjer med Skaar Pedersen når den vert fortald. Tilnærming til gjennom historiebruk er hermenautisk og sosialkonstruktivistisk. Ein tek utgangspunkt i at tekstar er framsett i ein kommunikasjonskontekst og er eit kulturprodukt, ytra i ein sosiokulturell kontekst med eit medvite motiv. Historiebruksanalyse er tufta på ei intertekstuell tilnærming til dei ulike tekstane, der dei er betrakta som narrativ, forteljingar om fortida, men produserte av nokon i ei samtid og er kulturprodukt. Historiebruken finn ein ikkje i bruken av fakta, men i ordbruk og korleis framstillingane er sett saman av fakta er satt opp.

I arbeidet med historiebruk ser ein på kva rolle/oppgåve/funksjon fortida har i høve til det fortidige. Historiebruk er ein viktig byggestein i historiemedvitet, då ein har

---

<sup>134</sup> Sandmo 2006, s. 336-337.

<sup>135</sup> Bøe & Knutsen 2012, s. 13, 15

<sup>136</sup> Bøe & Knutsen 2012, s. 13

moglegheit for å utforske korleis fortida vert nytta i notida<sup>137</sup>. Studiar i historiebruk tar sikte på å forklare kva behov fortida spring ut ifrå, kva for bruksområde som er aktuelle, kven brukarane er, og kva for funksjon bruken har.<sup>138</sup> Ei grovinndeling kan ein gjere mellom om ein pragmatisk bruk og ein antikvarisk bruk.<sup>139</sup> Pragmatisk er historie er ei kjelde til innsikt i korleis og kvifor noko er som det er, der ein finn mønster i tilveret, der ein skil ut noko som viktig og mindre viktig. Historia er då brukt til å skape ei kjensle av einskap om samhøyre. Ei finare inndeling kan ein gjere mellom vitenskapleg-, eksistensiell-, moralsk-, ideologisk-, ikkje bruk- og underhaldande- historiebruk.<sup>140</sup> Kategoriseringa er produktiv, men ei analyse av historiebruk må vere open for at ei historie kan ha fleire funksjonar, brukarar og dermed vere passe inn i fleire for fleire kategoriar. Omgrepa er nyttige i drøftinga av korleis historia er nytta. Særleg i høve til drøfting av bruk og missbruk av historie, som to ytterpunkt på eit historiebrukskontinuum der; ”Fortiden kan [...] bli presentert på en særlig måte fordi man ønsker å overbevise andre om at ens egen oppfatning av et konkret og aktuelt saksforhold er korrekt”.<sup>141</sup> Ei drøfting av historiebruk er med på å demme opp for *mytar* om fortida. Mytar er her definert som de ukorrekte allmenne oppfatningar. Mytar har ein funksjon i framstillingar i fortida, mytane ordnar fortida og gjør enkelte forhold tydelige, men dei er óg farlige, då dei kan formidle stereotypar og karikaturar.<sup>142</sup>

*Den vitenskaplege bruken* er knytt til den verksemda profesjonelle historikarar gjer når dei gjer seg nytte av seg av fortida gjennom kritisk kjeldegransking. Behovet er å oppdage og rekonstruere fortida, og funksjonen er å verifisere/falisifere og tolke informasjon. *Den eksistensielle bruken* knytt seg til trongen for å skildre det allmenne behovet for å minnas, og dermed oppleve forandring og orientering. Funksjonen er å forankre eller gje orientering i tilveret. *Den moralske bruken* er knytt til at aspekt ved fortida har ein etisk og moralsk verdi som samtida bør lytte til og læra noko av. At bestemte grupper av mennesket er undertrykt, eller at bestemte handlingar og veremåtar er særeigne for enkelte menneske og grupper. Funksjonen er å restaurere eller rehabilitere. Brukarane er dei breie folkegrupper. *Den ideologiske bruken* knytt

---

<sup>137</sup> Bøe 2006, s. 51-52

<sup>138</sup> Bøe & Knutsen 2012, s. 17.

<sup>139</sup> Bøe 2002, s. 15.

<sup>140</sup> Bøe & Knutsen 2012, s. 18-19 e. Klas-Göran Karlsson 1999, s. 58-61

<sup>141</sup> Bøe & Knutsen 2012, s. 19

<sup>142</sup> Bøe & Knutsen 2012, s. 20



seg til det å hugse ulike sider av fortida for å legitimera og begrunna bestemte syresetter eller ideologiar. Brukarane er intellektuelle eller politiske grupper. *Ikkje bruk* av historia skjer når handlingar eller synspunkt, eller bakgrunnen til visse personar eller folkegrupper er systematisk uteletne i samtida. Funksjonen er å rasjonalisere eller legitimere, og knyt seg til eit behov for å gløyme. Brukarane er intellektuelle og politiske grupper. *Den underhaldande* historiebruken knyt seg til det å ville underhalde. Behovet botnar i ein trong etter er å underhalde, forlyste, og oppmuntra og forførte. Funksjonen er å dagdrøyming, eskapisme, vitalisering og opplading. Den underhaldande bruken overskrider grensene til dei andre bruksformene ved at den kan gje eksistensielle svar, utfordre ein gjengs moral, vere ideologisk motivert, eller tilsløre aspekt ver fortida.<sup>143</sup>

I analyse av historiebruken av litterærare framstillingar er det naudsynt å ha med seg nokre omgrep om kommunikasjon i tekst. Kommunikasjon er å ytre ein *bodskap/ei meining*, og få *respons*, det finns ulike måtar å framstille dette på. Slik er kommunikasjon er ein tinga sosial prosess. Den mest tradisjonelle framstillinga er at ytringa skjer mellom ein *sender* og ein/fleire *mottakarar*. Situasjonen er bestemt av ulike faktorar: som i kva for *kanal* meininga vert ytra gjennom, teksten sitt innhald og kva denne er ytra som – *innkoding* - og korleis den vert tolka - *dekoding*. Sosiokulturelle rammefaktorar styrer prosessen. Bodskapen i ein tekst, eller det potensialet for meining;

danner utgangspunkt for all mediepåvirkning, men siden ethvert budskap er åpent for ulike tolkningar, avhenger den konkrete påvirkningen i hvert enkelt tilfelle av publikums subjektive fortolkningspotensial, og av den situasjonsbestemmelse som følger av mediebrukens sosiokulturelle kontekst.<sup>144</sup>

I praksis vil dette vere tinga av at forteljaren ikkje er i ei fri og objektiv rolle, den må balansere ytringane sine mellom den/dei som skal lese og mediet det er fortald i. Forteljaren er bunden til lesaren/mottakaren og er avhengig av å skapa det som ein i historiebruken skriv som *resonans* – skape brei klangbotn hjå folk flest, og vere ein del av det gjeldande *hegemoni* – ha moglegheit til å gjere sine ytringar kjente. Sagt enkelt: Forteljaren må gjere seg forstått og mottakaren må ha tillit til at bodskapen er

---

<sup>143</sup> Karlsson skil ikkje den underhaldande bruken ut som ein eigen kategori av historiebruk.

<sup>144</sup> Waldahl, Ragnar. 2000. "Medier og påvirkning". I *Medier påvirkning og samfunn*. Von Der Lippe, Berit og Nordhaug, Odd (red). Oslo: Cappelen.

korrekt. Om desse forholda er oppfylt og budskapet finner resonans hjå mottakaren vil det mediterte gå inn i det som vi i historiebruken kjenner igjen som erfaringsrommet. Når erfaringsrommet vert fylt med ein budskap eller underkommuniserer andre, vil den vere med på å bygge opp under ei kollektiv erindring/gløymse. Denne prosessen treng ikkje vere villa og styrt, dvs. vere ein del av ein politisk styrt gløymsepolitikk, det kan like gjerne vere individuelle og psykologiske faktorar som styrer denne. Den kollektive erindringa – det som står seg som ein kollektiv hukommelse eller gløymse – vil, om den er sterk nok, kunne danne grunnlaget for bestemte oppfatningar, og myter.

Saka om Hans Jakob Skaar Pedersen er drøfta og gjort reie for i fire tidligare framstillingar. Dei fire er: (1) *En dødsdom* av Erling Ueland (1976), (2) *Historie: Hans Jacob Skaar Pedersen* av Sven Egil Omdal (2003), (3) Ein kortare biografi av Skaar Pedersen av Anders Jaklin i *De Dødsdømte* (2011) og (4) i ein gjennomgang av Statspolitiet sitt virke under krigen i *Nådeløse Nordmenn: Statspolitiet 1941-1945* av Eirik Veum (2012). Ingen av desse er satt inn i eit større vitenskapleg perspektiv. Framstillingane inneheld, på kva sin måte, element for korleis ein skal forstå Skaar Pedersen sine handlingar og saka. Historiebruken i dei framstillingane er alle hovudsakleg døme på ein moralskhistoriebruk. Dei hevdar at det er aspekt ved fortida har ein etisk og moralsk verdi som samtida bør lytte til og lære noko av. Dei løftar Skaar Pedersen saka og han som historisk aktør opp i litteraturen fordi dei meiner at samtida har noko å lære av Skaar Pedersen. Funksjonen er å restaurere eller rehabiliter eit minne om han, men kva dette minnet skal vere er dei ikkje samde om. Ein moralsk historiebruk hevdar at bestemte grupper menneske, i dette tilfellet Skaar pedersen, er undertrykt, eller at bestemte handlingar og veremåtar er særeigne for enkelte menneske og grupper. Tekstane er meint å appellere til dei breie folkegrupper, då dei er publisert i bøker og aviser som er offentleg tilgjengelege. Det eg er interessert syne mi analyse er korleis desse historiene i ulik grad kommuniserer den same historia.

Av omsyn til omfang og fysisk plass er denne analysen retta om hovudlinene i framstillingane. Eg vil først seie noko om kommunikasjons situasjonen dei er framsett i, deira hovudsyn, og kva nye perspektiv dei legg inn i framstillinga. Målet er å få fram korleis bruken skiftar av omsyn til samtida sitt perspektiv og kva ein legg i saka til dei gitte tidspunkta. Alle framstillingane har i seg relevant fakta, som eg ikkje har

høve til å gå inn på og gje ei fullstendig analyse av, vere relevant når ein skal lage ei forteljing. I del fire tek eg inn korleis ein kan arbeide med desse framstillingane i klasserommet. Eit hovudfunn etter å ha analysert dei fire framstillingane her er at ein finn historiebruken uttrykt i dei delane kor fakta er bunden saman, særleg i den innleiande og konkluderande/avluttande delen av framstillingane. Merk at funn som det vert argumentert for i analysen er subjektive slutningar gjort av undertekna. Lesaren får sjølv gjere seg opp ei meining om dei ulike framstillinga gir er rette slutningar.

Det har er naudsynt å gjere avgrensingar, dette vil prege nokre av analysane. Ueland (1976) er ein lang tekst på over 66 sider. Analysen av teksten er sterkt redusert, det er fokusert på det som i teksten er særleg bruk, og hovudsyn. Jaklin (2011) og Omdal (2003), som har vist seg å innehalde mykje av dei sama elementa, er handsama forskjellig. I omdal si framstilling har eg vektla hovudelement framfor struktur.

### **3.1 Erling Ueland (1976) – Eit forsvarskrift til inga nytte.**

Advokat Ueland i *En dødsdom* (1976).<sup>145</sup> Boka er på om lag 17000 ord og strekk seg over 66 sider og 22 delkapitel. Teksten er ein prosatekst, med føremål å informere om Skaar Pedersen saka på andre premiss enn slik ein finn det i domspapira og i Stavanger Aftenblad under krigen. Boka er skriven på skrivemaskin og har ein enkelt layout. Det er ikkje nytta bilete eller andre nonverbale verkemiddel. Boka er gitt ut av forfattaren sjølv, og det er uvisst om den har eit opplag av tyding. Teksten er offentleg tilgjengeleg, og fins mellom anna på universitetsbiblioteket på Universitetet i Stavanger. Ueland var advokat for familien og ser ut til å ha hatt eit djupt personleg engasjement i saka, det er mogleg at ein og skal sjå boka som eit uttrykk for kva bilete familien har og hadde av saka og av Skaar Pedersen. Boka er forma som eit forsvarskrift av Skaar Pedersen og forfattaren kjem difor med ei rekke kritiske merknader til den juridiske og den moralske handsaminga av rettsoppgjeret i lys av Skaar Pedersen saka. Eit hovudssyn er at Skaar Pedersen handla og agerte i tråd med folkeretten, og at heile rettsoppgjeret er ei løgn. Boka er referanselitteratur for dei øvrige framstillingane, utan at den er oppgitt som kjelde. Den held seg til delvis til kjelder slik ein finn dei i det lukka landssvikarkivet. Framstillinga manglar oversiktlig litteratur og kjeldetilvisningar, men er med sine merknader og vitneprov, både frå

---

<sup>145</sup> Ueland, Erling 1976

tidsvitne og frå vitne som kjente han i ettertid, interessant, og ein kan nytte den som grunnlag for å få eit kritisk blikk på landsvikoppgjeret. Samstundes kan ein ikkje unngå å sjå ein desperasjon i teksten, der Ueland argumenterer for eit anna verdsyn for å reetablere Skaar Pedersen.

Ueland bruker mykje plass i framstillinga si på å gjendrive alle tiltalepunkta retta mot Skaar Pedersen. Det er ikkje høve til å gå inn på alle her, men ein merker seg hovudforsvaret: Skaar Pedersen handla som Statspolitisjef etter instruks ovanfrå men stod imot den tyske og norske overmakta og redda fleire frå å døy, ikkje ein nordmann vart drepen i Rogaland under krigen, og det ”i Rogaland, landets mest utsatte distrikt (...) var det fordi Skaar Pedersen var politisjef?”<sup>146</sup> Et sentralt punkt for Ueland er å drøfte kva det var som gjorde att han tok eit val 4. april 1945 om å delta i misshandling av nordmenn. Hovudgrunnen er at han ønskte å gå imellom nordmenn og tyskarane, slik han tidligare hadde gjort som lensmann i Koparvik. Dei fem siste vekene markerer eit skilje i framferda til Skaar Pedersen; slutten av året 1945 var det ”en amper stemning”<sup>147</sup> i og ”kaos”<sup>148</sup> Rogaland, den aktive motstanden hadde kosta Wickstøm og Geicke livet, og Skaar Pedersen, ”som støtta regjeringa i London”, skulle sikre ”ro og orden”<sup>149</sup> og sørge for krigslovene, havner i en vanskeleg situasjon ”når tyskerene truet med å gjøre represalier mot befolkninga: ”Det var da (4. april) han lot åpne dørene mellom [Stapo] og [Sipos] kontorer.”<sup>150</sup> Det Ueland bruker særlig med plass på er å finne beviser for at det var planlagt represalier, og at Skaar Pedersen hadde rett i at det var noe å frykte. Han viste at sabotasje kunne føre til represalier.<sup>151</sup> Eit av mottiltaka frå Sipo etter at Knottfabrikken vart sprengt og Wikstrøm og Geicke vart drepne i desember 1944, var å planlegge unntakstilstand og represalier, dei meiner at Stapo ikkje gjorde eit godt nok arbeid. Ueland skriver om korleis Skaar Pedersen gjekk til leiaren av Sipo i Stavanger, Wilkens, og hindra det. Men at det likvel vart utarbeidd ei liste over 11 høgtstående nordmenn som ein skulle avretta.<sup>152</sup> Det er vist til vitneskildringar og eit visseleg avisinnlegg som kan bekrefte

---

<sup>146</sup> Ueland 1976, s. 46.

<sup>147</sup> Ueland 1976, s. 40.

<sup>148</sup> Ueland 1976, s. 58.

<sup>149</sup> Ueland 1976, s. 58.

<sup>150</sup> Ueland 1976, s. 37.

<sup>151</sup> Ueland 1976, s. 58.

<sup>152</sup> Ueland 1976, s. 42. Dei elleve er: Skipsreder Ole Bergesen, bankdirektør John Myre, Direktør, Sigurd Barstad, direktør Sigurd Barstad, direktør Willhelm Kavli, skipsreder, E Bassøe, dampskipsdirektør C. Middelthon, disponent Ragnar Bull, disponent O. Thingbøe, disponent T. Bugge, konsul Torgrimsen, direktør Peter Holthe og konsul Ragnvald Bjelland.

at ei slik liste fantes. Resultatet Skaar Pedersen framstår som ein handlekraftig mann, som ikkje vart høyrte i ettertid: Ueland legg til at Statsadvokat Cappelen i januar 1947 sjølv hadde sagt at det var skremsler, og ikkje skriftlege bevis for ei slik liste. Omdal, som ein skal sjå har tatt tak i dette i si framstilling.

Ueland brukar mykje tid på å drøft kva ein bør tenke om rettsoppgjeret. Hovudsynet er at ein gjennom Skaar Pedersen saka kan sjå at dette er eit oppgjer som er prega av tilfeldigheiter eit manglande forsvar og ein svak juss, der tilegg er bevisføringa svært mangelfull. ”Vi kan dømme mer rettferdig” skriv han i innleiinga, med ein særleg som ein introduksjon til kva dette dokumentet er: framlegginga av ei sak som samtida bør lytte til for å ikkje gjere same feilen enno ein gong. Ueland innleiar boka med eit sitat frå den svenske historikaren Carl Gustav Grimberg:

Tyskland ble oversvømmet av en ren styrsjø av flyveskrifter, som var så hatske og løgnaktige at de bare overtreffes av løgnpropagandaen under vår tid verdenskriger. Aldri har vel ellers hederlige menn med fullt overlegg løyet og forfalsket til de grader som i tiden før tredveårense utbrudd<sup>153</sup>

Etter denne innleiinga følgjer det ein del kor han gjer reie for kven Skaar Pedersen er gjennom nokre vitnesbyrd. Lesaren får vita at han gjekk på gymnaset i Florø, arbeidde som kontorist, og at han der er skildra som ein god mann. Inntrykket er at det er snakk om ein normal gut som har levd eit vanleg liv.<sup>154</sup>

I Underkapitlet Personlalia oppsummerer forfattaren Skaar Pedersen slik han ser han: Han skriv at Skaar Pedersen er oppfostra med ei haldning som tilsa at det å gjere sin ”plikt var en dyd”, at grunnen til at han meldte seg inn i NS i 1934 er at han er ”sterkt forsvarsvennleg”. Relativt tidleg i framstillinga vert det gitt ein karakteristikk av Skaar Pedersen (s. 4-9), slik at, som forfattaren sjølv skriv: ”slik at vi kan bedømme Skaar Pedersens handlinger mer rettferdig”.<sup>155</sup> Her kjem det tydelig fram at forfattaren meiner at det er ein diskrepans mellom den Skaar Pedersen som vart dømd og den han i røynda er. 10 vitnesbyrd vert tatt fram. Fire av dei stammar, ut frå slik dei er daterte frå benådninga han har gjort til kongen i januar 1946, eit av dei er frå handsaminga i rettssystemet hausten 1945, fem av dei er frå då dei forsøkte å få opp att saka til ny rettshandsaming i 1952. Eit vitne for tene som dømte: Lars Bjarne

---

<sup>153</sup> Grimberg i Ueland 1976. S. 3.

<sup>154</sup> Ueland 1976, s. 5-8

<sup>155</sup> Ueland 1976, s. 3.

Tomasgaard ser på han ”som en god mann for diskttet”. Tomasgård refererer til då han arbeida som tilsynsmann for eit radiofyf, lot han det skine igjennom at han hadde hørt på radio-London, til tross for at han ikkje hadde lov og hadde avtale med Skaar Pedersen om å ikkje gjere det.<sup>156</sup> Ein skal merke seg at ingen av desse vitnesbyrda utalar seg negativt om Skaar Pedersen, dei skriv unisont og i store positive ordelag, noko som på den eine sida bygg opp om eit bilete av han som ein ”god nordmann”, men på den andre sida skapar det eit ironisk og einsidig bilete av han, då ein ikkje får noko negativ omtale. Dette illustrerer og eit poeng som eg gjennomgåande for denne framstillinga. Det er ingen kritiske merknadar til det Skaar Pedersen gjorde, som om alt var naturleg, at han hadde rett og alle andre gjorde noko galt.

Ueland merker til vitnesbyrda ”gir et glimt av den nordmann han alltid var”. Dette merker Ueland at viser at Skaar Pedersen ikkje er eining i alle saker NS sto for. Her viser og Ueland tydeleg at han prøver å endre synet på Skaar Pedersen. Han nytta reit ord som fellesskylda, som i den felles skylda som er gitt til NS –medlemmer om at dei var skurkar.<sup>157</sup> Eit slikt ord fins ikkje i dei vitnesbyrda og gir eit innblikk i at teksten han skriv i 1976 skal vere kommunisert i eit samfunn kor det er blitt git ei felles skyld over NS og deira medlemmar. Indirekte skildring av Skaar Pedersen finner i kapitlet arrestasjonen. 7. mai 1945 i Eiganesveien 7 vart Skaar Pedersen Arrestert. Fangane til Stapo og Gestapo er sluppne fri, våpna til Stapo er samla inn og arkiva sikra. Gestapomannen Hölscher, som er nemnd i domspapira, hadde tatt sjølv mord, og dei tre fangane han hadde haldt er godt i hald. Ueland Siterer sjefen for landsvikpolitiet, Benneche, som omtalte Skaar Pedersen som rolig og sindig, og hadde over tid sett på han som ein som oppførte seg ”humant og korrekt”. Ueland skildrar ein Skaar Pedersen som har akseptert at krigen er over, og som er førebudd på å samarbeide med det norske politiet. Han gir og innsyn i ei mogleg konflikt, der Skaar Pedersen er lova noko som ikkje vart halden. Sjefen for landsvikpolitiet hadde sagt til han at ”beklaget seg overfor S.P. at han pga. folkestemningen måtte arrestere ham, men at han ikke ville sitte lenge inne”.<sup>158</sup> Dette dannar ein overgong til at Skaar Pedersen sjølv er eit offer. Nokre månadar seinare, etter å ha først å ha vore utsatt for eit fire døgn langt forhør i lenker og utan søvn, vart han halden arrestert, og kor han gjekk ned fjorten kilo. Sidan, skriv Ueland, vart søkt pressa gjennom rettssystemet, og han

---

<sup>156</sup> Ueland 1976, s. 7.

<sup>157</sup> Ueland 1976, s. 8

<sup>158</sup> Ueland 1976, s. 15

skriv at ”det tidlig ble satt et mål om at han måtte dømmes raskt”. 17. juli 1945 kom oppmodinga frå statsadvokaten om å fortgang i saka, med ei purring ein måned seinare.<sup>159</sup> Seinare når saka kom opp hevdar Ueland at Skaar Pedersen fekk eit mangelfullt forsvar, der arkiva som kunne dokumentere hans og Statspolitietts verksemd under krigen, og som er intakte ved krigens slutt, vart halden ifrå forsvararane til Skaar Pedersen og at han sjølv ikkje fekk innsyn i dokumenta før rettssaka – ein menneskerett hevdar Ueland.<sup>160</sup>

Miljøet, er forstått som det nære miljøet om Skaar Pedersen vert gjort reie for under eit delkapittel om Statspolitiet. Skar Persen gjekk inn i Stapo i 1943. ”Stapo ble dømt som satan selv”. Her går Ueland inn og kommenterer ei oppfatning av kva Stapo er; ”underforstått at Stapo var ein krigsskapning med Quisling som far. Er dette rett. Svaret er nei”.<sup>161</sup> Han kjem etter med ei klargjering av kva Stapo eigentleg er: og gir ei historisk betraktning attende til første verdskrigen, kor Stapo er eit rusdrikkspoliti. Under krigen hadde det to funksjonar: 1. Være til hjelp når nordmenn ble utsatt for tyske overgrep. 2. Være NS til hjelp for gjennomføringa av den tyske nyordninga. Han poengterer at Stapo og det ordinære politiet arbeida saman under tyskarane og at dei fulgte ordrea gitt av dei, om deltaking på særoppdrag og å avga tenestemenn - slik at dei ”samarbeidet mer eller mindre intimt”.

På side fire kjem det fram, det som ein kan kalle for ei hovudkonfliktline i Skaar Pedersensaka, slik Ueland ser det. Skaar Pedersen står mot dei norske styresmaktene, og alltid har havna på den andre sida. Til dømes Skaar Pedersen forsøkte å melde seg til kamp 9. april 1940, ”men regjeringen som hadde sørget for at vi var forsvarsløse gjorde ikke en gang forsøk på å mobilisere”, skriv Ueland. Med denne vendinga søker forfatteren å sette opp ei konfliktline mellom dei norske styresmaktene og Skaar Pedersen, ei line som held seg gjennom hans framstilling. Effekten er at Skaar Pedersen er ein handlekraftig mann, i motsetnad til den norske regjeringa, som rømte landet. Skaar Pedersen er beredt til å gjere si ”plikt [då det] var en dyd”. Det vert og merkt at han ”aldri [var] blitt tiltalt eller straffet for noe før krigen”. Styresmaktene er slik, i følge Ueland løgnarar, som ikkje berre løyg til Skaar Pedersen, men til heile folket:

---

<sup>159</sup> Ueland 1976, s. 20.

<sup>160</sup> Ueland 1976, s. 20

<sup>161</sup> Ueland 1976, s. 9

Skal vi samle i få ord hva Høyesterett, heimefront og regjering påla nordmennene: ”Dere skal leve i fred og samarbeide med tyskerne og sabotasje må unngåas. Det vil føre ulykke med seg”<sup>162</sup>

Løgna er tatt opp fleire gonger i framstillinga, og han forsøker med dette å gjendrive det historiesynet som ein har på krigen. Ueland samanliknar landssvikoppgeret med ”hekseprosessene” og ”korstogene”.<sup>163</sup> Skaar Pedersen stod på rett side under krigen hevdar Ueland, han arbeidde med utgangspunkt i folkeretten, saman med tyskarane mot motstandsrørsla, fortrinnsvis kommunistane, og i det same saman med den norske regjeringa, som burde ha respektert folkeretten. I det siste kapittelet går han inn på at ein her har å gjere med eit sivilisasjonsbyggings prosjekt, der norske myndigheiter sveik sitt eige folk, gjennom at dei brøyt med folkerettsreglar ved at dei tillet motstandsrørsla å gjennomføre sabotasjeaksjonar, som dei viste ville føre til represaliar, og gjeninnførte dødsstraffa via landsvikanordningane på sviktande grunnlag. For å gje framstillinga ei avslutning gir med ein sterk moralsk appell til lesaren om at ”vi”, som ein og finn i sitata overfor, må ta lærdom av historia av denne saka som han no har lagt fram, og aldri gløyme at det var nokon som svikta under rettsoppgeret:

Folk som er gamle ser tilbake til humaniteten Norge fremmet i verden og sammen med andre skapte en bedre og tryggere tilværelse for enkeltmennesket. Vi var stolte over at vi tidlig avskaffet dødsdommen. Florence Nightingale og Alfred Dumand gjorde såleis sårede fiende til venner. Det gjorde det til en hellig plikt å pleie dem. Vi var med.<sup>164</sup>

Han avsluttar med å kommentere grunnova:

Grl. §96 sier: ”ingen kan dømmes uten etter lov-” og loven vedtas av stortinget. Det kan ikke og har ikke villet delegere sin makt. Tolstoi skrev i sin bok: Hva skal vi gjøre: ”For tredve år siden så jeg i Paris hvordan man i nærvær av mangfoldige tusen tilskuere guillotinerer et menneske. Jeg viste at dette menneske var en fryktelig forbryter, jeg kjente at alle de argumenter som mennesker århundrer igjennom har fylt med bøker med for å bevise det forsvarlige i den handling som her fant sted etter noen moden overveielse med velberåd hug. Men i det øyeblikk hode skiltes fra kroppen og falt ned i kassen, da stønnet jeg og fattet, ikkje bare med min forstand, ikkje bare mitt hjerte, men med hele mitt vesen at alle argumenter som jeg hadde hørt anføre til forsvar for dødsstraffen ikkje annet enn djevelens hjernespin. Jeg forstod at selv om alle mennesker i hele verden og like fra verdens skapelse var av sams om å avklare dette for nødvendig så vet jeg at dette ikke er nødvendig [sic.]”<sup>165</sup>

## Hovudsyn.

Ueland nyttar Skaar Pedersen-saka til å argumentere for ei forandring i korleis ein skal sjå attende på rettsoppgeret. Med teksten hevdar Ueland at saka illustrerer eit

---

<sup>162</sup> Ueland 1976, s. 22.

<sup>163</sup> Ueland 1976, s. 63.

<sup>164</sup> Ueland 1976, s. 61.

<sup>165</sup> Ueland 1976, s. 66



problem kor ein kan, om ein kan forandra synet på det som skjedde med Skaar Pedersen, lære av rettsoppgjeret, og forandra det til rett i framtida. For å oppnå denne målsettinga må han reetablerer han Skaar Pedersen, minnet om han og saka hans på andre premiss enn kva hans samtidige dommarar fann det under rettsoppgjeret. Retorikken retorikken i framstillinga er å argumentere i Skaar Pedersens favør, der han reetablerer eit verdssyn som han meiner er tapt for samtida. Ueland si framstilling er viktig, då den får fram ei side i saken som ikkje kjem godt fram i samtidskjeldene frå krigen, men han mister noko på vegen. Framstillinga er meningsstyrt. Forfattaren refererer kunnskap og refererer kjelder som stør hans eigne meininger om saka, med det resultat at han reduserer han truverdet sitt.

### 3.2 Sven Egil Omdal (2003) – Ein av dei tre stavangermennene

Journalist Sven Egil Omdal hadde hausten 2003 ein artikkelserie i Stavanger Aftenblad sitt helgevedlegg Pluss, om dei tre Stavangermennene som vart dømde og fekk fullbyrda sin dødsdom i rettsoppgjeret, ein av desse er Skaar Pedersen.<sup>166</sup> Omdal har ikkje oppgitt kjelder i sin artikkelserie, men slik det kjem fram i artikkelen bygg han teksten sin på familiekjelder, truleg dagboksnotat og memoarar til søstera Åsta Pedersen, og eigne intervju med tidsvitne. Truleg er og Ueland si framstilling ei kjelde. Teksten til Omdal er på standard størrelse for ein avisartikkel, om lag 5000 ord, og er i avisa supplert med fem bilete.

Det første som møter lesaren er ingressen, med stor utheva skrift fangar dette lesaren:

Den 4. april blir Magne bakka ført inn på gestapokontoret i Eiganesveien i Stavanger og kastet i mørkecellen. Det er krise i byen. Ute ved Lutsivatnet ligger kommandør Wilkens død, drept av Magne bakka og Ernst Askildsen. Nå kan Stavanger bli offer for standrett og gisselskyting. Statspolitisjef Hans Jakob Skaar Pedersen tar en avgjørelse. Den mest dramatiske han noen gang har tatt.<sup>167</sup>

Med dette er sympatien for Skaar Pedersen satt. Teksten summerer saka slik den skal er lagt fram i hovudteksten, i ei dramatisk tid gjer ein person eit val som skal få ”dramatiske konsekvensar”.

Bileta i artikkelen bygg historisk autensitet og realisme. Ingressen er satt saman med eit bilete av Skaar Pedersen som russ, noko som underbygger Skaar Pedersen som ein vanleg mann, det skapar ein kontrast til dei handlingane den same personen vert skulda for i tekste. Dei er med på å sette lesaren inn i den tida det skal forteljast om.

<sup>166</sup> De andre to var Reidar Haaland og Holger Tou.

<sup>167</sup> Omdal 2003, s. 18.

Det andre biletet på side 19 og er av eit folkehav utføre rettslokalet i sparekassen sine lokale ved domkyrkja i Stavanger: ”Det var trengsel både utenfor og inne da Hans Skaar Pedersen ble ført inn i tiltaleboksen”. Det tredje bildet er av en gruppe hjemmefrontsoldater med våpen utanfor ”det beryktede hovudkvarteret til Gestapo og Statspolitiet i Stavanger i Solvang Aldershjems lokaler i Eiganesveien”.<sup>168</sup> Det fjerde biletet er av Skaar Pedersens medlemsbok, med medlemsnummer (10447), og har med mellom anna underskrift av Quisling. Det femte biletet som er plassert rett under det førre er eit av ei gruppe gestapomenn i uniform, ”som planlegger en aksjon”.<sup>169</sup> Bilde seks og sju er plassert på siste sida i artikkelen. Det sjette biletet er ein karikaturteikning av Skaar Pedersen i profil henta frå SA 6.juni 1945. Det siste biletet i artikkelen er av holmen i Lutsivatnet. Bilde skildrar svart røyk som stig opp frå holmen. Etterdønningane av kampane 4. april.

Hovudteksten er delt opp i nitten delar. I den første delen vert hovdekonflikten i saka og framstillinga satt. Han begynner med ei skilding av korleis familien tok imot dødsbodskapen frå domsprost, korleis ”Tyras (søstera) sin gråt brøt den lange stillheten ved frokostbordet”.<sup>170</sup> Med dette er familieperspektivet tatt inn i framstillinga om Skaar Pedersen. I framstillinga til Omdal er han ikkje bare nazist, og statspolitisjef han er en sønn, en bror en onkel. Familieperspektivet er eit hovudsyn i teksten, fleire gonger i teksten vender han attende til dette perspektivet, både på side 19 del. 4-5, og 18-19. Perspektivet tilfører nye moment i saka, både om oppvekst, familieforhold, utdanning og yrkesliv før krigen, og korleis familien opplevde sake da og korleis dei har levd med det i ettertid. I del 4. Er lista over dei elleve stavangermennene, som og Ueland tek opp si framstilling, tatt opp for første gong. Den er og nemd seinare i teksten som ein del av forsvaret av Skaar Pedersen, men i denne delen er den tatt inn som om den er familiens versjon, ”men hittil har alle ører vært døde”. Vidare går Omdal inn på familieforholdet, at han er født i Stavanger, korleis ”farens apoterekvriksomhet flyttet fra by til by”, til Kopervik og Florø. Heimen er skildra som ”ikkje religiøst, men likvel svært puritansk og strengt.” Faren skulle en gang ha reist seg på en kino fordi noen kysset kvarandre. Politisk høyrte familien til på høyresida i norsk politikk, kor faren opphavleg er høyremedlem, men ”meldte seg [...] inn i nasjonal samling etter at tyskerne hadde okkupert landet og

---

<sup>168</sup> Omdal 2003, s. 19-20.

<sup>169</sup> Omdal 2003, s. 22.

<sup>170</sup> Omdal 2003, s. 19.

flere år etter at alle de seks barna hadde meldt eg inn”. Grunnen til dette er at han ”ikke ville høre om alle hodene som skulle rulle når oppgjørets time kommer.” Selv om de er NS medlemmer ville de ikkje tene pengar på krigen. Det er referert til at faren ikkje ville ha einerett på å selge medisinar til tyskarane. Inntrykket er at Skaar Pedersen kjem frå ein familie som står i opposisjon til det øvrige samfunnet. I del 5. Går Omdal inn på dei åra som ikkje er omtalt i rettspapira, åra før krigsutbrotet, og kvifor han ”ble nazist”. Forklaringa slik Omdal skriv det er at då han seila med den norske amerikalinje, etter to år på handelshøgskulen, traff han mange tyskarar som overtydde om at ”nazismen er en overlegen ideologi”. Etter landgangen i 1934, i Egersund vart han medlem av NS og avla artium. Han begynner på jussstudiet, ”men ville helst bli gartner”. Som ei innleiing til virket hans under krigen skriv Omdal om Skaar Pedersen som ein nasjonalist, ”en som reagerte på alt han betraktet som normoppløsende”, det er referert til at han haldt handa på hjarta når fedrelandssangen vart spelt”. Del seks, der det vert gjort reie for virket hans under krigen, er innleia med at ”han meldte seg til teneste for å forsvare fedrelandet, men kom aldri i kamp”. Del 18-19 er familieperspektivet igjen tydeleg. I del 18 som er ein del som er vigd lagmannsretten si avgjersle om dødsstraff er det sitert eit dikt av søstera:

Klokken 18 den 30. oktober står Hans Jakob Skaar Pedersen i en fullpakket lagrettssal og hører med sammenbitte kjaker at han er dømd til døden – mot en stemme. ”Hva har en Pedersen I å stille opp med imot en Cappelen I en Benneche I en kluge?”, skrev han søster Aasta Lie i en diktsamling som Gyldendal ga ut i 1979. Hun fikk ikkje slippe inn i rettsalen. Det kunne virke uheldig på tiltalte, sa aktor. Hun satt hos sin far, som fylte 68 år den dagen beskjeden kom: - Det ble dødsdom.<sup>171</sup>

Del 19 inneheld skildringar av korleis han hadde det fengsel, i lagårdsveien og seinare Bergen, Høgsterett si kjenning, søknaden om benådning og familiens og hans egen reaksjon på den endelige avgjersla om dødsstraff. Det er nevnt at han i fengselet gikk ned 17 kilo, fikk gule og blå flekker i huden (malaria), fant Jesus og ”spiste havresuppe uten å kny”. Frå høgsterett er det lagt vekt på Alten sin avgjørelse som er den eneste som ikke stemte for livsvarig fengsel. Delen, og framstillinga er avslutta der den begynte, ved frukostbordet til familien Pedersen. Søstera Aasta er vigd plass i dei siste to avsnitta, der ho, ”i dagboken noterer [...] en dag i 1999, med grov tusjpenn og skjelvende håndskrift”, fordømmer bruken av dødsstraff og ber om ei offentlig orsaking:

---

<sup>171</sup> Omdal 2003, s. 23.

I en tid da Generaler (Bull Hansen) uttrykker beklagelse over straffemetodene anno 1945, og utenriksminister og utenriksminister Vollebæk flyr til USA og appelerer til de høyeste: Please stopp bruken av dødsstraff, skulle det være for mye forlangt å be om en bitteliten beklagelse, også over straffens anvendelse i eget rede, ikke i hans tid, i min tid, i familiens Pedersens tid, en ganske alminnelig norsk familie som maltes sønder mellom krigens kvernsteiner.<sup>172</sup>

Hele teksten rundes av med å nevne at denne offentlige beklagelsen ho venta på i 55år aldri kom, og at hun tre år seinare hoppa utav vinduet å aldersheimen. Familieperspektivet i framstillinga opnar for nye måtar å sjå Skaar Pedersen på. I teksten er han ikkje landssvikar, eit ord som heller ikkje vert nemnd, men nazist, nasjonalist, bror, sønn, kolega.

Hovudvekta i framstillinga er lagt på å få fram dei momenta Skaar Pedersen brukte på å forsvare seg, og som og er familien sitt syn. I denne samanhengen er drapa på Wickstrøm, Geicke og Wilkens, saman med at han at han fekk truslar retta mot seg om blanding, likkister tilsendt i posten, ikkje tør gå ut om kveldane og gjekk med våpen, tolka som om han er redd. Redd for kva som kunne skje med nordmenn om han ikkje gjekk imellom. Det er ikkje slik at det han gjorde i kjellaren og på kontora til Gestapo er underkommunisert, alle tilhøva av misshandling er der, allereie i dei første delane av framstillinga, men det er lagt stor vekt på at deltok på misshandlinga for å spare norske fangar, og at han er redd for at tyskarane skulle gjere alvor av trugsmål om bruke represaliar for å stoppe motstandsrørsla. At han er og overtydd om at tyskarane ville henrette dei 11 framtrédande Stavanger-borgarane, som ein reaksjon på at Wilkens i Sipo vart drepen. 4. april er i denne samanhengen ein dato Omdal markerer tydeleg. Det er datoen for aksjonen på Lutsi, arrestasjonen av Einar S. Årstad, og datoen for at ”han for første gang i sitt 37 år lange liv” brukte vald mot eit anna menneske, han er sjølv sitert på at ”han alltid var motstander av tortur”. Forklaringa er at Skaar Pedersen er redd og frykta for sitt eige liv, og konsekvensane av at tyskarane ser at dei kom til å tape krigen. Omdal skriv i del tre, etter at misshandlinga er skildra i del to, at:

Datoene er helt sentrale i mysteriet Hans Skaar Pedersen [...] Tyskland ligger i ruiner. Selv de blinde kan se at kapitulasjonen kan komme hvilken dag som helst. Det er tid for å sikre seg. Istede går Skaar Pedersen over den grensen som skal få en av de fremste norske jurister i norsk historie, daværende høyesterettsdommer Johs. Andenæs til å dømme han til døden [...]<sup>173</sup>

---

<sup>172</sup> Omdal 2003, s. 23.

<sup>173</sup> Omdal, s. 19.

Utdraget er ei historisk parallellisering, som sett Skaar Pedersen inn i eit større heile, og det er illustrerande for eit anna grep Omdal gjer, kontrastering. Gjennom heile teksten speler han på kontraster: korleis familien skil seg frå omverda med å vere medlemmer av NS, korleis familien i ettertid har halde seg til ein anna versjon av Skaar Pedersen enn allmennheita, og at det er et sprik imellom den Skaar Pedersen som er Staposjef før og etter 4. april. Eit grep som er gjort er å skrive inn nasjonalisten Skaar Pedersen saman med nasjonalistane Askildsen og Bakka. Som tidligare nemnd er Skaar Pedersen skildra som nasjonalist. Ein som held handa på brystet når fedrelandssongen spelar. Etter overgivnaden på Lutsi 4. april 1945, song "heltane" Askildsen og Bakka fedrelangssongen "Gud signe Norges land".

Omdal har lagt til nokre nyanskaffa tidsvitneskildingar til saka. Han har intervju av ein kollega av Skaar Pedersen som og satt fengsla saman med han, ein medfange frå fengselsopphaldet i Bergen, og statsadvokat Andreas Cappelen. Dei gir noko ny informasjon om saka: Både om korleis Skaar Pedersen vart oppfatta som kollega: "Vi underordnede i Statspolitiet kalte han for hornblower fordi han er som Foresters sjøhelt: innerst inne litt usikke, men med en voldsom handlekraft utad."<sup>174</sup> Om forholdet til tyskarane (Gestapo) kan ein tidl. Stapomann fortelje: "men vi viste jo at han mislikte tyskerne og ha ledelsen selv i vår egne aksjoner".<sup>175</sup> Om korleis han hadde det i fengselet kan ein medfange, og tidligare kollega frå Orpo fortelje at:

[H]an så syk ut.- han skalv og var gul i huden. Jeg fikk senere vite at han hadde jevnlig anfall av malaria. Men han så på meg med fast blick og sa: "-hvis du ser noen i min avdeling, så si at de skal hevvisse til meg. Jeg tar ansvaret for det de gjorde."<sup>176</sup>

Andreas Cappelen, konsituert statsadvokat i landssviksaker i Rogaland, som det i teksten er hinta om at er inhabil i saka, då han "sjølv var eit torturoffer for Hölscher", kan på si side forklare at han ikkje hugsar at det eksisterte ei liste som kunne verke til fordel for Skaar Pedersen under rettssaka.<sup>177</sup> Tidsvitneforklaringane er nyvinningar til saka, og bygg opp eit truverd om den framstillinga Omdal har skrive.

---

<sup>174</sup> Omdal, s. 21.

<sup>175</sup> Omdal, s. 21.

<sup>176</sup> Omdal, s. 23.

<sup>177</sup> Omdal 2003, s. 22.

## Hovudsyn

Omdal legg særleg vekt på at Skaar Pedersen stod i ein særleg val situasjon 4. april, mellom å slå og ikkje slå. Og at Sipo og Stapo er to separate miljø med ein ikkje altfor djup samrørsle. Markerer ein tydleg valsituasjon 4 april, og denne terskelen, moralsk og fysisk han trår over denne dagen. Eit særleg grep hjå Omdal er at han sett Skaar Pedersen saka i samband med dei dramatiske hendingane på Lutsi 4. april 1945. Aksjonen er den siste og mest dramatiske aksjonen mot motstandsrørsla i Rogaland. Hendinga er ikkje tatt omsyn til i rettsdokumenta, og er ikkje avgjerande for forsvaret av Skaar Pedersen. Grepet omdal gjer med denne saka er for det første at han skriv Skaar Pedersen inn som ein kontrast til heltane som kjempa mot tyskarane, for seinare å reetablere han som ein mogleg helt som og redda liv. Han argumenterer som om dette er noko som ein burde ha teke omsyn til under rettsoppgjeret. Han får og fram eit poeng med at Askildesen døydde som ein helt på den rette sida, Skaar Pedersen døydde som ein landsvikar, sjølv om han redda liv, på den andre. Teksten appellerer ikkje til ein juridisk diskusjon, lovparagrafar er ikkje tatt inn, men appellerer til ei moralsk etisk drøfting med utgangspunkt i om det var rett å dømme Skaar Pedersen til døden for det han gjorde, i lys av ettertida. Omdal legg ikkje skjul på at han er nazist og deltok i misshandling i april 1945, og arbeidde saman med tyskarane, men at det er noko han vert ikkje noko han i utgangspunktet er. Familieperspektivet opnar for spørsmål ved om ein no kan forstå dei vala han gjorde, utifrå det perspektivet ein har no har 70 år etterpå. Omdal vel altså å posisjonere framstillinga si midt mellom to standpunkt der Skaar Pedersen kan vere ein helt eller ein torturist. Svaret må lesaren sjølv drøfta.

### 3.3 Asbjørn Jaklin (2011) – Ein av dei 25 dødsdømde.

Asbjørn Jaklin gir i sin framstilling *De dødsdømte* (2011) ein komprimert og oppsummerande framstilling om Skaar Pedersen. Det aktuelle kapitlet om Skaar Pedersen går over 20 sider frå, s. 96-113. Jaklin viser i teksten og i kjeldeliste til eit breitt spekter av kjelder. Hovudkjeldene er henta frå landssvikarkivet sak 717, og det er sitert frå avhøyrerapportar, ankeerklæringar og søknad om benådning derifrå, domspapira frå norsk rettstienst/riksadvkatens meddelelsesblad er og tatt med. Av sekundærlitteratur siterer han Ringdal (1987) *Mellom barken og veden*, Nøkleby (2003) *Gestapo: Tysk politi i Noreg 1940-1945* og Omdal (2003) si framstilling i Stavanger Aftenblad.

Det avgjerande grepet i framstillinga er det komparative perspektivet. Det gjer seg gjeldande på to måtar, for det første kan ein lese saka oppimot dei andre 24 andre nordmennene som er dømdde og avretta etter krigen. Den mest klare som er tatt opp i delkapiltlet om Skaar Pedersen er Holger Tou saka. Allereie på første sida av framstillinga er dette tydeleg, der er det tatt inn to bilete, eit av Skaar Pedersen, eit av Holge Tou. Skaar Pedersen er portrettert i sivil dress, i ein positur rett forann. Holger Tou er portetert i Politiuniform, med eit tomt blick mot kamera. I underteksten til bileta står det:

**Hard dom?** Stavanger statspolitistjef Hans J. Skaar Pedersen (over) ventet med å knytte nevene til april 1945, og da – ifølge ham selv – kun for å redde Stavanger fra ei større ulykke. Tyskerne henrettet ingen under Skaar Pedersens tid som politistjef. Selv måtte han i etterkant bøte med livet.

Og om Holder Tou står det:

**Verstingen:** Etter å ha gjennomgått halvannet år i brutalfrentkjempertjeneste ble Holger Tou jr. Stavangers verste torturist. Han ble dømt til døden i høyesterett<sup>178</sup>

Slik vert konflikten i Skaar Pedersen saka satt, han som slo for å redde nordmenn frå å døy. Tou-saka er tatt inn som eit døme på at Skaar Pedersen kunne vita om eller burde ha vist betre om kva hans egne menn gjorde i samråd med Gestapo. I det andre komparative perspektivet viser rettar Jaklin fokus på Skaar Pedersen sjølv då han skil mellom Skaar Pedersen før og etter krigen. Hovudsynet til Jaklin, illustrert i tittelen til delkapitlet i framstillinga, ”En uklanderlig Jurist”, ser på handlingane til Skaar Pedersen i lys av det miljøet og samfunnet har er ein del av. Samanlikningane slik dei er framstilt lagar kontrastar i saka og om Skaar Pedersen som person.

Innleiinga, går over to sider og er ein komprimert samandrag av den saka Jaklin presenterer. Innleiinga begynner med ein historisk paralellisering til korleis krigen utvikla seg i Europa:

Det tredje riket vaklet. Over hele Europa forberedte Tysklands venner seg på at det gikk mot slutten. Det ville komme et oppgjør, seierherrene ville ta sin hevn. Det gjaldt å være mer forsiktig enn før, å sikre seg, resonnererte mange av dem som på et eller annet vis hadde samarbeidet med den tyske okkupanten.<sup>178</sup>

Denne skildringa er satt saman og dannar ein kontrast til Skaar Pedersen som ”ikke tenkte slik”: ”samme dag som den danske 1. arme nedkjempet det tyske forsvaret ved Karlsruhe, trakk han sin Walter tjenestepistol, banket på døren til tannlege Einar S.

---

<sup>178</sup> Jaklin 2011, s. 97.

Årstad.” Ein merker seg at dette er det same fortaljargrepet som Omdal nyttar i si framstilling. Innleiinga fortsetter med ei kort innblikk i kva han vart dømd for, middhandlinga av Einar S. Årstad og Thor Kluge. Omdal vel å ikkje skildre i detalj kva torturen gikk ut på. Om Årstad skriv han: ”brakk to ribbein og skadet nyrene”. At han ikkje skildrar misshandlinga i detalj ein tolka som eit forsøk på å tone ned det Skaar Pedersen gjorde, for å skape ei balanse i framstillinga. Han rundar av innleiinga med å gje eit kort blikk inn i dei to hovudlinene han skal følge seinare i framstillinga si, at Skaar Pedersen vart dømd til døden og at det satt familien ”i dyp fortvilelse”.<sup>179</sup>

Dernest begynner sjølve hovudframstillinga. Lesaren veit no kva ein kan vente seg av framstillinga. Hovuddelen startar med ein biografi, med hovudvekt på at han er nasjonalsosialistisk, nøysam og pliktoppfyllende; Han ”lærte tidlig å gjøre sin plikt” og vart ”oppdratt i en streng og puritansk ånd”.<sup>180</sup> Jaklin bruker sitatet og samandragningar av sitat frå dei som kjente han. Effekten er at lesaren opnar for at det er fleire måtar å sjå Skaar Pedersen på. Jaklin forbereder slik lesaren på at det må vere noko som gjer at Skaar Pedersen forandrar seg, og vert ein av dei dødsdømde.

Når biletet av Skaar Pedersen er satt går Jaklin inn på dei tilhøva om ein kan kritisere Skaar Pedersen for. Om medlemskapen i Nasjonal Samling presenterer Jaklin til fire faktorar som gjorde at han gjekk inn i partiet: (1) At det ”[i] partiet fantes et tankegodes som appellerte til en forsvarsinteressert 25 åring med eit klart standpunkt mot den internasjonale kommunismen”. (2) Han tek og med at alle andre i familien og er medlemmer av NS: ”Familien var en nasjonalsosialistisk bastion i en del av landet som var sterkt polarisert mellom et radikalt Arbeidarparti og er relativt sterkt Nasjonal Samling.” Slik peker han på ei (3) radikaliserings av Skaar Pedersen, som arbeidsledig ”ble bitter på den rådende samfunnsorden og syntes at demokratiet og parlamentarismen hadde spilt fallitt”. Jaklin konkluderer at dette står i kontrast til andre: ”I en tid da tusner gikk arbeidsledige var det få som trakk den samme konklusjonen”.<sup>181</sup> Den siste årsaka (4) er at han som arbeidsledig reiste til sjøs og trefte tyskarar og vart medlem av NS etter at han kom i land i 1934.

Den neste fasen i framstillinga er fokusert om handlingane til Skaar Pedersen ved krigsutbrotet,. Han tek med at Skaar Pedersen forsøkte å melde seg 9. april, men ikkje

---

<sup>179</sup> Jaklin 2011, s. 97-98.

<sup>180</sup> Jaklin 2011, s. 98.

<sup>181</sup> Jaklin 2011, s. 99.



kom i kamp. At han tok juridisk embetseksamen i 1941 og fekk seg jobb i Torridal, at han seinare fekk seg arbeid som ordførar og gruppeførar i Kopervik. Til det siste nemner han saka med ekteparet Watne, som han fekk redda bort frå inndraging av formue og arrestasjon. Jaklin legg vekt på at Skaar Pedersen tok kontakt direkte med Quisling i saka.<sup>182</sup> Om dei neste stega i periodane tek Jaklin med at Skaar Pedersen vart kalla til ei stilling i Innanriksdepartementet i Oslo, for å arbeide med nyordninga av politietaten. Dernest nemner han to val, noko som ikkje er med i dei andre framstillingane: den første er at han takka nei til eit lensmannsembete i Egersund, pga. at han ikkje følte seg kvalifisert og at søkte seg heim til stavanger og stillinga som politifullmektig i statspolitiet fordi ”han ville hjem til familien”. Han har med familiens reaksjonar: ”Derfor [søsknene bodde hjemme] ble han glad da han fikk jobb [...] i Stavanger”.<sup>183</sup>

I neste del av framstillinga innleier Jaklin med ei oppsummering av Skaar Pedersen: ”Han var 34 år gammel, ugift og kunne vie seg til arbeidet”. Deretter følg ei betraktning på kva Stapo er historisk: Oppretta i 1932 som eit korps på 76 mann som er direkte underlagt staten. At det seinare vart omdøpt til utrykkingspolitiet og at namnet vart endra tilbake til Stapo i 1941 etter at okkupasjonen og nyordninga kom i gong. Han refererer til tall på tilsette i Stapo: 150 i 1940, 200 i 1943 og 350 i 1944. Det er fire mann som ikkje er medlemmer av NS i Stapo avdelinga. Stapo er slik Jaklin refererer det bygd opp etter mønster av det tyske politiet og ”samarbeidet intimt med okkupanten og den ordinære politistyrken”. Jaklin siterer ein avhørsrapport frå juli 1945 og som viser Skaar Pedersen sitt syn på saka ”Til tross for sine nasjonalsosialistiske sympatiar så Skaar Pedersen likevel på den tyske okkupasjonsmakten som et onde”. Ein måtte ta konsekvensane av at tyskarane er i landet og ”et vist samarbeid” er nødvendig for at samfunnsmaskineriet skulle gå rundt meinte Skaar Pedersen. Dernest følg ei ny kontrastering til kva Skaar Pedersen mente med ”et vist samarbeid”: At han tok Havring som gissel for at sonen ikkje møtte til arbeidsteneste, arresterte advokatane Pedersen, Sund og Helleland, sendte presten Nicolai Lofthus til Helgøya, og refererer til at han overfor ”andre prester” trua med reisepass til Russland eller å sette de i russiske fangeleirer, etter at dei ikkje ville rette

---

<sup>182</sup> Jaklin 2011, s. 100.

<sup>183</sup> Jaklin 2001, s. 100.

seg etter NS-myndighetene sine forordningar om å sitere illegale skrifter i kyrkja; ”det pleide å hjelpe”.<sup>184</sup>

Relativt stor plass er brukt på å referere til to forhold som illustrerer miljøet og samfunnet Skaar Pedersen opererer i det siste krigsåret; Aksjonen mot Lutsi og torturisten Holger Tou. I samband med aksjonen mot den illegale SIS sendaren på Lutsi gjer Jaklin ein oversikt over det mest sentrale skikkelsane i stavanger: ”Den beryktede” SS-Sturmscharführer Arnold Hölscher, sjefen for det tyske Sipo i Stavanger SS-Obersturmbahnführer Friedrich Wilkens. Dernest følg betraktningar på Rogaland som ein region som er aktuell for ein mogleg alliert invasjon, den offensive motstandsørsla som sprengte knottfabrikken i Hillevåg i 1944, likviderte Sipo-mannen Herbert Geiche og drap Stapo-mannen Leonard Wickstrøm på open gate i desember 1944. Om aksjonen på Lutsi skriver Jaklin om dei dramatiske omstenda som førte til at Ernst Askildsen og Wilkens døde. Skildringa av aksjonen gjer at lesaren eit betre grunnlag for å forstå Skaar Pedersen sine handlingar. Etter at hendingane på Lutsi er gjort reie for rettar Jaklin søkelys attende på Skaar Pedersen, og der framstillinga innleia: ”Skaar Pedersen banker på døren til Einar S. Årstad”, - eit namn Gestapo hadde funne på nokre dokument på Lutsi.<sup>185</sup> Jaklin avsluttar denne delen av framstillinga med å oppsummere/konkludere med ei resonnerande spørsmål Skaar Pedersen kunne ha tenkt, om ein skal forsvare dei handlingane han gjorde: ”Stavanger nermet seg unntakstilstand. Drapa av Geicke og Wickstrøm, aksjonen ved Lutsivannet der kommandør Wilkens falt – hva ville bli tyskernes svar?”.<sup>186</sup> Som eit svar på spørsmålet vert det gjort reie for kva Skaar Pedersen tenkte utdjupt med sitat frå lagmannsretten og Stavanger Aftenblad: ”Skaar Pedersen var overbevist om at tyskerne planla represalier”, med sitat av til den omtala likvidasjonslista Ueland og Omdal legg vekt på i si framstilling. ”Han [Skaar Pedersen] så det som sin oppgave å forhindre tilfeldige represalier”. Passasjen er etterfølgt av tre andre resonnerande spørsmål: ”Var det derfor torturmotstanderen Skaar Pedersen var tilstede i torturkjelleren? Var det derfor han slo fangen Sverre Vesterhus 40-50 ganger, noen dager senere? Skulle misshandlingen av gårdbruker Udmund Tufte, da Skaar Pedersen held medan Hölscher slo ham med stokk under fotsålene, tjene den samme

---

<sup>184</sup> Jaklin 2011, s. 101.

<sup>185</sup> Jaklin 2011, s. 102-104.

<sup>186</sup> Jaklin 2011, s. 104.

hensikten?”.<sup>187</sup> Igjen er det kontrasten Jaklin legg vekt på, mellom korleis Skaar Pedersen sjølv såg det, og det kan faktisk gjorde. Jaklin ønsker med spørsmåla at lesaren skal undre seg over kontrasten mellom ord og handling. I neste avsnitt skriv Jaklin: ”Ja, skal vi tro Skaar Pedersen selv”. Som ei utdjupning siterer han Skaar Pedersen eigne ord frå avhørsrapport og til lagmannsretten frå juli 1945, kor Skaar Pedersen uttaler at: ”jeg forsøkte hver gang å forhindre mishandlingene så godt jeg kunne, og jeg er sikker på at de ville blitt verre behandlet hvis jeg ikke hadde vært tilstede”, ”Jeg gjorde det for å spare norske fanger” og ”For å hjelpe fangene, Wilkens er nettopp blitt skutt og tyskerne er fulle, både kvinner og menn, og det er ikke godt å si hva de ville finne på”. Igjen er det kontrasten Jaklin legger vekt på, at Skaar Pedersen hevda han stod mellom tyskarane som ville skade nordmenn, og nordmenne sjølv. Vidare skriv Jaklin inn ein ny kontrast, denne gangen mellom Skaar Pedersen og Hölscher. Hölscher som de siste dagane før frigjoringa hadde vært full, hadde storma ned i kjellaren for å drepe de norske fangane. Skaar Pedersen hadde stoppa han. Jaklin setter denne oppførselen i direkte ”kontrast” til Skaar Pedersen sin oppførsel 8 mai, kor han samla inn våpna, og ga ordre til sine menn om å overgje seg fredeleg, og kor han seinare måtte ringe Benneche for å be arrestasjon arrestert. Effekten med denne delen av framstillinga er at ein kan forstå handlingane til Skaar Pedersen, som er kritikkverdige, utifrå dei dramatiske siste månadane av krigen, og at han, sjølv om han deltok i misshandling og tortur, meir eller mindre aktivt, er reieleg nok som ønska å stå til rette og ta straffa si.<sup>188</sup>

I den neste delen av framstillinga går Jaklin inn på den juridiske handsaminga av saka i lagmannsretten og høgsterett, kor det ”ikkje lyktes for ham [Skaar Pedersen] å framstille seg sjølv som en human og motstander av tortur. Framstillinga går inn på dei tilhøva som talte i hans forsvar, og de juridiske betraktningar slik dei kjem frå av Jaklin refererer til dei åtte vitna som har ”uttalt seg rosende om han da han var lensmann og ordfører i Kopervik”, og at han her ifølge lagmannsretten oppførte seg ”stort sett uklanderlig”. Hovudpoenget til lagmannsretten er óg referert: ”[i] en betydningsfull stilling hadde han ledet NS-kampen mot den norske motstandsbevegelsen og gitt det tyske sikkerhetspoliti verdifull hjelp [...] og minst fem ganger bistått da norske patrioter ble torturert, og tolerert at hans underordnede i

---

<sup>187</sup> Jaklin 2011, s. 105.

<sup>188</sup> Jaklin 2011, s. 105-106.

Statspolitiet hadde mishandlet fanger”.<sup>189</sup> Relativt stor plass er brukt på å markere samanlikningane med sakene til Klinge og Oppegård, som vert referert til av høgsterettsdommar Andenæs, men som andre i høgsterett er ueining i: ”Klingesaka representerte ikke en ny og strengere kurs”. På side 107 kjem det ei oppsummering av saka i form av ei repetisjon av Skaar Pedersen sitt syn på saka, effekten er at lesaren får inntrykk av at det Skaar Pedersen grunna sine handlingar med ikkje er tatt omsyn til under den juridiske handsaminga, og at retten valte å sjå bort i frå forsvaret hans. Noko som, om ein les rettsdokumenta er korrekt. I det heile gir Jaklin sitt referat frå dommen eit godt innblikk i dei betraktningane som høgsterett og lagmannsretten gjorde slik det kjem fram av saksdokumenta. Eit anna punkt i dommen er at Skaar Pedersen er halden ansvarleg for og det hans underordna i Stapo gjorde i teneste hjå Sipo. For å utdjupe dette spørsmålet stiller Jaklin eit nytt resonnerande spørsmål: ”viste Skaar Pedersen om kva hans underordna gjorde i kjelleren?”.<sup>190</sup> Skaar Pedersen hevda sjølv at han ikkje viste kva tenestemennene hans gjorde, i dei tilfella han måtte avsjå dei til det tyske Sipo. Spørsmålet er svart gjennom å presentere ”verstingen” frå første sida, Holger Tou. Slik det er presentert deltok Tou i mykje større utstrekning i misshandling og tortur og drap enn Skaar Pedersen.<sup>191</sup> Jaklin konkluderer:

I de mange detaljerte beskrivelsene av tortur i dommen er ikkje Skaar Pedersen nevnt uten at det kan tas som et sikkert tegn på at Skaar Pedersen var utvitende som hva som foregikk i kjelleren. Som Tous overordnede var han i alle fall ansvarlig”.<sup>192</sup>

Jaklin finn altså ikkje grunnlag for å påstå noko anna enn det som står i rettsdokumenta, at ein må halde Skaar Pedersen ansvarleg for det og andre gjorde.

Det mest innovative grepet Jaklin gjer i si framstilling er å legge vekt på eit søster bror perspektiv. Sjølv om det ikkje er referert til det same er det det same forteljargrepet ein kjenner igjen frå Omdal si framstilling. Gjennom det som Jaklin refererer til som hennar ”upubliserte memoarar og dagbøker” og ei diktsamling, legg Jaklin inn ei ny stemme i forteljinga. Allereie i innleiinga på side 98 har han referert første vers i eit dikt ho har skreve: ”Vi kommer ikke lenger I Det står en mur og stenger I Vi dør med ham hver dag på ny I Ved morgengry”. Dei siste tre sidene (s. 110-112) er vigd korleis familien har ein annan versjon av Skaar Pedersen. Korleis dei er vitne til korleis han vart transformert:

---

<sup>189</sup> Jaklin 2011, s. 106.

<sup>190</sup> Jaklin 2011, s. 108.

<sup>191</sup> Jaklin 2011, s. 108-109.

<sup>192</sup> Jaklin 2011, s. 109.

De var forferdet over dødsdommen og ble vitne til at den høye og atletiske mannen skrumpet inn. Han skalv, hadde gule og blå flekker på kroppen og gikk ned 17 kilo. I ventetiden frem mot henrettelsen ble han overbevist troende kristen. Han så ut til å finne trøst i Jesus Kristus.<sup>193</sup>

Det er referert til korleis litesøstera engasjerte seg personlig i saka, og det er sitert frå eit brev ho skreiv til Kongen for å be om nåde for bror sin: ”De herre konge [...] kan skjenke min bror livet, ikkje av juridiske grunner, men av uforskyldt av nåde. La oss få leve i dette land, eller i et dårligere, la oss få leve om enn i støvet, vi vil då gjerne leve”. Jaklin fortsett:

Hun skrev vi, hun gjorde hans sak til sin, til hele familiens sak. Hvis broren fikk leve, lovet hun å aldri slippe ham ut av syne. Hun skulle holde ham i ørene, han hadde så store, gode ører å holde i. Han var hennes gode elskelige ulykkelige bror, vær barmhjertig, for Jesu blod skyld.<sup>194</sup>

Vidare siterer han ein i familien i Bergen 22. mars 1946, som åtte dagar før han vart avretta sa at:

Hans, jeg vil at du skal vite at jeg er stolt av deg, stolt over at du er min bror og at du faller som uskyldig offer for noe som ikkje kan karakretiseres som annet enn onde makter. Stolt gjør du meg, gjør du meg.<sup>195</sup>

Skaar Pedersen hadde svart at ”det var store og dine ord”, men at de måtte reise heim igjen.

Dei avsluttande avsnitta av framstillinga er nytta til å skildre og dvele med den siste dagen i Skaar Pedersen sitt liv, ”grytidlig om morgenen” 30. mars, og korleis søstera Tyra falt i gråt da hun så domprosten komme gåande inn porten i Stavanger:

De var samlet rundt fokostbordet [...]. Foreldrene, søsterene, Tyra med sine små barn. Tyra kikket ut av vinduet for å se om det var godt vær. Plutselig begynte hun å gråte, en hulkende og sår gråt, de andre voksne styrtet til vinduet, inn porten kom domprosten.<sup>196</sup>

Den ant siste sia i framstillinga er vigd etterspillet av avrettinga og det er referert til korleis familien samla saman informasjon karakteren Skaar Pedersen og førebudde å få opp at saka for ny juridisk handsaming. Jaklin siterer eit brev til Gulating Lagmannsrett frå 1956:

Han var ingen brutal og kynisk mann med et avstumpet sjeleliv, uten respekt for menneskeverd og folk sit liv og helse. Saken måtte gjennoptas for å rense hans minne og dermed øve rettferdighet [...] En ting var at han vart stolt over var dette at ikke en eneste

---

<sup>193</sup> Jaklin 2011, s. 112.

<sup>194</sup> Jaklin 2011, s. 110-111.

<sup>195</sup> Jaklin 2011, s. 112.

<sup>196</sup> Jaklin 2011, s. 110-111.

henrettelse ble foretatt av tyskerne i dette distrikt, mens Skaar Pedersen var sjef for Statspolitiet.

29. November 1956 vart saka avvist, "[n]år en domfelt er død, må retten ifølge straffeprosessloven enten frifinne eller kaste begjæringen". Saka vart endeleg avvist av høgsterett.

Jaklin lar Åsta få siste ord i framstillinga, han sitert memoarane hennar: "Jeg vet ikke hvem dødstraffen rammer hardest, han som henrettes eller hans overlevdende nære familie, men jeg vet hvem den rammer lengst". Jaklin nemner i same avsnitt at ho tok sitt eige liv då ho hoppa frå femte etasje på aldersheimen ho då budde på. Siste side er vigd diktet om Skaar Pedersen i sin heilskap.<sup>197</sup> Effekten av å ilegge dette familie og særleg søster bror forholdet er at det er noko lesaren kan identifisere seg med. I andre sine auge er han ingen torturist, han er ein sønn, ein bror ein onkel.

### Hovudsyn

Jaklin si framstilling gir eit godt innblikk i saka og om Skaar Pedersen. Den balanserte kjeldebruken, der Skaar Pedersen kjem tydeleg i tale, innblikket i dei historiske tilhøva i samfunnet i Rogaland og miljøet internt i Stapo i Stavanger, innblikket i den juridiske handsaminga i lagmannsrett og høgsterett, og det familiære perspektivet gjer at lesaren sjølv må avgjere om det er naudsynt og rett å ta livet av Skaar Pedersen. Han har ikkje, på same måte som Omdal lagd vekt på det psykologiske presset som låg på Skaar Pedersen, men ein forstår utifrå samanhengen at dei dramatiske månadane våren 1945 må ha tæra på han. Opplysningane heng godt saman, sjølv om denne saka til Holger Tou ligg noko påklistra, ein må gjere ei større analyse av fleire saker for å finne svar på om Skaar Pedersen viste kva hans underordna, og avleverte tenestemenn gjorde i Tysk teneste. Framstillinga er sentrert om fire brekkpunkt. Her er fire bilete skapt av Skaar Pedersen som dannar kontrastar til kvarandre. Den første om Skaar Pedersen før 1934. Den andre frå krigsutbrotet og fram til han tok teneste som politifullmektig i Stavanger, den neste om virket i Stavanger fram til han vart arrestert, den fjerde og siste om den juridiske handsaminga i lagmanns og høgsterett, avrettinga og hans ettermæle. Hovudmålet med framstillinga er at lesaren må tenka over konsekvensane av dødsstraff og at den dødsdomen ein fekk vist her, om mogleg ikkje var like godt grunna i dei faktiske tilhøva under krigen.

---

<sup>197</sup> Jaklin 2011, s. 110-112.

### 3.4 Erik Veum (2012) – Den ansvarlige(?)

Eirik Veum plasserer med boka *Nådeløse Nordmenn: Statspolitiet* (2012), Skaar Pedersen saka i eit nasjonalt og lokalt perspektiv sentrert om Statspolitiets avdeling i Stavanger og deira virke. Han skildrar eit brutalt internt miljø og konsekvensane av nazifiseringa av organisasjonen, og Stapo sitt samarbeid til Gestapo. Boka er totalt på om lag 1000 sider, og er gitt ut på Kagge Forlag. Boka har motteke støtte frå Det faglitterære fond og Stiftelsen Fritt Ord. Boka er meint som ei klargjering for kva Statspolitiet er og medvirka til under krigen. Boka tek for seg alle dei forskjellige avdelingane etaten hadde i Noreg i Oslo, Bergen, Trondheim, Tromsø, Stavanger og Kristiansand. I tillegg er det eigne kapittel vigd Grensepolitiet, og Berg interneringsleir. Framstillinga av Skaar Pedersen finn ein i den delen som omhandlar Stavanger, s. 493-570. Skaar Pedersen-saka er brukt til å ramme inn dei overgrepa som statspolitiet, aleine eller saman med Gestapo, gjorde i Stavanger. Hovudsyna er som dommen, at Skaar Pedersen er delaktig i tortur og misshandling og er ansvarleg for overgrep som tenestemenne under han gjennomførde.

Veum bygg si framstilling på alle offentlege dokument i saka, aviser RT og RM, truleg refererer han og til saksreferat slik dei kom fram i Aviser, t.d Stavanger Aftenblad. Han Refererer og til kjente historikarar i Nøkleby (1988) *Pass godt på Tirpitz*, Ottosen (2004) *Nordmenn i fangenskap*. Han gjer og tilkjenne at han har fått tilgong på private arkiv som han ikkje har oppgitt, men truleg gjeld ikkje dette for Saar Pedersen saka. Veum har slik ikkje vore i landssvikarkivet og fått innsyn i alle dokumenta som ligg i saka. Kjeldesynet er bygd på ei antaking om at rettsoppgjeret er eit rettferdig oppgjer, ”og at vurderingane som ble gjort den gang må gjelde fortsatt”. Rettferdig tyder i denne samanhengen at ofre og gjerningspersonar fekk høve til å forklare seg i retten, og dømd etter lov og rett.<sup>198</sup> Om dette er eit rett syn, i handsaminga av det som faktisk hendte kan ein diskutera. Ein kan i lys av dei andre framstillingane diskutere om dette er ei noko enkelt tilnærming. Enkel eller ikkje, kvaliteten på framstillinga under eit er at den gir eit overblikk over noko som Veum meiner er eit gløymt kapittel i den norske krigshistoria, at det og er nordmenn som gjennomfører overgrep mot nordmenn, ikkje berre tyskarar og Gestapo. Med utgangspunkt i tenestemennene si Statspolitiet har han tilsynelatande haldt saman alle dei hundrevis av sakene rettsoppgjeret laga etter krigen. Ei etisk problemstilling som

---

<sup>198</sup> Veum 2012, s. 12-13.

vart debattert i media etter at boka kom ut, er om det er rett å namngje alle ofre og tiltalte med fullt namn alder og bustad. Veum grunnar openheit om namn i at han meiner at det ikkje er slik at desse overgrepa er ei privatsak, og at det vert lettare for historikarar, familie og andre å kontrollere påstandane, om dei er falske eller ikkje.<sup>199</sup>

Veum startar alle kapitla, og det om Stavanger, med ei presentasjon av den historiske staden han ønsker å ta lesaren attende til. I dette tilfellet Eiganesveien 17, og det tidlige Solvang Aldersheim, som under krigen fungerte som hovudkvarter for Stapo og Sipo, der ”under krigsårene var [...] politifolk som gikk rundt i gangene og hadde dette som sin arbeidsplass”.<sup>200</sup> Til innleiinga er det satt inn eit bilete av bygget, noko som er med på å sette lesaren tilbake til den tida og dei hendingane som skjedde der. Bygget er nøkkelen til å forstå framstillinga sett under eit. Det er her Sipo og Stapo samarbeida, ”et samarbeid som fungerte bra helt fram til kaputtilasjonen”.<sup>201</sup> Samarbeidet er av Veum klargjort som at nokre av dei 46 tenestemenne som gjorde teneste der, 31 i Stavanger 15 i Kristiansand, arbeidde som tolkar, og samarbeida om aksjonar som ”nære allierte”. Framsillinga går så vidare med ei nærare skildring av staden. Når bygget er skildra nemner han cellene, 6,5m2 celler der ”politimannskapene [fikk] tilrettelagde arbeidsforhold og redskaper [pisker og batonger] tilpasset forholdene”.<sup>202</sup> At det forgikk tortur der er ikkje ein hemmelegheit, skriv Veum, folk kunne høyre smerteskrigene frå utsida. Innleiinga fungerer slik at lesaren vert satt tilbake til under krigen, og skal no få høre kva og kven det er som skapte desse smerteskriga.

Etter at staden er skildra går Veum inn på nokre generelle betraktningar på kva det er som kjenneteikna Stavangerpolitiet. Han nemner at Wikstrøm vart drepen av heimefronten, at politileiinga ikkje aksepterte rusmissbruk, politisk illojalitet, at dei som meldte seg ut av NS vart sagt opp og at dei samarbeida tett med det lokale og nasjonale NS-myndigheiter og det ordinære politiet. Orpo hadde ei eiga avdeling på tolv mann som arbeidde saman med Stapo.<sup>203</sup> Første delkapittel omhandlar interne kofliktar grunna i dårleg leiing som ”åpenbart ryter reglementet de selv skal passe på blir fulgt av sine overordnede”, noko som skapte reaksjonar i befolkninga og internt i

---

<sup>199</sup> Veum 2012, s. 10.

<sup>200</sup> Veum, s. 493.

<sup>201</sup> Veum 2012, s. 493-494.

<sup>202</sup> Veum 2012, s. 494.

<sup>203</sup> Veum 2012, s. 495-498.



politiet.<sup>204</sup> Denne betraktningen fungerer som ei overordna forståingsramma for det framlegget som Veum gir.

På side 500 er Skaar Pedersen nemnt for første gong. Veum gir ein kort biografi, med opplysningar om utdanning, karriere i under krigen, slik ein kjenner det frå rettskjeldene. Om at han søkte seg til politiavdelinga i Stavanger skriv Veum: ”Pedersen er ugift, men ha sine foreldre og søsken i nærområdet. Likevel bruker han nærmest all sin tid på arbeidet”.<sup>205</sup> Holdt saman med at han påstår at Skaar Pedersen stod for ei haldningsendring, til forskjell frå den førre leiaren av Stapo:

Ekholdt ga aldri ordre om skjepende forhør eller at det skulle benyttes misshandling eller tortur mot arrestanter. [...]. Det ser ut til at den nye lederen Hans Jakcob Skaar Pedersen åpner for at totur og misshandling er en del av metodene som må til for å oppnå resultater”.<sup>206</sup>

Slik er Skaar Pedersen saka brukt for å innleie alle dei sakene som omhandlar tortur og mishandling i Statspolitiet i Stavanger.

Veum går så inn på korleis tyske og norske kollegar skildra han. Tyske kollegaer skildra han som ”ein god samarbeidspartner”, ”vennlig og imøtekommende når de ber om bistand”. Finn Sveinås, ein kollega i Statspolitiet skildra han under rettssaka som, ”beskjeden og tilbakeholden av natur”. Viare skriv Veum at Skaar Pedersen ”opptrer korrekt overfor ordre fra Tysk Sipo”, ”er tilbøyeleg for å ta imot bestiktelser” og at underordna fekk ordre om grov misshandling. Dette står saman med ei omskriving av Skaar Pedersen sine egne ord frå lagmannsretten:

Det er langt viktigere å gjøre en innsats for 3 millioner nordmenn i et okkupert land, som han selv uttrykte det etter krigen, enn å kjempe for kongen og klikken hans i England. Det viktigste for Skaar Pedersen var å følge mitt hjerte og sinn.”<sup>207</sup>

Skildringane av korleis han er sett på av norske, tyske og korleis han sjølv såg sitt eige virke i statspolitiet bygg opp om ein karakter som er medviten og overbevist over sine handlingar og sitt virke i Stapo.

Veum nemner Skaar Pedersen sine medmenneskelege evner, korleis han hjelpte familien Watne på Karmøy, og ein annan ut av fengsel. ”Likvel”, skriv Veum, ”ser motstandsbevegelsen han som farleg”. Sitatet står i teksten saman med referanse til at han fekk trusselbrev, likkister i posten og at han alltid gjekk med våpen. Veum tolkar

---

<sup>204</sup> Veum 2012, s. 499

<sup>205</sup> Veum 2012, s. 500.

<sup>206</sup> Veum 2012, s. 500.

<sup>207</sup> Veum 2012, s. 500.

det slik at motstandsørsla såg på han som farleg. Avsnittet er støtta opp av eit bilete av likkistene.<sup>208</sup> Han legg slik ikkje vekt på mottakar sida av desse tilhøva, at ein og kan tolke opplysningane dertil at det er eit psykologisk press på Skaar Pedersen er ikkje lagt fram som det, i teksten er det forstått som at han er farleg.

Vidare skildrar veum korleis Skaar Pedersen som ein som tek jobben sin alvorleg. Han kontrollerer sine underordna og går føre og leiar sjølv aksjonar og arrestasjonar. Om arrestasjonane skriv Veum at ”Pedersen får personer arrestert og lar dem bli sittende lag tid uten at de får sakene sine behandlet”. Døme på slik handsaming er ifølge Veum, Havring, kor sonen unndrog seg arbeidsteneste, presten Lofthus som vart forvist til Helgøya og advokatane Hidle og Gjøstein som vart sendt til Grini.<sup>209</sup> Ein ser at sakene i denne framstillinga gir eit enkelt syn på desse sakene, og at dei, om drøftinga til Ueland er rett at, er direkte feilaktige, sakene deira vart handsama, om enn sakte med vilje, for å redde dei. Vidare skriv veum om korleis Skaar Pedersen gjennomfører brutale ”utførte brutale forhør og tortur av fanger som ble fraktet inn i Eiganesveien 17.” Veum peiker på det store paradokset i saka, at Skaar Pedersen ”mente selv han gjorde en god gjerning ved seln å stå for misshandling av norske statsborgere” enn tyskarane, ”noe som ville ført til en langt mer voldsom behandling”. Om arrestasjonane viser Veum til at Skaar Pedersen meier det ”var best at norske tenestemenn arresterte folk som skulle inn til avhør. Tyskarane hadde så lett for å skyte noen når de gjennomførte aksjoner”.<sup>210</sup> Veum går inn på dei enkelte tilhøva av misshandling Skaar Pedersen lagmannsretten meiner han beviseleg er med på. Lesaren skal merke seg korleis Veum går i detalj i skildringane av sakene. Den første er Ingvar Olav Wiig, arrestert etter at knottfabrikken i Hillevåg vart sprengt 29. november 1944. Denne saka vart ikkje Skaar Pedersen dømt for. Wiig fekk tennene øydelagt under forhøret og ble slått med gummikøller. Til denne hendinga viser Veum til at Pedersen ga pipe og tobakk til Wiig, før ”tjenestemennene avslutter arbeidsdagen og går”. Her normaliserer han kvardagen til nordmennene, og gjer misshandling til ein del av dei vante arbeidsoppgåvene. Det andre er forhøret av den attenårige Thor Kluge, som er misstenkt for kurrerverksemd. 4. April vart han forhørt av Skaar Pedersen og Hölscher. Bakbunden og i ein stol fikk han slag av de to politimennene; ”de slo ham med knyttet neve og stokk. [...]. Pedersen holder ham fast

---

<sup>208</sup> Veum 2012, s. 501-502.

<sup>209</sup> Veum 2012, s. 503.

<sup>210</sup> Veum 2012, s. 503-504.

så han ikke skal skrike”.<sup>211</sup> De slår han med ein trestokk slik at han kveste handa. Den tredje er Einar Sundfør. Til denne arrestasjonen er foranledninga, den dramatiske hendinga ved lutsi skildra med om lag ei side. Og Veum skildrar ein ”aggressiv” Skaar Pedersen som, som sammen to mer ”rolige og balanserte” tyskarar, arresterer han og tar han med til Eiganesveien 17. Veum skriv om korleis dei misshandla han og dei sett på musikk når han ”hylte og skreik”, ”et dårlig tegn”, etter gjentatte spark fikk ”han flere kraftige skader i ansiktet, flere brukne ribbein og blodutredelser på begge sider av nyrepartiet”.<sup>212</sup> Det fjerde offeret, meireribestyrar Sverre Vesterhus vert arrestert 8. April 1945 ifm. at jernbanestasjonen på Nærbø vart sprengt. Skaar Pedersen Hölscher og ein annan ikkje identifisert Stapo-mann misshandla han. Skaar Pedersen slo fleire gonger mot øyrene, han vart knebla, iført i handjern og satt i ein posisjon med ”armene tvers over knærne og låst med ein trestokk, ”det er ikkje mennesker men ville dyr som utfører mishandlinga”, siterer Veum Vesterhus på. Han vart gitt 40-50 slag med ein stokk slik at føttene hovnet opp. Den femte og siste er Udmund tuft den 16. april 1945. Ein merker seg korleis ordet smerteskrig er gjennomgåande i skuldringa over for, og er gjentatt frå innleiinga i sitatet:

Før misshandlingen starter for alvor, fyller de munnen hans med papir som holdes på plass med eit tørkle som surres rundt hodet hans. På den måten forsøker de å dempe smerteskrigene. Det er plagsomt for de som jobber i samme etasje og slitsomt og høre på over tid for tjenestemennene.”<sup>213</sup>

Etter å ha gjort reie for desse sakene gjer Veum, med same lest, reie for alle dei andre litt over 20 tilfella av misshandling, norske og tyske polititjenestemenn gjennomførte i tidsrommet september 1944 til frigjeringa i mai 1945 i Stavanger distriktet. Det vert og her, som hjå Jaklin, vigd særleg plass til omtale om Stapo mannen Holger Tou. Han er den mest brutale, forstått som at han i teneste for Gestapo er den som deltok på flest misshandlingar. Tou er og omtalt i framstillinga til Jaklin.

Som ein konklusjon for heile delkapitlet om Stavanger skriv Veum:

Tjenestemennene ved statspolitietts avdeling i Stavanger holdt virksomheten gående helt til 7. mai 1945. Underavdelinga var svært fornøyd med resultatene de hadde oppnådd sammen med det tyske sikkerhetspolitiet. Motstandsbevegelsen ble betydelig svekket når tjenestemennene brukte tøffe metoder i sitt arbeid. Store deler av staben var involvert i deres stygge overgrep. De siste dagene før kapitulasjonen går det rolig for seg i Statspolitietts avdeling i Stavanger. Hans Jakob Skaar Pedersen har forbredt sine mannskaper på avslutningen. Han samler inn

---

<sup>211</sup> Veum 2012, s. 504.

<sup>212</sup> Veum 2012, s. 505-506.

<sup>213</sup> Veum 2012, s. 506.

tjenestemennenes våpen og gir klare ordrer om at alle skal overgi seg på fredelig vis. Der er ikke lengre noe å kjempe for. Selv blir han pågrepet 8. mai 1945.<sup>214</sup>

Avslutninga er pragmatisk og enkel. Sett saman med resten av teksten opprettheld han Skaar Pedersen som den som er ansvarlig for det alle tenestemennene gjorde og at han ar det til siste dagen i krigen.

Veum nemner ikkje i hovudteksten at Skaar Pedersen fekk dødsdom. Dette nemner han først i vedlegget til kapitlet. Til kapitlet om Stavanger, og dei andre kapitla om dei andre byane, har Veum med ein minibiografi, om alle dei ulike tenestemennene i Stapo. Skaar Pedersen sitt virke under krigen er skildra over ni linjer. Først her kjem det fram at Skaar Pedersen fekk dødsdom:

Hans Jakob Skaar Pedersen, 34 år. Time. [overskrift] Født 30. Desember. 1908. Fornyet sitt medlemskap i Nasjonal Samling 9. Oktober 1940 fungerte som ordfører i Kopervik fra 1. januar 1942. Tjenestegjorde som fullmektig ved Statspolitietts avdeling i Stavanger fra 14. Mai 1943. Forfremmet til inspektør og avdelingsleder 15. juni 1943. Domfelt ved Gulating lagmannsrett 30. Oktober 1945 for blant annet ulovlig frihetsberøvelse, legemsbeskadigelse og legemsbeskadigelse med farlig redskap til døden. Henrettet på Sverresborg festsning 30. mars 1946.<sup>215</sup>

Inntrykket er at dødsdommen ikkje betydde så mykje, det er handlingane, det han gjorde som, slik unngår Veum å gå inn på det juridiske og etiske aspektet ved Skaar Pedersen saka. Sett opp mot hovudteksten meiner Veum at Skaar Pedersen gjorde urett, misshandla sjølv, og tillet at underordna gjorde det, og fekk si straff.

### Hovudsyn

Veum reetablerer ein mann slik han er i domspapira og i kjeldene. Ein som med overlegg deltok i og som ga ordre om arrestasjonar han måtte anta at kom til å lede til misshandling og tortur, noko han sjølv deltok i. Grepet er enkelt, han berre treng å samanhalde den informasjonen som ligg i kjeldene frå krigen. Skaar Pedersen er i denne samanhengen ikkje anna enn ein torturist. Veum leverer ikkje ei balansert forteljing, han modererer bakgrunnsinformasjonen, og han legg ikkje opp til å skape ei forståing av kvifor Skaar Pedersen gjorde som han gjorde og at ein ikkje kan forsvara dei handlingane han gjorde, slik ein finn det i dei tre andre framstillingane. Det er t.d ingen betraktningar på at den brutale framferda til Stapo og Skaar Pedersen fell saman i tid med at motstandsørsla vert meir aktive, og at denne endringa førte til ein meir pressa situasjon, sjølv om framstillinga, meir enn dei andre tre framstillingane gir grunnlag for ein slik påstand. Det er og eit vesentleg trekk at han

---

<sup>214</sup> Veum 2012, s. 553.

<sup>215</sup> Veum 2012, s. 562.

utelet dødsdommen frå framstillinga. Dette gjer at ein ikkje får den etiske refleksjonen som ein kunne ha fått frå framstillinga.

Det som er positivt med Veum si framstilling er at den gir eit godt komparativt syn på dei andre saker og Stapo som organisasjon. Veum skriv ikkje at dette biletet, er problematisk for vår sak. Framstillinga kunne ha gitt ei god drøfting, klargjort saksforholdet om Skaar Pedersen og kunne gitt eit svar på spørsmålet om ein kan halde Skaar Pedersen ansvarleg for det hans underordna gjorde. Når han ikkje gjer det, ytrar han det motsette, at Skaar Pedersen er skuldig i misshandling og ansvarleg for tenestemenne sine i tysk teneste. Det etiske med dødsdommen er ikkje drøfta, og har heller igjen verdi i teksten. Det er slikt sett vanskeleg å sjå kva denne teksten ønsker å oppnå, om det er hald i som Veum skriv at han ønsker å minna samtida på at det var nordmenn som og som slo.

#### **Del 4. Historiedidaktisk drøfting.**

Historiebruk er som tidlegare vist sentralt i utviklinga av historiemedvit. Historiebruk er ein utvida lesekompetanse. Ein les ikkje historiske tekstar for å tileigne seg kunnskapar om fortida, men for å lese korleis fortidige hendingar er noko anna enn fakta når dei er medierte og lagd fram i ein kommunikasjonssituasjon. I dette kapitlet drøftar eg Skaar Pedersen saka inn i ein historiedidaktisk samanheng med fokus på spørsmålet om korleis ein kan nytte denne casen i eit undervisningsopplegg om historiebruk. Eg vil drøfte kompetansemåla som eg har fokusert på i denne oppgåva (kva mål og kvifor), korleis ein kan nytte historiebruk i undervisninga (didaktiske konsekvensar), og forskjellen mellom å undervise *om* og *i* historiebruk.

Den faglege faglege drøftinga eg legg meg på eit høgt, vurderande nivå, for å nytte blooms nivå. Det eg her presenterer høver seg ikkje for elevar som ikkje har hatt ei grundig innføring i det faglege temaet, den andre verdskrigen i Noreg og rettsoppgeret. Drøftinga tek utgangspunkt i at elevane mestrer grunnleggjande omgrep om dei aktuelle emna og ”fagets språk”.<sup>216</sup> I gjennomføringa av undervisningsopplegget legg eg opp til at den enkelte lærar kan tilpasse opplegget til sin situasjon.

---

<sup>216</sup> Nielsen, 2011, s. 278.

#### 4.1 Læreplanen, kva for mål og kvifor?

Læreplanen for historie VG3 studieforbereidende utdanningsprogram er strukturert gjennom *formål, hovudområde, grunnleggjande ferdigheiter og kompetansemål*.<sup>217</sup>

Undervisninga innføre dei enkelte kompetansemåla må difor ikkje lesast ut i frå måla aleine. Det er vanskeleg å finne ein bestemd tematikk for kvart mål og vis versa. Det faglege opplegget må ein difor konkretisera som delmål, med ein intensjon om å dekke eit mål heilt eller delvis, og med formålet med historiefaget som det overordna siktpunktet. Målet for heile historieopplæringa, gjennom heile utdanninga, frå grunnskule til den vidaregåande skulen, er formulert slik i KL06:

Historiefaget skal bidra til økt forståelse av sammenhenger mellom fortid, nåtid og framtid og gi innsikt i menneskers tanker, liv og handlinger i ulike tidsepoker og kulturer. Historiebevissthet gir grunnlag for refleksjon over egne verdivalg.

Opplæringen i faget skal gi innsikt i mangfoldet av levetilstand og livsbetingelser for menneske i fortida. Historiefaget skal bidra til å øke forståelsen for at alle samfunn representerer verdier og holdningar som er resultat av historiske prosessar. Det skal fremme toleranse, gjensidig respekt og forståelse for menneskerettighetene. Historiefaget skal gi innsikt i demokratiets betydning for vårt samfunn, og bidra til bevissthet omkring globale utfordringar. Faget skal stimulere til engasjement og aktiv deltakelse i samfunnslivet ved å utvikle evnen til kritisk, analytisk og kreativ tenkning.

Historiefaget kan ha stor betydning for hvordan individet forstår og oppfatter seg selv og samfunnet, og for hvordan den enkelte skaper sin identitet og tilhørighet med andre. Opplæringen skal styrke elevens viten om og innsikt i sentrale begivenheter og utviklingslinjer i historien. Faget skal fremme evnen til å bearbeide og vurdere historisk materiale og annan informasjon. Historisk innsikt kan bidra til å forstå egen samtid bedre, og til å forstå at ein selv er del av ein historisk prosess og skaper historie.<sup>218</sup>

Historiemedvit er overfor uttalt som målet for historiefaget. Opplæringa skal skje gjennom at eleven møter fortida kritisk, og på ein måte som fremmer medvit om seg sjølv og samfunnet slik det omkrinsar dei, og sjølv sjå at dei er historieframbragte og historieskapande. Faget skal gje kunnskap om realhistorie kunnskap og faget sine metodar. Historiefaget som formidlar kunnskap er ikkje falle bort, men er i samband med omgrepet historiemedvit gitt ei ny rolle.

Eit mål for eleven er å forstå at dei kunnskapane som er framsette om sentrale hendingar og er framstillingar. Dette har og konsekvensar for korleis ein tenker om historiefaget sine metodar. For å kunne halde seg kritisk til fortida er det ikkje berre nok å kunne lære seg grunnleggjande historiske arbeidsmetodar som kjeldegransking og hermenautikk. Det er den historieskapande prosessen ein vil gje til kjenne. Det

<sup>217</sup> Utdanningsdirektoratet 2014: <http://www.udir.no/kl06/HIS1-02/Hele/>

<sup>218</sup> Utdanningsdirektoratet 2014: <http://www.udir.no/kl06/HIS1-02/Hele/Formaal/>

handlar om å på ein danna måte tilnærme seg fortida, sjå faget sine metodar historiske metodar og etablere eit skilje mellom faktisk kunnskap og framsettinga av den same kunnskapen.

#### 4.1.2 Grunnleggjande ferdigheiter

Kunnskapsløftet er tufta på fem *grunnleggjande ferdigheiter*.<sup>219</sup> Dei er definerte og forstått som: *å uttrykke seg skriftleg og munnleg i historie, å kunne lese og regne og å kunne bruke digitale verktøy*. Kwart skulefag har sine konkretiseringar av ferdigheitene. Å kunne regne i historie er definert som ”å tolke og anvende tabeller og grafiske framstillingar i beskrivelser og analyser av sakskomplekser, og å bruke kvantitative historiske data i egne framstillingar”. Både å kunne uttrykke seg skriftleg og munnleg i historie inneber:

å presentere et faglig emne klart og konsist og å bruke relevante faglige begreper i egen argumentasjon og i begrunnelser. Det betyr å kunne reflektere over meningsinnhold i tekster, bilder og film, og å kunne gjøre rede for og sammenligne synspunkter i kilder og historisk litteratur.<sup>220</sup>

Å kunne bruke digitale verktøy i historie er definert som:

å utvikle en kildekritisk bevissthet knyttet til bruk av Internett i faglige sammenhenger. Det innebærer å kunne søke etter og vurdere informasjon fra ulike nettsteder og bruke den i egne framstillinger. Ved presentasjon og publisering av eget og felles arbeid vil digitale verktøy være et naturlig hjelpemiddel. Digitale ferdigheter innebærer også å bruke digitale kommunikasjons- og samarbeidsredskaper i samspill med andre.<sup>221</sup>

Kunnskapsløftet er omtalt som ei literacy-reform.<sup>222</sup> Det å kunne lese i historie er tufta på eit utvida omgrep om det å lese, og er såleis ein ny måte å tenke fag på i den norske skulen. Å kunne lese i historie er

å utvikle ordtilfang og allmenne språkferdigheter gjennom lesing av historiske tekster. Det handler om å lese med kritisk blikk og reflektere over hvordan samfunnssyn påvirker en framstilling. Å lese og tolke historisk materiale av ulik art, av ulikt opphav og fra ulike historiske perioder er sentralt. Dette innebærer å lese og tolke bilder, film, historiske kart og annet grafisk materiale, gjenstander og skriftlige kilder.<sup>223</sup>

Alle desse grunnleggjande ferdigheitene er like viktige i historiefaget. Dei vil sjølvsagt variere i relevans i høve til den tematikken det vert undervist i. Det kan tenkast at dei alle kan vere inkorporert i eit undervisningsopplegg, eller kvar for seg. Dei grunnleggjande ferdigheitene kan alle inkorporerast i det faglege opplegget eg

<sup>219</sup> Utdanningsdirektoratet 2014: [http://www.udir.no/kl06/HIS1-02/Hele/Grunnleggjande\\_ferdigheter/](http://www.udir.no/kl06/HIS1-02/Hele/Grunnleggjande_ferdigheter/)

<sup>220</sup> Utdanningsdirektoratet 2014: <http://www.udir.no/kl06/HIS1-02/Hele/>

<sup>221</sup> Utdanningsdirektoratet 2014: [http://www.udir.no/kl06/HIS1-02/Hele/Grunnleggjande\\_ferdigheter/](http://www.udir.no/kl06/HIS1-02/Hele/Grunnleggjande_ferdigheter/)

<sup>222</sup> Skaftun 2009.

<sup>223</sup> Utdanningsdirektoratet 2014: <http://www.udir.no/kl06/HIS1-02/Hele/>

presenterer, men eg konsentrerer meg om den mest sentrale, å kunne lesa og å kunne uttrykke seg munnleg og skriftleg. Å kunne regne i historie forutsett at det må vere eit talmaterial å bruka, det er det ikkje grunnlag for å arbeide med i saka.

### 4.1.3 Kompetansemål

Eit kompetansemål er ei konkretisering av det samla målet som satt for eleven si opplæring, og gjenspeglar fagets formål. Gjennom å utøve dei grunnleggjande ferdigheitene skal kompetansemåla fremme det målet som er sett for faget. Kompetansemåla er definerte for kvar av dei ulike studieretningane ein finn i den norske skulen, studieforbereidande, påbygg-studier og for studie med samisk som førstespråk. Kvar klassetrinn har sine egne kompetansemål for kvart fag. Læreplanen i historie har to hovedområde, *historieforståing og metodar* og *samfunn og menneske i tid*. For fullstendig liste sjå KL06.<sup>224</sup>

Kompetansemåla angir kva det er venta at elevane sit igjen med etter endt opplæring på VG3. Ein må sjå dei i samband med dei grunnleggjande ferdigheitene. Kravet om tilpassa opplæring gjeld, og kvar enkelt elev skal ein stimulere til høgast mogleg grad av måloppnåing. Kompetansemåla legg og grunnlaget for karaktervurdering i faget. Kompetanse er av utdanningsdirektoratet definert som: ”evnen til å mestre en kompleks utfordring eller utføre kompleks aktivitet/oppgave”.<sup>225</sup> Kompetanse er kva ein gjer og i møte med utfordringer av ulike slag, og er eleven sin aktive bruk av kunnskaper og ferdigheter til å utføre ulike oppgaver. Kompetanse innebærer eit fokus både på læringsprosessar og på evna til å bruke kunnskapar og ferdigheter i ulike sammanhengar

Dei aktuelle kompetansemåla som er tidligare har framsett i del 1, og som er aktuelle for eit arbeid med historiebruk om Skaar Pedersen saka er, å:

1. Identifisere og vurdere historisk materiale av ulik art og opphav som kilder, og bruke det i egne historiske framstillinger.
2. presentere en historisk person og drøfte hvordan samtidige ideer og samfunnsforhold påvirket denne personens tenkemåter og handlinger.
3. utforske ulike korte historiske framstillinger av en og samme hendelse, og diskutere forfatternes valg av innfallsvinkel og spørsmålsstilling.

---

<sup>224</sup> Utdanningsdirektoratet: <http://www.udir.no/kl06/HIS1-02/Kompetansemaal/?arst=1858830314&kmsn=2002656462>

<sup>225</sup> St.meld. nr 30 (2003-2004). *Kultur for læring*: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/regpubl/stmeld/20032004/stmeld-nr-030-2003-2004-/4/1.html?id=404456>



- undersøke hvordan egne forestillinger om fortiden er blitt formet og diskutere hvilke faktorer som gjør at mennesker kan ha forskjellige oppfatninger om fortiden.

Og under hovudområdet *samfunn og menneske i tid*:

- vurdere ulike ideologiers betydning for mennesker, politiske bevegelser og statsutvikling på 1900-tallet.

Kompetansemåla sett samla fokus på det som er kjernen i historiebruk: Å sjå korleis historie óg er ein konstruksjon, ei av fleire framstillingar, framsett som sanning, bygd på kjelder med ein intensjon om å kople saman fortida med notida for å gje fortida meining. Måla er ikkje dei einaste kor ein kan nytte historiebruk, heller ikkje i samband med Skaar Pedersen saka, men dei heng godt saman. Skaar Pedersen-saka er ei historie som er lagt fram i ulike samanhengar, få har ein tydleg narrativ struktur, og dei hvøver seg slik som grunnlag for lage egne forteljingar. Historia skildrar ein mann som under dramatiske omstende er tvungen til å ta val. Vala får fram grunnleggjande moralske og etiske dilemma, som opnar for ein diskusjon for kva som er moralsk riktige handlingar om kva som er rett. Skaar Pedersen, saka og vala hans er seinare skriven om og uttrykker ulike måtar å konfigurere og handsame fortida på, avhengig av kjeldegrunnlag, medium og egne synspunkt. Saka synes som eit godt utgangspunkt for å lage forteljingar. Slik eg ser det er det to måtar ein kan arbeide med historiebruk om Skaar Pedersen saka. 1. Å lese dei framstillingane som allereie er skrivne. 2. Å skrive egne forteljingar.

#### 4.1.4 innhaldet i undervisning om Skaar Pedersen

Til grunn for det pedagogiske opplegget om historia om Skaar Pedersen tek eg utgangspunkt i at ein best kan arbeide med opplegget som eit prosjektarbeid. Prosjektarbeid er av Hiim og Hippe (2012) definert som ”den undervisningsform der elevane i samarbeid med læreren eller andre utforsker og behandlar et problem”. Eit krav til prosjektarbeidet er at problemet skal ha samheng med elevane sin samfunnsmessige verkelegheit,<sup>226</sup> altså reflektere eller nyttegjere seg av det sosiale og kulturelle i samfunnet eller vere knytt til praktiske ferdigheiter. I denne delen av oppgåva tek eg utgangspunkt i undervisningsplanlegging slik den er presentert i av Gunn Imsen (2011), der ein skil mellom mål, innhald og arbeidsmåtar, der ein definerer innhaldet gjennom Wolfgang Klafkis metode<sup>227</sup>.

---

<sup>226</sup> Hiim og Hippe 2012, s. 160.

<sup>227</sup> Imsen 2011, s. 409-410.

Lærestoffet, i dette tilfelle, dei ulike forteljingane om Skaar Pedersen, og artiklar frå Stavanger Aftenblad (1945-46), og rettsdokumenta (RM og RA) opnar for ein diskusjon om det som Ohman Nilsen (2011) drøftar i sin artikkel *Menneskjer i historie, historie i mennesker*, emosjonelle og kontroversielle evner knytt til den andre verskrigen i Noreg. Det er fleire versjonar av krigshistoria som har vore og er gjeldande i det norske samfunnet. Skaar Pedersen saka kan tjene som eit døme, som har i emosjonelle og faktiske sider ved seg som er verdt å drøfta nærare. Det bør gi meining for elevane, å arbeide med stoffet fordi Skaar Pedersen saka er noko meir enn berre kjelder, det handlar om korleis en sett saman kjeldene, og korleis ein ser på verda der ein står i ei samtid og lagar ei framstilling. Ei analyse av Skaar Pedersen saka, gjennom historiebruk (å lese) og som forteljing (å skrive), gir ikkje berre fagleg kjennskap til krigen og etterkrigshistoria, men og innsikt i dei metodane og måtane historikarar (og andre) former historia på. Elevane er venta å vere danna menneske når dei ender utdanninga si, Det er dei som skal halde vedlike eit demokrati og agere som demokratiske borgarar. Dei må difor kunne halde seg til alle slags framstillingar av fortida, slik at dei gjennom si eiga lesing han forstå at fortida er ikkje berre fakta og fastlåste paradigme, den er stadig fortald og omfortald. Gjennom ei analyse av historiebruk, og gjennom å skriva forteljingar kan ein vonleg vente at elevane kan auke si evne manøvrere i eit omskiftande historisk landskap.

#### **4.2 Å lese historia om Skaar Pedersen.**

Å lese i historie er det denne oppgåva sin tredje del handlar om, å sjå ei framsilling som eit produkt av ei samtid, og diskutera kva det er som skjer med ei framstilling når den ver fortald. Hovudfunna i del tre er at Ueland, som uttrykker seg frå ein ståstad under den store konsensushistoria, må mane fram eit anna verdsyn for å gje meining til Skaar Pedersen. Når det så ikkje var nokon som høyrte eller ønskte å høyre denne framstillinga vart den gløymt. Jaklin, Omdal sine framstillingar er eit uttrykk for ei mangefalsettert tid, er det er mogleg å utvikle mange forteljingar, etter tur har dei retablert han som både offer og som torturist, med målsetnad om å skape refleksjon hjå dei som les om rette og gale handlingar. Veum si framstilling er og eit uttrykk for at det er rom for fleire typar forteljingar, men sidan den er styrt rettskjeldene, og ikkje knytt fortida saman med notida, og den historiske kritikken som har vore om rettsoppgjeret, og Skaar Pedersen vert ikkje framstillinga like mange verknadsfull som dei øvrige.

I del 4.5.1 kjem eg attende alternativ måte å lese forteljinga om Skaar Pedersen på.

### 4.3 Å skrive historia om Skaar Pedersen som forteljing.

Når ein skal arbeide med Skaar Pedersen saka som forteljing er målet å skrive ei eiga framstilling. Eg argumenterer for at ein kan arbeida med denne saka på to måtar, anten som *kjeldeforteljing* eller som ei *alternativ forteljing*. Som drøfta i del ein er det å skrive ei forteljing ei øving som krev at den som skriv må sette seg inn i situasjonen til den/det som det vert skriven om. Ein kan gjere det paradigmatisk, slik våre fire framstillingar gjer det (jf. del 3). Eller ein kan ha ei meir skjønnlitterær tilnærming. Eit grep som til dømes ikkje er nytta i dei framstillingane som er drøfta i del tre i denne oppgåva er å lage ei forteljing med skifte i synsvinkel.

Forteljinga som formidlingsform i historiefaglege samanhengar er kritisert. For det første er lesaren passiv. Den som les må godta forteljinga på forteljinga sine premiss, fordi strukturen og innhaldet ikkje er påverkeleg i lesinga. Ein lesar, kan ikkje korrigere korleis ei forteljing er lagd fram. For det andre er forteljinga skapt i ei tid med ein eigen kontekst, og er prega av den sosiale og kulturelle konteksten den opphavleg er kommunisert i.<sup>228</sup> Når eg her argumenterer for at forteljinga er ein god måte å fremme historiemedvit på er det fordi at når ein lagar forteljingar må ein legge sin eigen historisitet til grunn for forteljinga, i tillegg til opplysningar om korleis noko var. I undervinsingsamheng, og særleg i høve til denne casen, kor den som potensielt skriv ei forteljing, må gjere stor grad av etiske og moralske vurderingar, dannar det eit godt grunnlag for diskusjon. Ein må ha opplysningar om det ein ønsker å seie noko om, og ein må lage plausible forklaringar på korleis noko heng saman. Ein skal og etablere framstillinga i ein kommunikasjon i eit medium med ei form som høver seg. Ein tekst er ikkje danna fri frå ein kommunikasjonsituasjon. Ein tekst er danna i ein debatt og sluttar når den er debattert og har oppnådd ein funksjon. Det er eit mål for elevane at dei, anten skriftleg eller munnleg skal legge fram dei forteljingane dei har, og fullende kommunikasjonen. Forteljinga elevane lagar bør munna ut i ein presentasjon, anten som ei innlevering eller som ein munnleg framføring.

---

<sup>228</sup> Bøe, 2002, s 113

#### 4.4 Forteljninga til bruk i undervisning

Bøe (2002) argumenterer for å nytte forteljninga for å utvikle elevar (og menneske) sit historiemedvit. I tillegg til de historiske fakta, er det å komponere historie å sette noko i samanheng, og lage koplingar mellom årsak og verknad av historisk. Bøe skil mellom fem ulike forteljningstypar, som lar seg nytte i for å arbeide med fortidsforteljningar i undervisning; (1) Den alternative forteljninga, (2) den uferdige forteljninga, (3) kjeldeforteljninga, (4) den private forteljninga, og (5) storyline forteljninga. Å arbeide med fortidsforteljninga i historieundervisninga sett krav til undervisninga. Den ynskte forteljninga må vere henta frå ein historisk samanheng, og bør vere sann. Fleire tilhøve ved den casen ein ønsker å lage ei forteljning om kan vere uklare, eller alle spørsmål må ikkje vere klare eller, men aktøren/aktørane i ho eller miljøet i den må vere plausible. Forteljninga må kunne aktualiserast ved å visa til noko allment i notida, anten ved at den kan relatere seg til liknande tilhøve i notida, eller at den kan fremme ei moralsk og etisk drøfting over tilhøve i notida. Underordna dette, og alle punkta kan ein ikkje sjå på som absolutte krav, bør læraren når han/ho planlegg undervisning om ei forteljning tenkje over at: Talet aktørar bør vere avgrensa til nokre få personar. Forteljninga bør vere konkret, plassert i tid og stad og personar med namn, bakgrunn og motiv. Subjekta i forteljninga bør vere menneske, dei bør ikkje vere idear eller førestellingar. Ein bør relatere forteljninga til konkrete hendingar. Forteljninga må ha ein raud tråd. Forteljninga må ha eit poeng som kan gje ei oppleving, ei konstruktiv forvirring, fremje kjensler eller skape eit dramatiske poeng.<sup>229</sup>

Slik eg ser det er det den alternative forteljninga og kjeldeforteljninga som er aktuelle i eit arbeid med Skaar Pedersen saka. Ein kunne ha tenkt seg at ein kunne ha laga opplegg til kvar og ein av dei, men eg held meg til dei som er mest relevante og som eg meiner famnar flest interessante perspektiv. Den alternative forteljninga opnar for drøfting av ulike måtar for forteljninga, kunne noko ha blitt gjort annleis, med å ilegge eit realhistorisk perspektiv. Kjeldeforteljninga opnar for innsikt i dei metodiske perspektiva, her forstått som kjeldegrunnlaget, rettsdokumenta og avisene frå krigen.

Det første ein må gjere når ein skal arbeide med forteljning, anten som lærar eller elev, er å avklare sanningsinnhaldet i forteljninga. Den som skal skape forteljninga må spørje seg; er fakta fullstendige? Kven er eg som forteljar, kva synspunkt representerer eg,

---

<sup>229</sup> Bøe 2002, s. 115.

kor truverdig er eg? Kven er helten og kven eller kva gjer han motstand? Korleis veit me om forteljinga er sann - er det andre moglegheiter? For å aktualisere og skape ein god læringssituasjon om forteljinga bør ein orientere seg om forteljinga sine moglegheiter. Ein kan til dømes reflektere om si eiga oppleving av forteljinga, kven ein sympatiserer med i den, om ein trur historia er truverdig, er historia ein del av ein større samanheng, kunne det hendt i dag, er det mogleg å ta inn fleire aktørar i forteljinga?

#### 4.5 Teoretiske omgrep og korleis kan ein lese forteljinga om Skaar Pedersen?

For å sette elevane i stand til å lage eigne forteljingar på dei få ei teoretisk innføring i narratologi. Dette for å gje dei eit begrepsapparat som gjer dei i stand til å skrive ei forteljing. Til denne delen har eg nytta omgrep og teori frå Gaasland (1999) og Gripsrud (2012). Det er ikkje høve til å gå inn på alle litteraturtekniske poeng her, men dei er relevante og er gjort reie for i dette underkapitlet.

Narratologi er læra om forteljingar og kan snevrast inn til: (1) læra om forteljarhandlinga, og (2) læra om tidsrelasjonar mellom historie og diskurs. Ein skil mellom historie (diegesen), hendingsrekka, og diskursen (narrasjonen) - rekkefølga historia er presentert i. Eit historisk narrativ er som tidligare vist ei forteljing om noko som hende i fortida med eit startpunkt ein midte og ein slutt. Gjennom handlingsgongen i narrativet vert ei tilstand endra. Eit narrativ har ein plottstruktur som krinsar om startpunktet, midten og slutten. Narrativet har ein kronologi (story), men treng ikkje vere framsett kronologisk. Plottet kan difor lesas på historieplanet, i den rekkefølga det hendte, og på diskursplanet, slik det er framsett.

Plott kjem frå omgrepet mythos (Aristoteles), og fins i tragedien. Plottet er ryggraden i forteljande tekstar. Plottet er anten ”story” eller diskursen, avhengig av kva ein vel som utgangspunkt. Eksistensen av eit plott bygg på førestillinga av at den som fortel har valt seg ut hendingar eller tilstandar og satt dei etter kvarandre med ein bestemd logikk. Den klassiske modellen har eit *anslag* med *ekspansjon* og *igangsetting av handling*, *spenningsstigning*, *klimaks*, *spenningsfall* og *avslutning* (konklusjon). Plottet må ikkje vere framsett kronologisk. Å gje eit narrativ eit plott handlar om å ta val om kva som skal vere med i det. Det kan ein gjere med å til dømes nytte ei aktantanalyse som verktøy, og kalla den aristoteliske grunnmodellen:




fig. 1 etter Gaasland (1999) s. 100

Figuren gir eit oversyn over dei elementa som bør vere med i eit narrativ, framsett som prosjekt og konfliktaksen i figuren overfor. Prosjektaksen driv handlinga framover, medan konfliktaksen sperrer for handlingane i prosjektaksen eller hjelper til å drive handlinga framover. Eit ønska narrativ har ein hovudaktør, og ein eller fleire biaktørar som hjelparar og motstandarar. Aktørane kan vere ein bestemd person eller bestemte grupper av menneske, eller det er vere dyr, naturfenomen og personlege eigenskapar. Aktørane kan ha allegoriske eigenskapar eller symbolske kvalitetar, som dydar, laster. Hovudaktøren har eit prosjekt, med ein avsendar og ein mottakar, nokon har satt i gong plottet, og ynskjer at det skal få eit bestemt utfall. Nokon eller noko hjelper handlinga framover. Nokon eller noko står imot prosjektet og/eller hindrar det. I relasjonen som oppstår på transport- konfliktaksen skjer det ei endring av prosjektverdien. Dei ulike delane i aktantmodellen kan vere samanfallande. Subjektet kan til dømes fungerer både som avsendar og mottakar av prosjektet, og vere sin eigen motstandar i realiseringa av prosjektet.

Når dei ulike elementa i narrativet er valt, må ein disponere stoffet i eit startpunkt, ein midte og ein slutt. Den første fasen i narrativet er ekspansjonen, tekstavsnittet der utgangssituasjonen eller tilstanden vert satt for den vidare handlinga. *Utgangssituasjonen* eller tilstanden er utgangspunktet for aktørane og forholdet mellom dei. I denne fasen vert identiteten til aktørane slått fast, konflikten mellom dei gjort til kjenne og prosjektet og den opphavlege prosjektverdien synleggjort. Fire konflikthar, narrative konfigurasjonar, er moglege; (1) mennesket mot naturen, (2) mennesket mot mennesket og menneskesamfunnet, (3) mennesket mot seg sjølv og (4) mennesket mot eit aspekt ved tilveret eller skjebnen. Den neste fasen er *igangsettingsfasen*. Noko skjer og utløyser ei forvikling og krev handling, eller det vert synleggjort ein mangel i prosjektet eller hjå aktørane eller hovudaktøren. Konflikten vert intensivert i eit avgjerande slag eller prøving. Det vert presentert i

*høgdepunktet*, eller det avgjerande slaget i konflikten. Konflikten er løyst i spenningsutløysninga. To løysningar er moglege. Anten er det eit spenningsfall eller konsolidering og problemet vert løyst, eller det er ein konkluderande del der handlinga vert slutført ved oppsummering av det som har skjedd der det vert etablert forsoning og harmonisering.

Tre ulike plott er moglege, med seks forskjellige konklusjonar. I *handlingsplottet* vert situasjonen hovudpersonen er i vert forandra gradvis eller brått. I *karakterplottet* vert hovudpersonens moralske karakter endra. I *tankeplotet* vert hovudpersonens tankar og kjensler endra. Ein skil mellom *fatale* og *heldige* plotkonklusjonar. Eit fatalt plot kan ha dårleg utgang for ein god helt, der effekten er sjokk då det er i strid med vår sans for rettferd. Det kan ha ein farleg utgang for ein ond helt, der effekten er tilfredstillelse, då rettferda sigrar. Til sist kan det ha ein dårleg utgang for ein god helt med karakterbrest, der effekten er frykt og medkjensle. Heldige plot kan ha ein god utgang for ein ubestrideleg ond helt, der effekten er avsky då det er i strid med vår sans kva som er rett. Det kan ha ein god utgang for ein ubestrideleg ond helt, der effekten er moralsk tilfredstilling, då de bekreftar våre førestillingar om kva som er rett. Til sist kan det ha ein god utgang for ein god helt som gjennom feilkalkulasjon er i ferd med å feile, der effekten er moralsk tilfredstilling, då det verifiserer våre førestillingar om kva som er rett.

For å finne plottet i ei forteljing om ein historisk aktør kan ein ta utgangspunkt i det som historikaren og historiedidaktikaren Bernard Eric Jensen (2006) drøftar under omgrepet *handlingsrom*, og er rommet:

[...] vori mennesker kan manøvrere, når de forsøger at virkeliggjøre deres prosjekter og det handler om de vil kunne udnytte forskjellig afhængigt af deres indsigt og værdier, normer og beslutninger.<sup>230</sup>

Å tolke eit handlingsrom er å basere seg på ein *metodologisk holisme*, og som fortolkar plasserer ein seg mellom ein metodologisk individualisme og kollektivisme. Den historieframbringande ser ikkje bort i frå at menneske etablerer sine handlingar i einskap med andre, men tar omsyn til den handlande aktøren sin eigen historisitet.<sup>231</sup> Den som studerer fortida for å mane fram eit narrativ om ein historisk aktør, søker å

---

<sup>230</sup> Jensen 2003, s. 217.

<sup>231</sup> Jensen 2003, s. 234.

frambringe ei handling sitt formål og meining, for å få fram kva tyding prosjektet har for den handlende aktøren.<sup>232</sup> I framstillinga av eit narrativ handlar det om å forstå og forklare korleis det levde livet arta seg til ein handlende aktør. Føremålet er ikkje å framstille det levde livet slik det var, men framsette hypotesar om korleis det er levd, og kva prosjekt ein bestemt aktør hadde i fortida. Ved å undersøke ein aktørs handlingsrom i ei fortid går den studerande inn i historia for å undersøke korleis *historisk-sosiale* prosesser går føre seg. Eit narrativ kan få fram korleis *prosjekt* har utilsikta konsekvensar. Ei målsetting er at dei utfordrar lovmessigheita i deterministiske framstillingar.<sup>233</sup> I høve til narratologien vil ei analyse eller drøfting av handlingsrommet til ein historisk aktør få fram dei punkta som markerer brot eller kontinuitet. Brota i narrasjonen vil markere endring av prosjektverdien til subjektet. Brota kan fungere som omdreiingspunkt ein kan bygge opp ei handling om. *Aktørar* er hjå Jensen forstått slik ein finn dei i aktantmodellen overfor, subjekt som utfører ein *handling* i høve til eit prosjekt med ein prosjektverdi. I analysen av handlingsrommet må ein sette seg inn i ein aktør sin ståstad og slutte trådar om korleis nett denne aktøren er *historieframbrakt og historieframbringande*.<sup>234</sup> Drøftinga vil få fram at aktørar ikkje har full kontroll på de historiske prosessane, men har prosjekt som meir eller mindre kan sette ut i live.<sup>235</sup> Sagt på ein annan måte søker ein finne kva det er at ein aktør er både eit kulturprodukt og kulturprodusent.<sup>236</sup>

I forholdet mellom historisitet og det sosiale er det levde livet som står i sentrum. Det sosiale står for den romlige dimensjonen, mens den historiserande står for tidsdimensjonen. Til det sosiale spør ein om kva som er bestemmande for eit levd liv? Er det samfunnets objektive strukturer, eller er mennesket eit produkt av menneskelig interaksjon?<sup>237</sup> Til historisiteten spør man etter korleis personar utviklar seg og skapte historie i det dei levde, og korleis dei sjølv brukte historia og sitt historiemedvit. *Forståinga* av det historisk-sosiale forholdet finn ein ved å betrakte ein aktørs interaksjon mellom de tre tidsdimensjonane: fortid, nåtid og framtid. Ein aktør gjer seg nytte av og ”bruker erfaringsrom og forventingshorisont i historiske prosesser” og

---

<sup>232</sup> Jensen 2003, s. 208-209.

<sup>233</sup> Jensen 2003, s. 204.

<sup>234</sup> Jensen 2003, s. 234.

<sup>235</sup> Jensen 2003, s. 202.

<sup>236</sup> Jensen 2003, s. 234.

<sup>237</sup> Jensen 2003, s. 233-234.



flytter seg i eit sosialt rom.<sup>238</sup> Kor det tek del i ein læreprosess i lys av kulturelle kodar.<sup>239</sup> *Forklaringa* kjem gjennom å analysere og drøfte kvifor val og handlingar skjer.<sup>240</sup>

#### 4.5.1 Korleis kan ein lese Skaar Pedersen som forteljing?

Dei ulike framstillingane som er lagt fram i del 3. kan ein legge inn i ei slik plottanalyse ved å spør etter kva narrativ framstillig seg ønsker å gje.

Kva for plottkonstruksjonar er laga? Ueland si framstilling (jmf. del 3.1) søker eit handlingsplott i det han ser at stoda for Skaar Pedersen vart endra etter 8. mai 1945. Endringa er ifølge Ueland ikkje knytt til ei endring i Skaar Pedersen sjølv, han er ein stabil og ”god nordmann” heilt til det siste, men samfunnet. Det er rommet han bevege eg i som vert forandra. Han meiner at historia om Skaar Pedersen er eit fatalt plott med ein dårleg utgong for ein god helt, og at det strider imot det som er opplevd som rett, og at ein her har med eit plott som fordrar mennesket mot menneskesamfunnet. Effekten er meint å skape sympati for Skaar Pedersen, men det er usikkert om han oppnådde dette målet.

Omdal og Jaklin (jmf. del 3.2 og 3.3) argumenterer både for eit handlingsplott og eit tankeplott, der Skaar Pedersen sine tankar og kjensler vert endra som eit resultat av verda rundt han. Det er illustrert gjennom at ein kan dele forteljingane deira inn i fire periodar; ca1934- 9. april 1945, 1945-4. april frå ein gong rundt 1934, etter 9. april 1945, etter 8.mai 1945. Denne periodiseringa fører til at ein opnar for valsituasjonar, som eg kjem attende til nedanfor. Når dei senterer seg om valsituasjonar, opnar dei for at Skaar Pedersen kan ha ulike fatale plottkonstruksjonar. Anten at det han er i er eit fatalt plott, med dårleg utgong, for ein god helt, eller at det er var eit fatalt plott med ein god utgong for ein helt med karakterbrest. Effekten er at lesaren er open for å forstå og vedkjenne seg Skaar Pedersen sitt syn, at han handla i god tru og på same tid er open for at han handla feil når han misshandla nordmenn.

Veum (jmf. del 4.4) på si side meiner at ein plottkonstruksjonen i forteljinga om Skaar Pedersen er heldig, med ein god utgong for ein ubestrideleg ond helt, som ikkje strider imot det som er rett, her forstått som det domstolane meinte var rett. Hjø veum

---

<sup>238</sup> Jensen 2003, s. 239.

<sup>239</sup> Jensen 2003, s. 242.

<sup>240</sup> Jensen 2003, s. 245.

er det ingen valstiasjonar å spore hjå Skaar Pedersen, han er ein historisk skikkelse som er uløyseleg knytt til samfunnet og tida han er ein del av, ein torturist og nazist.

Kva handlingsrom har ein om Skaar Pedersen? I del 2 gjorde eg reie for kva Skaar Pedersen er som sak og kva det er mogleg å seie om det samfunnet og det miljøet Skaar Pedersen er ein del av. I tida før 9.april ser det ut til at Skaar Pedersen lev eit tilnærma ”normalt” liv, han er ein flink elev på skulen og får gode skutsmål.<sup>241</sup> Samstundes er det ei dramatisk tid med stor arbeidsløyse i Noreg og Rogaland, det gjer at ein kan forstå Skaar Pedersen så han, som mange andre, vart radikalisert og vart NS-sympatisør. Å kalle han nazist pga NS-medlemskap er feil, han meldte seg og ut av partiet etter at mista oppslutnad. Han er ein ung arbeidsledig mann frå borgarklassa som ønsker å påverke samfunnet. At kan reiser i utanriksfart for å tene pengar i starten på tjuetåra, og tok artium og studerer juss kan ein forstå i det same biletet, han ønskte å få seg eit ordentleg arbeid, og hadde evnene til det. Etter krigen at krigen kom til Noreg, fullførte han jusstudiet, med ein måteleg god karakter. Om det er tilfeldig eller ikkje, at han melder seg inn igjen i NS hausten 1940, veit ein ikkje, det er ei drøftingssak om han gjorde det for å sikre si eiga karriere eller om han vart eit offer for tvangsinnmelding. Medlemskapen gav han i alle høve moglegheit til å få seg eit ordentleg arbeid, som står til utdanninga. Når politietaten vert utvida opnar dette for nye karrierevegar. Miljøet i politiet la og opp til at han kunne fortsette arbeidet etter nyordninga. Kanskje er det heimlengsel eller at han saknar familien som driv Skaar Pedersen til å flytte heim til stavanger? Kanskje er det det som driv han inn i Stapo? Det ser ut til at det er slik.

Skaar Pedersen ser ut til å vere prega av haldningane i politiet, han ønsker å holde ro og orden og viser til, både på Karmøy og i Stavanger, å kunne plassere seg mellom barken og veden, den norske sivilbefokninga og tyskarane og NS. Det ser og ut til at han klarte seg fint i denne posisjonen, noko tidsvitner kan bekrefte. Denne haldninga er mot slutten av krigen ikkje gangbar lenger. Drapa på Wickstrøm og Geicke, sprengninga av knottfabrikken og jernbana på Nærbø, som eit resultat av ei meir pågåande motstandsørsl medfører, og personlege trugsmål retta mot han sjølv, gjer at av ein eller annan grunn bryt med handlingsmønsteret sitt og tek del i mishandling. Om han viste om endringane i lovverket, landsvikanordningane og strafferamma for

---

<sup>241</sup> Sjå t.d Ueland 1976, og Omdal 2003.

handlingane kan ein ikkje sikkert vita sikkert. I ytterpunktta mellom å vere naiv og martyr, avhengig av kva ståstad ein ser det frå, møter han i alle høve, det som Ueland skildrar som ei anna verdsoppfatning, under rettsoppgjeret. Der han, igjen avhengig av korleis ein ser det, er offer for meir eller mindre rett oppgjer. Forgjeves søkte han om anke til høgsterett og Kongen om nåde. Det ser ut til at han er forsont med døden til slutt. Handlingsrommet for Skaar Pedersen stopper med fengslinga av han 8. mai 1945.

Ein eller annan plass i alle desse vala og ligg lagnaden til Skaar Pedersen. Dei fire framstillingane til Ueland, Jaklin, Omdal og Veum har fornekla desse, forenkla dei, komplisert dei og gjort dei til sine. Der t.d Ueland, Omdal og veum legg det kritiske punktet om 4. april, meiner Veum at Skaar Pedersen, med sin inntreden i Statspolitiet stod for ei haldningsendring, som prega heile Stapo i Stavanger. I den neste delen skal eg drøfta korleis ein kan gå fram for å skape ei forteljing om Skaar Pedersen.

#### 4.6 Den alternative forteljinga

Den alternative forteljinga kan ein stille å stille eit enkelt spørsmål: kva ville ha skjedd om ikkje? Ved å stille dette spørsmålet opnar ein for refleksjon om at det som faktisk skjedd er eit av fleire moglege utfall av same hendinga. Eit anna omgrep for den alternative forteljinga er kontrafaktisk historieforteljing. Ein kan sjølvsagt innvende at ein faghistorisk og vitskapleg er oppteken av å finne sanninga om fortida, men om ein søkjer å utvikle ei forståing for korleis historiske hendingar vart nettopp det, kan det vere konstruktivt å opne opp for alternative forteljingar om det fortidige. Ved å reflektere om korleis noko vart som det vart i fortida opnar ein opp for refleksjonar og tenking som transcenderer det faghistoriske. Faghistorikaren drøftar uomtvisteleg kontrafaktiske spørsmål i arbeidet med sine framstillingar, det å stille slike spørsmål er ein del av det det er å vere historikar. Å spør; kvifor gjorde nokon handla som dei gjorde og noko vart som det vart, er grunnleggjande historiefagege spørsmål.<sup>242</sup> Ved å stille kontrafaktiske spørsmål opnar ein for eksistensielle spørsmål, ved at ein rettar fokus ved den sosiale og romlege dimensjonen i fortida som skapar høve til å reflektere over tid, kva valmoglegheiter aktørar hadde, kva handlingar som ein sjølv ville ha valt, og kva moglegheiter ein hadde for å påverke den situasjonen som den gang var.<sup>243</sup> Kontrafaktisk historieforteljing er med på å opne

---

<sup>242</sup> Bøe 2002, 117.

<sup>243</sup> Bøe 2002, 117.

for kritiske analysar og nyansere fortida, aktualisere den, og fremme refleksjon om etiske og politiske verdiar i fortida.<sup>244</sup>

Skal ein lykkast med den kontrafaktiske historieforteljinga må ein velje historiske subjekt som står i vallsituasjonar. På den måten opnar ein for identifikasjon som kan vere med å fremje ein moralsk dimensjon over kva som er riktig galt, som igjen kan aktualisere den bestemte historia ved at ein kan trekkje parallellar til aktuelle problemstillingar. Aktuelle spørsmål å arbeide med er kva for personar er med i forteljinga, kven er hovudpersonane, kva handlar forteljinga om, kunne forteljinga ha fått eit anna utfall og kva vert då annleis, og av kven, kven ville du ikkje ha vore/ville du ha vore. Kva for andre forhold spela ei rolle for utfallet i forteljinga? Og til sist kan ein dramatisere forteljinga? Det er to omsyn ein må ta: Er det liknande situasjonar i dag, kan det skje igjen? Og det er viktig å ta omsyn til eleven sin eigen integritet, elevane må få lov til å fortolke.<sup>245</sup>

Om ein i eit fagleg opplegg knytt til Skaar Pedersen og den alternative forteljinga ønsker å nytte kjeldene eller sekundær litteratur må læraren ta ei lokal avgjerd på sjølv. Hovudpoenget er å formidle til elevane at Skaar Pedersen gjorde val i si samtid (jmf. del 4.5) , og at dei er opne for tolkingar og drøftingar. Primærkjeldene til Skaar Pedersen er sær s ein-sidede, ein må vere påpasseleg med å la desse styre framstillinga. Eg meiner at det mest konstruktive grepet ein kan gjere i denne samanhengen er å legge til ein subjektiv synsvinkel. Skriv ein til dømes forteljinga i 1. person må eleven tvinga seg sjølv til å sette seg inn i den historiske det handlande subjektet var i, og aktivt ta val på vegne av den han/ho skriv om. Eit forslag til arbeidsoppgåve frå lærar til elev er i denne samanhengen: *Skriv ein kreativ tekst der du, med utgangspunkt i rettskjeldene<sup>246</sup> i form av ei 1. persons, forteljing skildrar ein eller fleire alternative handlingsgongar i vallsituasjonar som Skaar Pedersen opplevde.*

#### 4.7 Kjedeforteljinga

Kjedeforteljinga er å skape ei forteljing på grunnlag av kjelder. Fortida legger igjen spor eller restar. Restane kan ein bruke som leivningar frå det fortidige og gjenskape det som er tapt. Med utgangspunkt i leivningane kan ein forsøke å binde dei saman til

---

<sup>244</sup> Bøe 2002, 118.

<sup>245</sup> Bøe 2002, 119.

<sup>246</sup> RM – Høyesterets kjennelse mot Hans Jakob Skaar Pedersen.

ei forteljing om kva det var som hende i fortida.<sup>247</sup> Dei fire tekstane og mi framstilling i denne oppgåva er døme på ei slik forteljingsform. Formålet med denne forteljingsforma er å arbeide på same måte som faghistorikaren arbeider på. Ein lagar ei problemstilling som ein går til kjeldene for å få svar på. Faghistorikaren vil sjå på kjeldene for å finne sanning om fortida, for elevane og i undervisning er formålet annleis. Elevane skal ikkje finne ei absolutt sanning, men med utgangspunkt i kjeldene nytte sin eigen fantasi og innleving til å konstruere ei forteljing dei kan identifisere seg med. Kjeldedeforteljinga søkjer forståing gjennom innleving, ikkje gjennom ei uomtvisteleg forklaring.<sup>248</sup> Kjeldedeforteljinga er ein måte å sjå samanhengar på, uansett kva for tid dei er henta frå.<sup>249</sup> Kjeldedeforteljingane kan ein nytte som illustrasjon; for å underbygge eller klargjere eit tekstutsnitt, informere elevane ved at de sjølv må hente ut relevant kunnskap, eller som kontrast, der elevane skal sette saman fleire kjelder og arbeide fram ei syntese. Handlingsverba å informere og å kontrastere er mest relevante for kjeldedeforteljinga. Det fordrar fleire kjelder - for å hindre ein for stor grad av fantasi. Kjeldene bør handle om individ, noko som gir moglegheit for identifikasjon.

I eit historiedidaktisk opplegg knytt til kjeldedeforteljinga og Skaar Pedersen kan ein ta utgangspunkt i kjeldene slik dei er presentert i RM og SA. Då kjeldene gir ei noko einsidig framstilling av Skaar Pedersen, må ein forsøke å få mest mogleg ut av kjeldene. Ein kan tildømes gi oppgåva: *lag to framstillingar av Skaar Pedersen, ein der han er framstilt som ein helt, ein annan der han er ein landssvikar*. Alternativt kan ein, om ein legg opp til gruppeundervisning, der ein (eller fleire) elevar skal lage ei helteframstilling, og andre lage ei framstilling der Skaar Pedersen vik landet sitt. For at kjeldene skal stå i fokus er det eit godt grep å holde sekundærlitteraturen skjult for elevane. Har ein tid til overs kan ein, når elevane har gjort sine tolkingar, hente dei fram og samanlikne dei framstillingane elevane har laga med til dømes Omdal og Jaklin sine framstillingar. Ein bør då drøfta kva det er som er forskjellar og likskapar og kva det er som gjer at ein får eit forskjellig inntrykk av Skaar Pedersen.

---

<sup>247</sup> Bøe 2002, 122.

<sup>248</sup> Bøe 2002, 122-123.

<sup>249</sup> Bøe 2002, 123.

#### 4.8 Eit forslag til korleis kan ein arbeide med historiebruk i klasserommet

Eg meiner det er rett å tenke seg at ein bør arbeide med Skaar Pedersen saka som eit prosjektarbeid. Prosjektarbeid er tufta på dialog- og den kritiske modellen.<sup>250</sup> Dialogmodellen legg vekt på samarbeid med andre som eit godt utgangspunkt for læring. Det vere seg med lærar eller medelevar. Elevsynet i modellen er slikt sett positivt. Eleven vert gitt tillit til å arbeide sjølvstendig og til å sjølv kunne lære. Ein skil mellom fem modellar/pedagogiske grunnsyn; Formidling, vekst- og dialog – modellen og den kritiske modellen og meisterlæringsmodellen. Som modellar skildrar dei relasjonen mellom lærar, elev og lærestoffet (innhaldet i undervisninga). Modellane varierer i elev og kunnskapssyn, og legg i ulik grad vekt på elevens evne og vilje til å lære, tillit, og korleis ein best kan fremme læring.

Å arbeide i eit prosjekt har både fordelar og ulempar. Det føreset at elevane har dei gitte kvalifikasjonane for å arbeide fagleg og sjølvstendig. Difor må eit prosjektarbeidet ha ei eller anna form for fagleg innføring. Svake elevar har lett for å miste oversikta og verta passive. Sterke elevar kan ha god fagleg innsikt, men kan verta for dominerande i det praktiske og daglege arbeidet. Det kan og vere fleire praktiske problem knytt til rammefaktorar, som verktøy ein skal arbeide med og lærarens erfaring med arbeidsform og faglege kompetanse. Det kan og gjelde for elevane. Elevane si ansvarskjensle heng saman med eleven si erfaring med arbeidsforma. Fordelane med prosjektarbeid er samarbeid, ansvarsgjering og opplevinga relevans. Ofte er det lettare å skape ei ansvarskjensle overfor andre elvar enn læraren i ordinær undervisning. Gjer ein det rett vil elevar oppleve arbeidet sitt som relevant, dei har sjølv, innanfor visse avgrensingar, vald ei vinkling og har eit eigarskap til arbeidet sitt. Ein kan slik ha ei von om at eleven ser arbeidsforma som engasjerande og meningsfull.

Organisering av prosjektarbeid gjer ein gjennom fem fasar. Poenget med eit prosjektarbeid der at ein må løyse eit problem saman med andre, anten det er i klassa eller i mindre grupper. *I innleiande fasen* må læraren definere elevane sin kunnskap, interesse og kompetanse i høve til tema for prosjektet. Læraren må spør seg om kva elevane kan, og forklare hensikta med prosjektet – å projisere kva dei kan vente å lære og forventningar til læreprosessen. Elevane må på eit eller anna nivå kunne oppleve

---

<sup>250</sup> Hiim og Hippe 2012, s. 13-30

prosjektarbeidet som relevant til fag og/eller samfunn og knytte saman teoretiske og praktiske kunnskapar. Sjølv sagt i lys av aktuelle kompetanse-, kunnskap og haldningsmål for faget. Denne første fasen av prosjektet fordrar dialog med elevane om faglege rammer og forventningar.<sup>251</sup> *I den andre fasen* er å definere rammene for prosjektet. Her skal læraren gå i detalj om kva prosjektet skal gå ut på. Rammefaktorar som tid, verktøy faglege og administrative ressursar må ein klargjere, saman med klare forventningar til elevane sitt arbeid.<sup>252</sup> *I den tredje fasen* er å definere problemstilling og mål for arbeidet innafor det tema ein arbeider med. Elevane skal sjølv definere kva dei skal få ut av arbeidet sitt, kva dei skal arbeide med og kva det er som avgrensar problemet deira. Her må læraren ha ei aktiv rolle og rettleie eleven eller elevgruppene. *Fase fire* er klargjering av innhald. Her må eleven klargjere kva prosjektet skal dreie seg om, definere hovudoppgåver, peike på faglege hovudpunkt og definere korleis resultatet i grove trekk kan sjå ut.<sup>253</sup> *Fase fem* er arbeidsprosessen, den praktiske utføringa. Her må ein definere kven det er som skal gjere kva til kva for tid, den praktiske arbeidsdelinga. Det dreier seg om å lese, skrive, hente inn informasjon, skaffe samarbeidspartnarar, finne kjelder osv. Elevane må i stor grad finne vegen i høve til problemstillinga si, læraren må rettleie og sjå at alle bidrar og har passande oppgåver.<sup>254</sup> *Ein tilleggsfase* er vurdering. Læraren og eleven/elevgruppene må vurdere seg sjølv. Det kan slik vere feil å plassere vurdering som ein eigen fase, det er og viktig å ha ei kontinuerlig vurdering av eige arbeid og arbeidsmåte. På den andre sida er det konstruktiv t å ha dette som eit eige punkt i læreprosessen. Om ein vurderer undervegs må ein spør om dei lagde planane fungerer og er mogne for revisjon. Definere hindringar for vidare arbeid og korleis ein kan handtere desse. Evaluere om alle som er venta å delta deltek i den grad dei skal, både lærar og elev. Eit slikt medvit om læringsprosessen gjer at elevane får auka læring. Til vurdering inngår og sluttvurderinga. Som oftast endar eit prosjektarbeid i ei framføring for klassa, anten i form av ei utstilling, oppvisning, rapport, foredrag eller ein kombinasjon.<sup>255</sup>

---

<sup>251</sup> Hiim og Hippe 2012, s. 162.

<sup>252</sup> Hiim og Hippe 2012, s. 163.

<sup>253</sup> Hiim og Hippe 2012, s.165.

<sup>254</sup> Hiim og Hippe 2012, s. 165-166.

<sup>255</sup> Hiim og Hippe 2012, s. 166.

#### 4.8.1 Å arbeide med Skaar Pedersen som prosjektarbeid og den alternative forteljninga.

I den innleiande fasen, eller planleggingsfasen må læraren planlegge undervisninga, med tanke på tid, mål, innhald og metode. Kompetansemåla for undervisninga er drøfta innleiingsvis i problemstillinga, innhaldet er sentrert om historiebruk og forteljning. Rammefaktorar som tid og elevane sin førkompetanse tek eg ikkje omsyn til.

*I Fase 1*, den første delen i undervisningsopplegget må vere ei teoretisk innføring. Den bør omhandle landsvikkoppgjret i lys av krigen som tema. Ein kan då ta utgangspunkt i det korleis emnet er omhandla i den læreboka ein har tilgjengeleg, og drøfte kva det er ein får/ikkje får innsyn i lærebokteksten om landssvikkoppgjret. Vidare bør den og vere sentrert om kva elevane sjølv tenker om emnet, bruken av dødsstraff ei eit før og ni perspektiv, og om ein kan forstå kvifor nokre nordmenn gjorde handlingar og er dømde for landsvik. Ein kan og reflektere over kvifor det er naudsynt med eit rettsoppgjret, og kva for konsekvensar det fekk for samfunnet i ettertid. Avhengig av kor godt elevane er skulerte i teoretiske perspektiv, må ein ha ein teoretisk innføring i historiebruk (jf. del 3), narratologi (jf. del. 4.5) Med fokus på kva historiebruk er og kva blick ein då har: at det ikkje er ei absolutt sanning ein ser etter eller fakta, men kva perspektiv ulike framstillingar har og kva det er som skjer når dei vert fortalt. For en narrative delen av prosjektet kan ein gjerne bruke enklare skjønnlitterære tekstar som øvingsoppgåver og døme, der ein fokuserer på å gjennomføre ei plottanalyse for å avdekke prosjekt og konfliktaksen i ei forteljning.

Delmål:

- Kunne gjere reie for omgrepa landsvik og landsvikkoppgjret. (jf. del 1.9)
- Kunne gjere reie for bruk av dødsstraff i Noreg (jf. del 1.8 & 2.3)
- Kunne gjere reie for eige syn på dødsstraff og rettsoppgjret i Noreg (1945-51)
- Kunne gjere reie for omgrepet historiebruk (jf. del 3)
- Kunne gjere reie for plott, og aktantmodell. (jf. del 4.5)

Fase 2: Er å definere rammene for prosjektet. Her må læraren gjere eit sløvstendig val, anten arbeide med narratologi eller historiebruk, kjelde eller den alternative forteljninga, eller kanskje begge deler. Eg tek her utgangspunkt i å arbeide med den



alternative forteljinga, der eleven skal skrive eigne forteljingar eit skifte i synsvinkel: *Skriv ein kreativ tekst der du, med utgangspunkt i rettskjeldene<sup>256</sup> i form av ei 1. persons, forteljing skildrar ein eller fleire alternative handlingsgongar i valsituasjonar som Skaar Pedersen opplevde.* Tilgjengelege ressursar er rettskjeldene frå SA og RM (jf. del 2), og sekundærkjeldene frå del 3 overfor, der ein ikkje gjer til kjenne sekundærlitteraturen før saman med vurderinga. Læraren må avtale kor lang tid ein skal bruke på prosjektarbeidet og klargjere dei faglege og administrative ressursane, i dette tilfelle gjere RM og SA tilgjengeleg.

I fase 3 skal eleven, aleine eller i gruppe, definere mål for sitt eige arbeid. Eg legg til grunn at ein skal skrive forteljinga i grupper, men ikkje skrive den same forteljinga, slik kan ein lettare opne for diskusjon om ulike historiesyn. Prosjektarbeidet skal vere eit sosialt prosjekt. Er det ei gruppe kan dei dele lærestoffet mellom seg, for å lese finne valsituasjonar som er aktuelle å arbeide vidare med. Elevane må og, i tillegg notere seg sitt eige syn på saka, og kva formålet for teksten skal vere

*Fase fire* er klargjering av innhald. Her må eleven ha klar ei konkret problemstilling, med avgrensing. Eleven bør ha gjort seg opp kven og kva han skal ha med i høve til aktantmodellen overfor, og ha klart for seg kven og kva som skal opptre som aktør, motstandar, hjelper osv. Aktuelle problemstillingar for elevane kan her vere: Kvifor gjekk Skaar Pedersen inn i NS?, Kvifor slutta han ikkje i Stapo i 1945?, Kvifor deltok han i misshandling av nordmenn i april 1945? Osb.

*Fase fem* er arbeidsprosessen, den praktiske utføringa. Elevane skal klargjere i prosjektgruppa kven det er som skal gjere kva til kva for tid, og fordele det praktiske arbeidet. Det dreier seg om å lese, skrive, hente inn informasjon, skaffe samarbeidspartnarar, finne kjelder osv. Elevane må i stor grad finne vegen sjølv til eit svar på problemstillinga si, læraren må rettleie og følgje opp der det er behov for det.

*Ein tileggsfase* er vurdering. Vurderinga av prosjektarbeidet går kontinuerleg, og er gjort av læraren og elevane i prosjektarbeidet. Eit slikt medvit om læringsprosessen gjer at elevane får auka læring. Til vurdering inngår og sluttvurderinga. Sluttvurderinga i dette tilfellet er å framføre og diskutere moglege

---

<sup>256</sup> RM – Høyesterets kjennelse mot Hans Jakob Skaar Pedersen.

## Konklusjon og vidare perspektiv.

Den viktigaste oppgåva for det postmoderne historiefaget i den norske skulen er i dag å gje elevane verktøy, kompetanse til å orientere seg i ein mangfaldig historiekultur, der fortida ikkje berre er fakta og paradigmatisk, men levande og sjeleleg. Historie har slik bevart si rolle som eit allmenndannande og opplysende fag, men har i lys av Kunnskapsløftet føtt eit auka fokus på korleis historie vert skapt, fortolka og omfortolka i stadig nye mediale samanhengar. Samstundes er det ikkje lett å vita kvar ein skal begynna å nøste i trådane når fortida er alt og ingenting. Historiebruksdidaktikken, der utviklinga av eit historiemedvit er senter for undervisninga, må ein legge til rette for møtet med bilda av fortida. Eg har i denne oppgåva argumentert for at ein kan gjere det gjennom å lese og å skrive historie, som historiebruk og forteljing.

Svaret på problemstillinga: *Korleis kan ein, med utgangspunkt i saka om politifullmektig Hans Jakob Skaar Pedersen, arbeide med historiebruk om den andre verdskrigen under kunnskapsløftet i den vidaregåande skulen, for å fremme historiemedvit?*, er kort at det lar seg gjere å arbeide med Skaar Pedersen under kunnskapsløftet om ein legg opp, til gjennom historiebruksdidaktikken, å la elevane møte Skaar Pedersen og saka hans gjennom eigen lesning av historia, og landsviktematikken, der dei med sin eigen integritet og historiesyn vert rettleia gjennom eit møte med fortida.

I denne oppgåva har eg sett nærare på ei fortidsforteljing, forteljinga om politiinspektør Hans Jakob Skaar Pedersen. Eit hovudpoeng med denne forteljinga er at han ikkje er ein landssvikar, nazist og torturist, men at det er noko som han vart under det norske rettsoppgjeret etter den andre verdskrigen i Noreg 1940-1945, der han vert dømd, avretta og stempla som ein landssvikar. To norske historikarar, ein journalist og ein advokat såg attende på denne forteljinga, og såg at her er ein mann som ein kunne reetablere. Den første, Ueland (1976), skreiv under den norske konsensusperioden eit forsøk på å rekonstruerer ei fortid med eit verdssyn som var gått tapt i etterkrigslitteraturen, der Skaar Pedersen ikkje hadde nokon plass. I denne framstilling er Skaar Pedersen ein helt, "ein god nordmann", som vart dømd på falske premiss. Seinare har Omdal (2003) og Jaklin (2011) reetablert Skaar Pedersen som

ein person som kan både vere landssvikar og helt. Saman med Veum (2012), som reetablerer han som den landssvikaren han ein gong var, er dei eit uttrykk for ei mangefallsettert og kritisk historieskriving, som kjenneteiknar vår tid.

Eg har i denne oppgåva argumentert for korleis ein under Kunnskapsløftet kan arbeida med forteljinga om Skaar Pedersen, og korleis elevar i den norske vidaregåande skulen gjennom historiebruk, kjedeforteljing og den alternative forteljinga kan arbeide med denne forteljinga. Målet for undervisninga er at elevane, medvitne om sitt eige historiesyn og haldningar, går fortida i møte, og knyt saman fortid og nåtid. Slik får dei øvd sitt historiemedvit og løfta sin lese- og skrivekompetanse i historiefaget. Krigen vert ein tilsynelatande ikkje ferdig med i Noreg. Nye perspektiv, nye kjelder og nye måtar å handtere kjeldene på vil fortsette ei fleirstemt forteljing om denne skjebnesvangre tida. Eg har ei von om at denne oppgåva kan vere til hjelp for alle som ønsker å arbeide med historiebruk i skulen, anten som analyse av historiske tekstar eller som produksjon av eigne forteljingar.

I del ein har eg gitt ei forteljing som kan ligge til grunn for eit historiefagleg opplegg. Der eg ikkje opnar for spørsmål, men klargjer saksgrunnlaget om Skaar Pedersen gjennom ei skildring av det samfunnet han var knytt til før og etter krigen, samt ein gjennomgang kva det er Skaar Pedersen vart dømd for. Eg har valgt å ikkje skrive ei narrativ framstilling då eg vil at elevane, skal møte historia om Skaar Pedersen gjennom å sjølv lese og skrive framstillingar og forteljingar. I del to har eg, med utgangspunkt i historiebruk drøfta hovudsyna i tidligare litterære framstillingar som nemnd overfor.

Eg kunne ha å løyst denne oppgåva med å foreta anten eit sosialhistorisk, mikrohistorisk perspektiv, der Skaar Pedersen var ein hovudaktør, eller som ei rein historiebruksanalyse der ei gjekk i djupna på dei tidligare framstillingane som har vore, og kor ein analyserer med eit komparativt perspektiv på andre framstillingar. Men dette perspektivet la eg vekk, fordi eg såg, som lærar, at denne har ein eigenverdi som høver seg bra for den vidaregåande opplæringa i den norske skulen. Eg har ei von om at oppgåva og opplegget og det opplegget eg foreslår kan bli nytta på ein god måte i skulen.

Ei svakheit med oppgåva er at den ikkje går i djupna landsvikoppgjeret, og den samtidige litteratur og at den ikkje er hundre prosent tilrettelagd for lærarane som

potensielt ville nytta denne oppgåva til undervisningsformål. Kjeldelista mi er lagt opp for å kompensere for dette. Der eg har skild tydeleg ut og refererer til rettskilder og Stavanger Aftenblad sitt digitalarkiv.

## Litteratur

- Andenæs, Johs. (1998), *Det vanskelige oppgjøret. Rettsoppgjøret etter okkupasjonen, 3 opplag.* (Otta: Tano Aschehoug)
- Arnli, Jan Arild, (1976), *Det norske politi i tida 1938 til våren 1941, med spesielt siktepunkt å belyse etatens oppslutning om nasjonal samling høsten og vinteren 1940.* Hovedfagsoppgave ved UiO (Oslo: J. A. Arnli)
- Brandal, Nikolai (2004) En rettstat verdig. Oppgjøret i stortinget 1945-50 I Dahl, H.F. & Sørensen, Ø. (red.). Er rettferdig oppgjør? Rettsoppgjøret i Norge Etter 1945. (Oslo: Pax), s. 30-51.
- Bøe, J. Bjarne, (2002), *Bildene av fortiden Historiedidaktikk og historiebevissthet.* (Kristiansand: Høyskoleforlaget)
- Bøe, J. Bjarne (2006), *Å lese fortiden Historiebruk og historiedidaktikk.* (Kristiansand: Høyskoleforlaget)
- Bøe, J. Bjarne og Knutsen, Ketil, (2012), *Innføring i historiebruk.* (Kristiansand: Cappelen Damm Høyskoleforlaget)
- Carr, David (1986), *Time narrative and history* (Bloomington: Indiana University press)
- Dahl, H.F. & Sørensen, Ø. (red.) (2004). Er rettferdig oppgjør? Rettsoppgjøret i Norge Etter 1945. (Oslo: Pax)
- Eriksen, Anne (1999), *Historie minne myte.* (Oslo: Pax)
- Eriksen, Anne (1995), *Det var noe annet under krigen. 2. Verdenskrig i norsk kollektivtradisjon.* (Oslo: Pax)
- Figuerido, Ivo de (2004b) ”Et rettferdig oppgjør Etterkrigsoppgjøret som rettslig og historisk problem. I Dahl, H.F. & Sørensen, Ø. (red.). Er rettferdig oppgjør? Rettsoppgjøret i Norge Etter 1945. (Oslo: Pax), s. 71-75.
- Gaasland, Rolf (1999), *Fortellerens hemmeligheter. Innføring i litterær analyse.* (Oslo: Universitetsforlaget)
- Gripsrud, Jostein (2011), *Mediekultur, mediesamfunn.* 4. Utgave. (Oslo: Universitetsforlaget)
- Hagen, Ingerid (2009), *Oppgjørets time – om landssvikoppgjørets skyggesider.* (Oslo: Spartacus)
- Hiim, Hilde og Hippe, Else (2012), *Undervisningsplanlegging for yrkesfaglærere, 3. utgåve, 4. opplag 2012* (Oslo: Gyldendal)
- Imsen, Gunn (2011), *Lærerens verden. Innføring i generell didaktikk, 4. Utgåve, 3. Opplag* (Oslo: Universitetsforlaget)

Jamissen, G. & Dahlsveen, H. (2012). Fortellingen – fra Hollywood til Homer I Ohlmann, Carsten (red.), *Digitalt fortalte historier*. (Oslo: Cappelen)

Nielsen, O. (2011), Mennesker i historie, historie i mennesker. Hvorfor og hvordan undervise i kontroversielle emner knyttet til Norge og den andre verdenskrigen? I Lenz, C. & Risto Nilssen, T. *Fortiden i Nåtiden. Nye veier i formidlingen av andre verdenskrigs historie*. (Oslo: Universitetsforlaget)

Jensen, Bernard Eric. (2003), *Historie – livsverden og fag* (København: Gyldendal)

Jor, Finn (1980). *Politi i Norge, norsk politiforbunds 75års jubileumsskrift*. (Oslo: Norsk Politiforbund)

Johnsen, Bodil Wold (1972), *Nasjonal samling i Stavanger 1933-37*. Hovedoppgave i historie UiB, våren 1972 (Bergen: Forfatteren)

Johnsen, Bodil Wold (1981a. 25. mars). En stemme til NS – Hitler-sympati?. *Stavanger Aftenblad*.

Johnsen, Bodil Wold (1981b. 26. mars). Partidannelsen bak Olavskrosset. *Stavanger Aftenblad*

Justis- og politidepartementet (1962) *Om landssvikoppgjøret. Innstilling fra et utvalg nedsatt for å skaffe tilveie materiale til en innberetning fra Justisdepartementet til Stortinget* (Gjøvik: Mariendals Boktrykker)

Karlsson, Klas-Göran (1999). *Historia som vapen. Historiebruk och sovjetunionens oppløsning 1985-1995*. (Stockholm: Natur och Kultur)

Lenz, C. & Risto Nilssen, T. (2011), *Fortiden i Nåtiden. Nye veier i formidlingen av andre verdenskrigs historie*. (Oslo: Universitetsforlaget)

Nøkleby, Berit (2003). *Gestapo* (Oslo: Aschehoug)

Ohlmann, Carsten (red.) (2012). *Digitalt fortalte historier*. (Oslo: Cappelen)

Ringdal, Nils Johan (1987). *Mellom barken og veden, politiet under okkupasjonen*. (Oslo: Aschehoug)

Riska, Ivar Leidulv (red.) (1984). *Stavanger politilag 75år 1909-1984* (Stavanger: A. S Verbum)

Sandmo, Erling (2006). *Siste ord - Norsk Høyesterett i norsk historie 1905-1965*. (Oslo: Cappelen)

Schanche, Gerd (1979). *Stritt Folk – Det illegale Sandnes 1940-1945* (Stavanger: Dreyer bok)

St.meld nr. 17 (1962-63) Justis- og politidepartementet (1962), *Om landssvikoppgjøret. Innstilling fra et utvalg nedsatt for å skaffe tilveie materiale til en innberetning fra Justisdepartementet til Stortinget*.

Stortinget (1946) *Innstilling fra Undersøkelseskommissjonen av 1945* (Oslo:Aschehoug)

Ugelvik, Stein Larsen (1980), *The Social Foundations og Norwegian Fascism 1933-1945 An Analysis og Membership data* i ”Who were the fascists. Social roots of European Fascism”. Red. Ugelvik Larsen m. fl, (Oslo: Universitetsforlaget)

Vaale, Lars Erik (2004). *Dommen til døden. Dødsstraffen i Norge 1945-50*. (Oslo: Pax)

White, Hayden (1973). *Metahistory: The historical imagination in nineteenth-century europe* (Baltimore: The Johns Hopkins University press)

White, Hayden (2003) *Historie og fortelling: utvalgte essay*. Oversatt av Kari og Kjell Risvik (Oslo: Pax)

### **Internettressurser:**

De Figueiredo, Ivo. (2004a). *Kampen om nasjonen. Tilgjengeleg frå* <http://www.ivodefigueiredo.no/> [Funne: 15.05.2014]

Utdanningsdirektoratet (2014) Læreplan i historie – fellesfag i studieforberedende utdanningsprogram [internett]. Tilgjengelig frå: <http://www.udir.no/k106/HIS1-02/Hele/> [funne 15.05.2014]

St.meld. nr 30 (2003-3004). *Kultur for læring* [internett]. Tilgjengelig fra: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/regpubl/stmeld/20032004/stmeld-nr-030-2003-2004-4/1.html?id=404456> [Funne: 14.05.2014]

### **Studiemateriale primærkjelder.**

#### Aviser:

[Alle kjeldene er tilgjengelege på nett: [www.aftenbladet.no](http://www.aftenbladet.no)]

(ukjent forfattar), (1945, 6. juni). Nr 8. År 53. Mange kjente n.s.-størrelser for retten. *Stavanger Aftenblad*.

(ukjent forfattar), (1945, 18. September). Nr 91 År 53. Flere landssvikere for retten neste uke. *Stavanger aftenblad*.

(ukjent forfattar), (1945 25. Oktober). Nr. 122 År 53. Statspolitistjef Skår Pedersen for lagmannsretten. *Stavanger aftenblad*.

(ukjent forfattar), (SA 1945, 27. Oktober). Nr. 124 År. 53. Påstand om dødsstraff for Skår Pedersen. *Stavanger aftenblad*.

(ukjent forfattar), (SA 1945, 30. Oktober). Nr 126. År 53. Skaar Pedersen dømmes i ettermiddag. *Stavanger aftenblad*.

(ukjent forfatter), (SA 1946, 02. Mars). Nr 52. År 54. Dødsdommen over Skår Pedersen stadfestet. *Stavanger aftenblad*.

(ukjent forfatter), (SA 1946, 1. April). Nr. 77. 54. Skaar Pedersen henrettet. *Stavanger aftenblad*.

## **Rettskilder.**

Av Gulatings lagmannsretts som 30. oktober 1945 I *Riksadvokatens meddelelsesblad* (1946. April). 2. årgang nr 16. s. 13-17. [Er lagt til som vedlegg]

Høyesteretts dom av 1. Mars 1946 i straffesak mot Hans Jakob Skaar Pedersen I *Riksadvokatens meddelelsesblad* (1946. April). 2. årgang nr 16. s. 13-17.

## **Annet**

-- (1907) *Laws and Customs on War on Land* i "Haagkonvensjonen IV" av 1907. [Internett]: [http://avalon.law.yale.edu/20th\\_century/hague04.asp](http://avalon.law.yale.edu/20th_century/hague04.asp) [Funne: 14.05.2014.]

## **Studiemateriale sekundærkilder.**

Ueland, Erling (1976). *En dødsdom*. (Stavanger: forfattere)

Omdal, Sven Egil (2003, 12. desember). Historie: Hans Jacob Skaar Pedersen. *Stavanger Aftenblad Pluss*, s. 19-23.

Jaklin, Asbjørn (2011). *De dødsdømte* (Oslo: Gyldendal)

Veum, Eirik (2012). *Nådeløse Nordmenn Statspolitiet 1941-1945. 2. opplag* (Oslo: Kagge)